

ØF-Rapport nr. 08/2002

Orienteringsløp i ulendt terreng -

Ein studie av kvinner og menn i distrikta

av

**Ingrid Guldvik, Gro Marit Grimsrud og
Kari Vangsgraven Stubberud**

Østlandsforskning

er et forskningsinstitutt som ble etablert i 1984 med Oppland, Hedmark og Buskerud fylkeskommuner samt Kommunaldepartementet som stiftere, og har i dag 25 ansatte.

Østlandsforskning er lokalisert i høgskole-miljøet på Lillehammer. Instituttet driver anvendt, tverrfaglig og problemorientert forskning og utvikling.

Østlandsforskning er orientert mot en bred og sammensatt gruppe brukere. Den faglige virksomheten er konsentrert om to områder:

Regional- og næringsforskning
Offentlig forvaltning og tjenesteyting

Østlandsforsknings viktigste oppdragsgivere er departement, fylkeskommuner, kommuner, statlige etater, råd og utvalg, Norges forskningsråd, næringslivet og bransjeorganisasjoner.

Østlandsforskning har samarbeidsavtaler med Høgskolen i Lillehammer, Høgskolen i Hedmark og Norsk institutt for naturforskning. Denne kunnskaps-ressursen utnyttes til beste for alle parter.

ØF-Rapport nr. 08/2002

Orienteringsløp i ulendt terreng -

Ein studie av kvinner og menn i distrikta

av

**Ingrid Guldvik, Gro Marit Grimsrud og
Kari Vangsgraven Stubberud**



Tittel: Orienteringsløp i ulendt terreng –
Ein studie av kvinner og menn i distrikta

Forfattere: Ingrid Guldvik, Gro Marit Grimsrud og Kari Vangsgraven Stubberud

ØF-rapport nr.: 08/2002

ISBN nr.: 82-7356-494-0

ISSN nr.: 0809-1617

Prosjektnummer: K074

Prosjektnavn: Kvinner og menn i distrikta – liv og virke

Oppdragsgiver: Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga

Prosjektleder: Gro Marit Grimsrud og Ingrid Guldvik

Referat: Det overordna spørsmålet som ligg til grunn for denne rapporten er *kva forhold som fremmar og hemmar levedyktige lokalsamfunn*. Rapporten består av to delar: Del I er ei litteraturstudie og del II ei intervjuundersøking blant 28 kvinner og menn i dei tre fylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. For å avgrense prosjektet har vi retta søkelyset mot nærings- og arbeidsliv; demografi, flytting og bustadpreferansar; deltaking og påverknad i lokalsamfunnet. Kjønn og livsløp er gjennomgåande perspektiv i studia.

Sammendrag: Norsk

Emneord: Distrikt, kjønn, livsløp, flytting, busetting

Key words:

Dato: April 2002

Antall sider: 130

Pris: Kr 150,-

Utgiver: Østlandsforskning
Postboks 1066 Skurva
N-2601 Lillehammer
Telefon 61 26 57 00
Telefax 61 25 41 65
e-mail: [oef@ostforsk.no](mailto: oef@ostforsk.no)
<http://www.ostforsk.no>

Forord

Det overordna spørsmålet som ligg til grunn for denne rapporten er *kva forhold som fremmar og hemmar levedyktige lokalsamfunn*. I søkinga vår etter kunnskap om temaet har vi gjennomført ei litteraturstudie (del I) og ei intervjuundersøking (del II). I tillegg har vi nytta kvantitativt materiale/statistikk for å skildre den demografiske situasjonen i dei tre fylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. For å avgrense prosjektet har vi retta søkelyset mot nærings- og arbeidsliv; demografi, flytting og bustadpreferansar; deltaking og påverknad i lokalsamfunnet. Kjønn og livsløp er gjennomgåande perspektiv i studia.

Prosjektet er finansiert av fylkeskommunane i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, fylkesmannen og SND i dei respektive fylka, samt Kommunal- og regionaldepartementet, Landbruksdepartementet og Fiskerinæringens Kompetansesenter. Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga, har hatt ansvar for leing og prosjektkoordinering.

Styringsgruppa var samansett på følgjande måte ved avslutninga av prosjektet:

Leiar Åse Vaag, Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga

Koordinator Trine Hellan, Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga

May Britt Otterlei, SND Hordaland

Anne Hunderi, Hordaland fylkeskommune

Hanne Mari Førland, Kommunal- og regionaldepartementet

Ved ØF var Gro Marit Grimsrud prosjektleiar til ho gjekk ut i svangerskapspermisjon i slutten av januar. Da tok Ingrid Guldvik over prosjektleiaransvaret. Astrid Eide Stavseng har vore engasjert som forskingsassistent og har gjennomført intervju i tre kommunar. Rapporten er utarbeidd i samarbeid mellom Gro Marit Grimsrud, Kari Vangsgraven Stubberud og Ingrid Guldvik. Styringsgruppa har kome med konstruktive kommentarar til tidlegare utkast av rapporten. Det ferdige produktet står forfattarane ansvarlege for.

Østlandsforskning takker for oppdraget og for fagleg samarbeid i oppdragsperioden. Vi takker også dei 28 kvinner og menn som tok seg tid til å fortelje om liv og virke i distrikta!

Lillehammer, april 2002

Kristian Lein
Forskingsleiar

Ingrid Guldvik
Prosjektleiar

Samandrag	3
1 Innleiing	7
1.1 Bakgrunn	7
1.2 Problemstilling og avgrensing	8
1.3 Organisering av rapporten	10
Del I Litteraturstudie	11
2 Perspektiv på distrikt, kjønn, livsløp og flytting	11
2.1 Det særeigne ved distrikta	11
2.2 Ulike forståingar av kjønn	12
2.2.1 Tre ulike perspektiv på kjønn	12
2.2.2 Distriktskvinner – eit frodig mangfald	16
2.2.3 Maskulin bygdekultur?	17
2.3 Livsløp som forskingsperspektiv	20
2.3.1 Endringar i livsløp	21
2.3.2 Forsking om ungdom i distrikta	22
2.3.3 Dei etablerte, dei middelaldrande, dei unge og gamle eldre	23
2.4 Flytting - ein naturleg del av livet	26
3 Kvinneunderskott og kvinneflukt	29
3.1 Forgubbing, kvinneflukt og kvinneunderskott	29
3.2 Kvinneunderskottet i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal	31
3.4 Kvinneflukta i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal	35
3.5 Kvinner og menn i distrikta – ei samansett gruppe	39
4 Utdanningsekspløsjonen og arbeidsmarknaden	41
4.1 Fører auka utdanning til auka fråflytting?	41
4.2 Utdanningstype og busetting	42
4.3 Nokre fakta om den norske arbeidsmarknaden	44
4.4 Distriktsarbeidsmarknaden sin funksjonsmåte - moglegheiter og barrierar	46
5 Forsking om spesifikke grupper	51
5.1 Kvinnelege bedriftsleiarar i distrikta	51
5.2 Regionale variasjonar i føretaksleiing	52
5.3 Kjønn og toppleiing i private bedrifter	53
5.4 Vanskeleg å vere kvinneleg leiar/næringsdrivande i distrikta?	54
5.5 Kvinner i landbruket	57
5.6 Kvinner i fiskerinæringa	59
5.7 Ungdom - morgondagen sine etablerarar?	62
5.8 Menn i utradisjonelle yrke	63
6 Kvinner si deltaking og påverknad i lokale organisasjonar	65
6.1 Svekka kvinnemakt i frivillige organisasjonar?	65
6.2 Auka kvinnemakt i politikken?	67
6.2.1 Prosentvis del kvinner i politiske organ	67
6.2.2 Rekruttering til politikken	69
6.2.3 Likestillingspolitikk møter motstand lokalt	71

DEL II Metode, empiri og drøfting	73
7 Metode.....	73
7.1 Gruppeintervju som metode	73
7.2 Utval av kommunar og deltakarar	74
7.3 Kort presentasjon av kommunane	75
7.4 Presentasjon av deltakarane i gruppeintervjua	77
7.4.1 Samansetjinga av gruppene	78
7.5 Gjennomføring av gruppeintervjua	79
7.6 Handsaming av data	80
8 Kva fremmar og hemmar levedyktige lokalsamfunn?	83
8.1 Bygda som bustad	83
8.2 Arbeidsliv	89
8.3 Primærnæringar	91
8.4 Kvardagsliv	94
8.5 Jantelova/”Bygdedyret”	96
8.6 Makt og påverknad	98
8.7 Framtida	100
8.8 Drøfting	104
8.9 Vegen vidare	110
Referansar.....	115

Samandrag¹

Bakgrunn

Prosjektet er tematisk breitt, og det må det nødvendigvis vere når ein søker kunnskap om ”kvinner og menn i distrikta – liv og virke”. Prosjektet skal på den eine sida vere heilskapleg, tverrsektorielt og omfatte ”alle”, eller den ”vanlege” kvinne og mann, som bur i distrikta i dei tre vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. På den andre sida er det uttrykt ønskje om spesifikk kunnskap om somme grupper av kvinner: Kvinnelege leiarar, kvinner i primærnæringane og kvinner i utradisjonelle yrke. Dette er dei gruppene som forvaltninga tradisjonelt har vore opptekne av å nå gjennom dei kvinneretta verkemidla sine.

Problemstilling

Overordna problemstilling er: *Kva forhold fremmar og hemmar levedyktige lokalsamfunn?* På bakgrunn av denne vide problemstillinga har vi avgrensa kunnskapsoversikten til å omfatte nokre sentrale tema. Eit tema som peikar seg ut som spesielt relevant er *nærings- og arbeidsliv* fordi det overordna målet med prosjektet er å betre innretninga og effekten av dei verkemidla som landsbruksavdelinga til Fylkesmannen, fylkeskommunane, SND, Fiskeridepartementet, Landsbruksdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet rår over, og dei er som kjent i hovudsak knytte til nærings- og arbeidsliv (ulike former for økonomisk verdiskaping). Forhold som gjeld utdanning er sterkt knytt til dette. Det andre temaet som peikte seg ut var *demografi, flytting og bustadpreferansar*, fordi dette er eit tema som er direkte knytt opp mot det distriktpolitiske målet om å ta vare på hovudtrekka i busettingsmønsteret. Eit tredje tema er kvinner sine moglegheiter for *deltaking og påverknad* i politikk og frivillig arbeid. Rammevilkåra for kvardagslivet vert til ein viss grad forma gjennom avgjerder på lokalt nivå. Det er viktig for kvinner, på same måte som for menn, å ha moglegheiter til å øve påverknad på forhold som gjeld dagleglivet.

Perspektiv på distrikt, kjønn, livsløp og flytting

Det er minst to forskjellige måtar å oppfatte distriktsutvikling på. Den eine der det er om å gjere å utvikle distrikta til å bli mest mogleg lik byane, og den andre der distrikta har ein verdi som noko anna enn byane. Utgangspunktet som ligg bak prosjektet er at bygda er noko anna enn byen, og at distrikta er annleis enn byane.

Feministisk teori legg ulike tydingar i kjønn og relasjonar mellom kjønn. Forståingar av kjønn refererer til korleis aktørane oppfattar omgrep som ”kvinne” og ”mann”, relasjonane mellom kvinner og menn og forholdet mellom det feminine og det maskuline. Ut frå ulike debattar om kjønn kan ein trekke fram (minst) tre ulike, analytiske perspektiv:

¹ Samandraget omfattar bakgrunn, problemstilling, teoretiske perspektiv, funn frå den empiriske studien og anbefalingar, men ikkje litteraturstudien meir generelt.

Likestillingsperspektivet legg til grunn at kvinner og menn er like som menneske. Skilnader mellom kjønn blir sett på som et resultat av diskriminering. Etter kvart som kvinner får like rettar og moglegheiter som menn, vil ein oppnå resultatlikskap. Eit anna perspektiv på kjønn er *kvinneperspektivet* som tek avstand frå førestellinga om kvinner og menn som like. Denne retninga vil framheve at kvinner har andre verdiar, haldningar og tenkemåtar enn menn. Eit tredje perspektiv, *kjønnsperspektivet*, opnar for at kvinner er ei heterogen gruppe. Kvinner og menn er verken like eller ulike, dei er både like og ulike. Kva meining kjønn har vil variere frå den eine samanhengen til den andre.

Vi beskriv tre idealtypar av distriktskvinner på grunnlag av synet på utdanning, karriere, fritid og familie: *Moderna* legg størst vekt på karriere og gode fritidstilbod, *Konserva* sett familie og mann/sambuar sine behov i høgsetet og *Alternativa* leiter etter alternative livsprosjekt.

Livsløpsperspektivet representerer ein grunnleggande måte å forstå samfunnsutviklinga på. Hovudideen er at samfunnet endrar seg i takt med at nye generasjonar veks opp og pregar samtida si på ein litt annan måte enn sine forgjengarar. Fokus på livsløp inneber at ein tek omsyn til at ei befolkning består av folk som er i ulike stadium i livsløpa sine, dvs. at dei er i ulike *livsfasar*, og derfor har ulike behov. *Flytting* er ”normalt”, det er noko dei fleste menneske gjer minst ein gong i løpet av livet. Flytting er altså ein heilt vanlig del av livsløpa til folk, og kan tolkast som ein måte å skape meining med livet sitt på. Det vil alltid vere mange forhold som påverkar avgjerder og faktiske flyttehandlingar samtidig.

Funn frå den empiriske studien

Den empiriske studien bygger på gruppeintervju med 28 kvinner og menn fordelt på 6 kommunar. Vår definisjon av bygda som forskjellig frå byen finn gjenklang hos informantane. Dei kontrasterer bygda mot byen og svært ofte kjem bygda best ut: Det er god tilgang til servicefunksjonar, lite kø, lett å komme seg ut i naturen og det er trygt å bu på bygda. Tilfella har spela ei viktig rolle for val av bustad, spesielt for kvinnene blant informantane. Ikkje sjeldan er det arbeidsplassen eller oppvekstkommunen til ektemann/sambuar som har blitt familien sin heimstad. For kvinner som er etablert med familie, er det den totale situasjonen, dvs. forholda for heile familien sett under eitt, som er viktig i slike vurderingar. Fleirtalet av dei mannlege informantane har flytta til staden bl.a. på grunn av arbeid. Mange av dei har vakse opp i den kommunen dei bur i, og dei har flytta tilbake på grunn av jobb eller odelsgard. Val av bustad og avgjerder om å flytte er med andre ord ei samansett vurdering.

Svært mange av informantane er småbarnsforeldre, og dei gir uttrykk for at omsynet til ungane i stor grad er bestemmende for kvar dei vel å busette seg. Informantane legg vekt på tryggleiken dei føler ved at barna kan vekse opp på bygda. Tryggleiken omfattar nettverk og familie, små skuleklassar, mange fritidsaktivitetar, omsorg for kvarandre og at foreldra veit kven ungane er saman med. Det er ”fritt og godt” å vekse opp på landet, meiner informantane.

Vi tolkar det slik at det også her ligg ei kontrastering til livet i byen. Om ikkje byen er utrygg, så er han mindre trygg enn bygda.

Kvinnene si sterke vektlegging av tilpassing til familien og jobben til mannen tyder på at Konserva-verdiar står sterkt. Karriere og fritidstilbod kjem meir i bakgrunnen for kvinnene sitt val av bustad, sjølv om vi også finn Moderna- og Alterna-verdiar. Dei unge fedrane vi intervjuar seier også at oppvekstvilkåra for barna er ein viktig grunn til å busette seg i distrikta. Det er likevel ikkje naturleg å karakterisere familieorienterte menn som konservative. Dei er meir moderne distriktsmenn.

Med tanke på arbeidsliv og næringsutvikling er ein avhengig av ei offensiv og aktiv utnytting av dei moglegheitene som finst. I den samanheng er det (minst) to faktorar som verkar saman: Individuelle initiativ og offentlig tilrettelegging. Informantar i alle kommunane etterlyser meir engasjement og ”guts” i samanheng med nytenking, nyskaping og nyetableringar. For å lykkast med etableringar må initiativ til utviklingsarbeid komme frå lokalbefolkninga sjølv. Det blir da avgjerande for etablering av nye verksemdar om det finst ein kultur for nyskaping. Det er ei felles oppfatning blant informantane at kommunane kunne gjort meir for å leggje til rette for å dyrke fram skaparglede og entreprenørskap. Samtidig meiner dei at innbyggjarane sjølve kan leggje ned vesentleg meir innsats for å få sving på nye etableringar, noko som etter kvart kan gjere kommunen til ein meir attraktiv bustad.

Informantane peikar på at menn oftast sit i topp-posisjonar innan næringsliv og politikk, slik det også er i dei fleste andre kommunar. Men det er usemje om det er tilbodet av kvinner, dvs. om kvinner ønskjer topp-posisjonar, eller om det er etterspørselen etter kvinner, dvs. om kvinner får tilgang til posisjonar, som er problemet. Dei fleste er tilbøyelege til å trekkje fram at dette er eit ”kvinneproblem”, dvs. at tilbodet sviktar. Likevel viser forsking at det ligg strukturelle føringar i rekruttering til posisjonar innan arbeidsliv og politikk. Dersom leiarkompetanse er nært knytt til tradisjonelle maskuline roller og eigenskapar, har det som konsekvens at kvinner blir lite attraktive som leiarar på grunn av ”manglande” kompetanse.

Det er stor semje, på tvers av livsfase, om ein del viktige bygdekvalitetar og ei relativt sterkt innsikt omkring regional identitet. Forskjellane går først og fremst på at dei veletablerte eldre, særleg mennene, snakkar om arbeidsplassar når temaet busetjing tas opp, dvs. ei smal tilnærming til distriktpolitikken. Yngre kvinner og menn, både nyetablerte og veletablerte, diskuterar i større grad heilskapen i kvardagslivet, dvs. ei brei tilnærming til distriktpolitikken. Arbeid, fritid, familieliv og offentlege tenester heng saman. Det er ingenting mindre enn *kvardagslivet* som skal fungere for at dei skal ha sitt liv og virke i distrikta. Nye generasjonar distriktsbefolkning er sjølvbevisste og dei set krav til livskvalitet, noko som stiller tilnærminga til distriktpolitiske verkemiddel overfor utfordringar på fleire frontar.

Ikkje uventa slår kjønn ut med tanke på korleis familiane innrettar seg i praksis. Sjølv om det er variasjonar mellom kvinner, tilpasser mange bustadswal og kvardagsliv til familiesituasjonen. Deltidsarbeid er ei viktig tilpassing medan ungane er små. Mennene har i større grad valt å flytte på grunn av jobb. Slik sett blir det i realiteten forskjellar på kvinne- og mannstilpassingar til kvardagslivet.

Vegen vidare

Kva hemmar og fremmar levedyktige lokalsamfunn? Den ”store” distriktspolitikken og dei tunge trendane i samfunnet trekkjer mot sentralisering. Strukturendringar innan primærnæringane og innan offentlege tenester som tele og post reduserar talet på arbeidsplassar i distrikts-Noreg. Endring i skulestruktur og andre viktige tilbod fører med seg uvisse omkring framtida. Til saman skapar desse prosessane frustrasjon og pessimisme i bygdene.

Vedlikehald og vidareutvikling av gode oppvekstvilkår og gode kvardagsliv, i eit breitt perspektiv, fremmar levedyktige samfunn i distrikta. Det er viktig å tenke gjennom alle sider som kan gjere kvardagen lettare, spesielt for småbarnsfamiliar. Dessutan er gode relasjonar bygdefolket imellom med på å skape trivsel i bygdene. Næringsutvikling krev smidige og fleksible ordningar i det kommunale byråkratiet. Ei open og inkluderande haldning blant politikarar og tilsette i kommunen kan betre tilhøvet mellom kommunen og innbyggjarane. Samtidig må ein analysa tilhøva i lokalsamfunnet med både livsfase- og kjønnsbriller på.

Generelt anbefalar vi ei *kjønnsretting* av distriktspolitikken, dvs. at ein tek utgangspunkt i kjønnsperspektiv og utviklar ei differensiert satsing med ulike typar av verkemiddel og framgangsmåtar for å treffe ulike kvinner og menn. Vi har skissert tre ”grupper” av tiltak:

Arbeidslivrelaterte tiltak

- Odelsjenter i landbruket
- Attåttnæring i landbruket
- Auka fokus på kvinner i fiskeri og oppdrettsnæring
- Synleggjering av rollemodellar for kvinner og menn i utradisjonelle næringar/yrke
- Mentorordningar for kvinner og menn i utradisjonelle yrke
- Nettverk for kvinner og menn i utradisjonelle næringar/yrke

Tiltak i offentleg regi

- Kjønnsretting av distriktspolitikken
- Synleggjering av kjønn i offentlig planlegging og rapportering
- Kompetanseheving blant dei som jobbar med kjønnsretting i distriktspolitikken
- Kontaktmøte for dei som jobbar med kjønnsretting i distriktspolitikken
- ”Opa dør” til næringskontoret
- Informasjon om distriktspolitiske verkemiddel på nettsida kommunesiden.no

Bygderelaterte tiltak

- Skulen og lokalsamfunnet som utviklingsaktør
- Deltaking som metode for bygdeutvikling
- Kunnskap om kvardagslivsperspektiv

1 Innleiing

Denne rapporten er første del i eit prosjekt som har som mål å betre forvaltningspraksis og effekten av offentlege verkemiddel som er retta inn mot kvinner og menn i distrikta i dei tre fylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Meininga med denne delen er å skaffe oversikt over noko av den kunnskapen som fins om kvinner og menn i distrikta; kven dei er, kva dei gjer og kva ønskje dei har for framtida. Andre del er tenkt å vere meir tiltaksorientert, retta mot kva strategiar, verkemiddel og organisasjonsformer som best mogleg sikrar ei god forming, målretting og organisering av arbeidet med kjønn og distriktpolitikk. I tredje delen er ambisjonane å utvikle ein modell eller ein beredskap for å møte endring og omstillingsprosessar (jf. notat frå forprosjektet til Fylkesmannens landbruksavdeling, Hordaland). Førebels er berre første delen av prosjektet finansiert. Denne rapporten skal dermed vere ei kunnskapsoversikt som skal stå på eigne bein, samtidig som den skal vere eit utgangspunkt for vidare arbeid med prosjektet.

1.1 Bakgrunn

Ideane til prosjektet kan sporast tilbake til 1996, og kom frå fylkesjordsjefane, koordinatorar for BU-ordninga² og kvinnekonsulentar. Dei såg behovet for ein heilskapleg strategi for kvinnesatsinga i landbruksforvaltninga på tvers av fylkesgrensene. Landbruket i dei tre fylka har mange fellestrekk, og utfordringane er i stor grad samanfallande. Da kvinnesatsinga skulle evaluerast og prioriterast kom det opp spørsmål om korleis ein skulle målrette og auke offentlege verkemiddel retta mot kvinner. Slik oppsto eit kunnskapsbehov om kvinner, ikkje berre i landbruket, men i distrikta generelt, og om korleis denne kunnskapen skulle kunne brukast i ein heilskapleg strategi. Fylkeskommunane, SND og dei departementa som har ansvar for politikkområda som eksplisitt har verkemiddel retta inn mot kvinner i distrikta, dvs. Kommunal- og regionaldepartementet, Landbruksdepartementet og Fiskeridepartementet ved Fiskerinæringens Kompetansesenter, vart med i utforminga og finansieringa av prosjektet.

Seinare vart det bestemt at prosjektet også skulle omfatte menn i distrikta. Ein av grunnane til det er at dei demografiske forholda som tradisjonelt legitimerer kvinnesatsinga, nemleg kvinneunderskott og kvinneflukt frå distrikta, er i endring. I dag er det mange fråflyttingskommunar som har like stor fråflytting av unge menn som av unge kvinner. Med tanke på rekruttering av folk, og særleg familiar, til distrikta er det derfor viktig å leggje til rette for at begge kjønn skal kunne trivast. Dei fleste hushald har som kjent personar av begge kjønn. Ein annan grunn er at det ikkje nødvendigvis går ei klar skiljeline mellom kvinner og menn. Forskjellar mellom befolkningsgrupper på tvers av kjønn (f.eks. mellom ulike aldersgrupper, utdannings- og yrkesgrupper, klassar, med meir), kan vere like viktige.

² BU=bygdeutvikling

Ein tredje grunn til å inkludere menn i dette prosjektet er at det har skjedd store endringar i mennene sine kvardagsliv, bl.a. gjennom næringsstrukturelle endringar, endringar i kompetansekrav og endringar i mennene sine roller i familien. Dessutan kan ein sjå fokuset mot ”distriktsmenn” i lys av at det ligg an til ei endring frå kvinne- til kjønnsperspektiv i distrikts- og regionalpolitikken, jf 2.2.1 s 16. Inntil nyleg har det likevel vore lite forskning som eksplisitt har handla om menn (som menn) i distrikta. I dette prosjektet lèt vi nokre ”distriktsmenn” komme til orde, men vårt empiriske bidrag i denne samanhengen er smålåte. Målet er først og fremst å få fram at forskinga og kunnskapen om ”liv og virke i distrikta” bør vere kjønna, - og den bør handle om begge kjønn.

1.2 Problemstilling og avgrensing

Prosjektet har utvikla seg til å bli tematisk breitt, og det må det nødvendigvis vere når ein spør om kven kvinner og menn i distrikta *er*, kva dei *gjer* og kva dei *vil*. Det er utvida frå å omfatte kvinner i landbruket til å omfatte både kvinner og menn i distrikta, uavhengig av kva næring dei tilhøyrrer. Prosjektet skal på den eine sida vere heilskapleg, tverrsektorielt og omfatte ”alle”, eller den ”vanlege” kvinne og mann, som bur i distrikta i dei tre nordlegaste vestlandsfylka. På den andre sida er det uttrykt ønskje om spesifikk kunnskap om somme grupper av kvinner: Kvinnelege leiarar, kvinner i primærnæringane og kvinner i utradisjonelle yrke. Dette er dei gruppene som forvaltninga tradisjonelt har vore opptekne av å nå gjennom dei kvinneretta verkemidla sine.

Studien handlar om kvinner og menn og relasjonar mellom kjønn. Likevel byggjer litteraturstudien i størst grad på forskning omkring kvinner. Vektlegginga av kvinner sin situasjon kjem dels av at forskning omkring kjønn gjerne har handla om kvinner. Dels kjem det av ei erkjenning om at kvinner og menn ikkje har like moglegheiter i samfunnet. På slutten av 1970-talet vart ein oppmerksam på at folk i distrikta bestod av to kjønn og at distriktspolitikken var utforma berre for det eine kjønn, - mannskjønnet (Lotherington 2001). Derfor har ein vore oppteken av å betre kvinner sine livsvilkår i distrikta. Innanfor ”flytte- og busettingsstudiar” er det først dei siste åra at fokus har vore retta mot menn.

Spørsmåla i studien er samanfatta til ei overordna problemstilling: *Kva forhold fremmar og hemmar levedyktige lokalsamfunn?* På bakgrunn av denne vide problemstillinga har vi avgrensa kunnskapsoversikten til å omfatte nokre sentrale tema. Eit tema som peikar seg ut som spesielt relevant er *nærings- og arbeidsliv* fordi det overordna målet med prosjektet er å betre innretninga og effekten av dei verkemidla som landsbruksavdelinga til Fylkesmannen, fylkeskommunane, SND, Fiskeridepartementet, Landsbruksdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet rår over, og dei er som kjent i hovudsak knytte til nærings- og arbeidsliv (ulike former for økonomisk verdiskaping). Forhold som gjeld utdanning er sterkt knytt til dette. Det andre temaet som peikte seg ut var *demografi, flytting og bustadpreferansar*, fordi dette er eit tema som er direkte knytt opp mot det distriktspolitiske

målet om å ta vare på hovudtrekka i busettingsmønsteret. Eit tredje tema er kvinner sine moglegheiter for *deltaking og påverknad* i politikk og frivillig arbeid. Rammevilkåra for kvardagslivet vert til ein viss grad forma gjennom avgjerder på lokalt nivå. Det er viktig for kvinner, på lik linje med menn, å ha moglegheiter til å øve påverknad på forhold som gjeld dagleglivet.

Innanfor kvart tema er det mange problemstillingar og forhold som har relevans for spørsmålet om kven kvinner og menn i distrikta er, kva dei gjer og kva dei vil. Mykje av framstillinga baserer seg på relevant statistikk og gjennomgang av tidlegare forskning om distrikta i Noreg og utlandet. Forhold som i det verkelege livet blir opplevd å henge saman, blir i rapporten framstilt som separate tema. Vi står dermed i fare for å lage fragmenterte bilde av kvinner og menn der dei står fram som enkle produkt av kjønn, alder, utdanning, yrke og bustad. Vårt ønskje er likevel å få fram bilete av heile kvinner og menn i reelle kyst- og bygdemiljø. Det er ei av årsakene til at vi i dette prosjektet har intervjuet kvinner og menn frå seks kommunar på Vestlandet om deira liv og virke i distrikta, og om korleis dei opplever bustadene sine. Med desse eksempela på korleis nokre ”distriktskvinner” og ”distriktsmenn” lever liva sine, ønskjer vi å vise at forhold knytte til bustad, arbeid, fritid, familieliv og identitet heng saman, og at forvaltninga derfor står overfor store utfordringar når det gjeld å lage verkemiddel som har som overordna målsetting å rekruttere ”gamle og nye” folk til distrikta.

Ei målsetting med denne første delen av prosjektet er å få fram variasjon, mangfald og endring i kjønnsstrukturane i distrikta. Dette har vore vanskeleg. I dette prosjektet har vi, i likskap med alle andre forskingsprosjekt, vore nøydd til å gjere nokre avgrensingar, ikkje berre tematisk som nemnd ovanfor, men også i forhold til kven vi har intervjuet. Vi har i samarbeid med styringsgruppa valt ut kvinner og menn i to livsfasar: ”Etableringsfasen” og ”den etablerte fasen”.

I forvaltninga er det stor semje om at folk i etableringsfasen er ei strategisk viktig gruppe for distriktskommunar; dei har komme over det vi kan kalle ”søkjefasen” som er prega av førebuing, prøving og feiling i forhold til framtidig yrke, bustad, partner osv, og er klare for å stifte familie og setje bu på meir permanent basis. Mange distriktskommunar meiner dessutan å ha stadkvalitetar som appellerer nett til ein del folk i denne fasen, nemleg billige hus og tomter, barnehageplassar, små skular og trygge vilkår for oppvekst. På den andre sida er dei fleste verkemiddel forvaltninga rår over innretta mot dei som allereie bur i distrikta, dvs. ”dei etablerte”, og evalueringar har vist at dei først og fremst treff kvinner og menn som ein trur ville blitt buande i distrikta i alle tilfelle. Forvaltninga ønskjer derfor auka kunnskap om folk i begge desse livsfasane med tanke på framtidig forming av verkemidla.

1.3 Organisering av rapporten

Rapporten består av to delar. For det første har vi gjennomført ei litteraturstudie, del I, som skal medverke til kunnskapsbyggjing kring sentrale problemstillingar med tanke på utfordringar i distriktpolitikken. Vi drøftar ulike tilnærmingar til omgrepa distrikt, kjønn, livsløp og flytting. Utvalet av litteratur tek utgangspunkt i tidlegare forskning om nærings-/arbeidsliv, demografi, flytting, bustadpreferansar og deltaking, hovudsakleg i eit distriktperspektiv. I tillegg presenterar vi data frå Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal innanfor relevante område.

I del II har vi gjennomført ei intervjuundersøking blant eit utval informantar i dei seks kommunane Fitjar, Voss, Flora, Lærdal, Haram og Sunndal. Kunnskapen frå intervjuar skal gje nokre bilde av korleis eit utval innbyggjarar opplever kvardagslivet sitt. Vi greier ut metodisk tilnærming i intervjugranskninga under del II.

Del I, som omhandlar litteraturstudien, har følgjande innhald: Kapittel 2 har preg av å vere eit teorikapittel der vi beskriv tilnærmingane til sentrale omgrep i studien: Kva meinast med distrikt; korleis forstår vi kjønn, relasjonar mellom kjønn og omgrepet distriktskvinner; kva ligg i livsløpsperspektiv; og kva kjenneteiknar flytting og flyttarar?

Kapittel 3 gir ein gjennomgang av kvinner (og menn) sine flyttemønster og oversikt over flytting i dei tre vestlandsfylka. I kapittel 4 beskriv vi kva utdanningsnivået blant unge betyr for busetting i distrikta og kva rolle arbeidsmarknad og næringsstruktur spelar. Kapittel 5 gir eit oversikt over forskning om ulike grupper som kvinnelege bedriftsleiarar, kvinner i primærnæringane, unge etablerarar og menn i utradisjonelle yrke. I kapittel 6 går vi inn på kvinner si deltaking i lokale organisasjonar (frivillige og politiske) og vi gir ei oversikt over kvinnerepresentasjonen i politikken i dei tre fylka.

Del II er den empiriske delen av studien. I kapittel 7 gjer vi greie for metoden som er nytta for å innhente kunnskap om kvinner og menn sine "liv og virke" i seks utvalte kommunar. Kapittel 8 startar med ein presentasjon av deltakarane og kommunane. Vidare presenterer vi informantane sine syn på bygda som bustad, arbeidsliv, primærnæringar, kvardagsliv, jantelov/bygdedyr, makt/påverknad og framtida. Til slutt kjem ei drøfting av dei viktigaste funna i studien og anbefalingar om vegen vidare.

Del I Litteraturstudie

2 Perspektiv på distrikt, kjønn, livsløp og flytting

I dette kapitlet gjer vi greie for sentrale omgrep og ulike perspektiv på distrikt, kjønn, livsløp og flytting. Vi konkretiserar kva tilnærmingar vi nyttar i rapporten. Tilnærmingane byggjer på tidlegare forskning og teoriutvikling på feltet.

2.1 Det særeigne ved distrikta

Det er minst to forskjellige måtar å oppfatte distriktsutvikling på. Den eine der det er om å gjere å utvikle distrikta til å bli mest mogleg lik byane, og den andre der distrikta har ein verdi som noko anna enn byane. Mariann Villa (2000) seier om bygda at ho er noko anna enn byen, og at distrikta er annleis enn byane. Eit slikt utgangspunkt ligg bak dette prosjektet, så vel som bak ein heil forskings- og forvaltningstradisjon. Samtidig består bygdene av menneske som etter alt å dømme har dei same eigenskapane som menneska i byane.

Målt med statistiske variablar kan bygdene og distrikta vere noko heilt anna enn byane, men det kjem blant anna an på kva geografiske måleeiningar vi bruker. Ofte viser det seg at graden av sentralitet, dvs. kor langt staden ligg frå store og mellomstore byar, har mykje å seie for kor forskjellig bygda er frå byane. Ulike typar bygder har meir eller mindre til felles med byar og tettbygde strøk. Når vi snakkar om distrikta er det altså mange ulike typar stader vi snakkar om, og framstillinga medverkar til å forenkle og kamuflere.

I litteraturen finn vi ulike uttrykk for distriktssamfunn, f.eks.: bygda, landsbygda, landet, kystsamfunn, fiskevær, rurale strøk, perifere område og utkantsamfunn. Samtidig som vi kjem til å bruke dei ulike uttrykka, bruker vi i denne rapporten samleuttrykket "distrikta", ei nemning som synes å omfatte alle typar stader som ligger utanfor bykjernane. Etter SSB sin definisjon er det berre to skikkelege byar, dvs. store, samanhengande tettstader med karakter av by (meir enn 20.000 innbyggjarar) i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, nemleg Bergen sentrum og Ålesund/Spjelkavik. Denne rapporten handlar altså om dei kvinner og menn som bur utanfor desse to bysentra. Rapporten skal dermed i utgangspunktet handle om alle andre typar stader i dei tre fylka og alle dei menneska som bur der.

Korleis skal vi kunne seie noko om kvinner og menn i distrikta? I denne rapporten framstiller vi distrikta med nokre utvalde statistiske variablar, men vi legg hovudvekta på å få fram det som "kvalitativt" kjenneteiknar liv og virke i distrikta, slik det kjem fram gjennom kvalitative forskingsbidrag. I tillegg kjem funna frå vår eiga intervjugransking som og fortel korleis folk i distrikta opplever heimstadene og kvardagsliva sine.

2.2 Ulike forståingar av kjønn

Feministisk teori legg ulike tydingar i kjønn og relasjonar mellom kjønn. Forståingar av kjønn refererer til korleis aktørane oppfattar omgrep som ”kvinne” og ”mann”, relasjonane mellom kvinner og menn og forholdet mellom det feminine og det maskuline. Det er mange moglege innfallsvinklar til forståingar av kjønn. Omgrepsparet likskap og forskjell er det dominerande tema i moderne vestleg debatt om kvinner si stilling. Frå slutten av 1980-talet har mange feministar søkt å overskride dikotomien likskap og forskjell.

I følge Scott (1988) ligg det ingen motsetnad i å krevje likskap i moglegheiter, dvs. likebehandling, og samtidig hevde kvinner sine forskjellar i forhold til menn. Det er ingen motsetnad fordi likskap og forskjell ikkje er motsetnadspar. Lyskap og forskjell retter seg mot ulike nivå og seier ikkje noko om det same³. Lyskap sikter mot å beskrive kvinner sine posisjonar, dvs. rettar og moglegheiter, medan forskjell tar sikte på å beskrive kvinners eigenskapar og funksjonar. Kravet om likskap opptrer derfor saman med førestillingar om forskjell mellom kjønn, i følge Scott.

Den faglege internasjonale debatten om temaet går under nemninga ”equality versus difference”-debatten. Den går føre seg i kvinneforskarmiljø over eit breitt spekter av fagområde. Ut frå debatten kan vi trekke fram (minst) tre ulike, analytiske perspektiv på kjønn.

2.2.1 Tre ulike perspektiv på kjønn

Likestillingsperspektivet legg til grunn at kvinner og menn er like som menneske. Skilnader mellom kjønn blir sett på som et resultat av diskriminering. Etter kvart som kvinner får like rettar og moglegheiter som menn, vil ein oppnå resultatlikskap. Det politiske prosjektet er å synleggjere forskjellar mellom kvinner og menn og setje inn verkemiddel for å rett opp forskjellane. Dette synet på kjønn har prega den kvinneretta distriktspolitikken (Pettersen og Alsos 1998).

Hovudprinsippet er at kvinner er like gode som menn når dei får dei same moglegheitene. Kvinner og menn bør derfor handsamast likt, dvs. kjønnsnøytralt. Etter dette perspektivet bør verkemidla i prinsippet vere like overfor kvinner og menn. Men ein innser at diskriminering kan skje f.eks. ved at kvinner blir vurdert annleis enn menn, og dermed hjelper det ikkje at kriteria for å få støtte er kjønnsnøytrale. Innanfor denne retninga er det derfor ”lov” å prioritere eller kvotere kvinner, f.eks. øyremerking av ressursar til kvinnetiltak (Lotherington 2001).

Andre typar verkemiddel innanfor dette perspektivet er tiltak som medverkar til at kvinner blir like gode som menn. Det kan vere tiltak for at kvinner skal bli like gode bedriftsleiarar eller

³ Scott (1988) meiner at equality og difference inngår i kvar sine omgrepspar. Lyskap motsvares av ulyskap (equality vs. unequality), mens forskjell motsvares av einsart (difference vs. sameness).

etablerarar som menn. Tankegangen er at det ligg føre ein ”mangel” hos kvinna som kan rettast opp ved hjelp av distriktspolitiske verkemiddel. Eit slikt perspektiv opnar dermed først og fremst for individretta tiltak.

Problemet med ein politikk med utgangspunkt i det såkalla kjønnsnøytrale perspektivet, er at det blir ein politikk på menns premisser, fordi mannen og det maskuline er norma. Det er kvinna som skal tilpasse seg og bli lik mannen. Kritikarane hevder at dersom denne likskaps-/kjønnsnøytrale visjonen får rå, blir vi ikkje kvitt androsentrismen⁴ sjølv om vi skulle komme dit at det for eksempel er like mange kvinnelege som mannlege leiarar.

Forsking innanfor dette perspektivet bruker kjønn som variabel, dvs. at forskinga er oppteken av å synleggjere forskjellar mellom kvinner og menn som grupper, og også mellom ulike grupper av kvinner og menn. Kvantitative analysar som viser at kvinner får færre etablerarstipend og mindre støtte- eller lånebeløp enn menn, og analysar som viser forskjellar i kvinner og menn sine flyttemønster og deltaking i politikken er eksempel på slik forsking. Mykje av den forsking og utgreiing som handlar om kvinner og menn er gjort innanfor denne empiristiske tradisjonen. Formålet med denne typen analyser er å synleggjere kjønnsforskjellar og ulikskap i resultat. Eit anna viktig poeng er å danne legitimeringsgrunnlag for iverksetting av tiltak og verkemiddel for å rette opp forskjellar, og dessutan gje eit grunnlag for å evaluere resultata av desse. Vidare kan slike analysar danne grunnlag for å stille nye spørsmål som kan granskast gjennom forsking både innanfor og utanfor ramma av empirisk forsking.

Eit anna perspektiv på kjønn er *kvinneperspektivet* som tek avstand frå førestellinga om kvinner og menn som like. Denne retninga vil framheve at kvinner har andre verdiar, haldningar og tenkemåtar enn menn. Problemet er at samfunnet har ein tendens til å gi menn sine verdiar og aktivitetar høg status, medan kvinner sine verdiar og eigheskapar blir nedvurdert. Omgrep som omsorgsrasjonalitet (Wærness 1987) og ansvarsrasjonalitet (Sørensen 1982) er utvikla for å framheve at kvinner er forskjellige frå menn. Det politiske prosjektet blir å oppjustere kvinner sine verdiar og framheve skilnaden til kvinner som ein ressurs og eit kritisk potensiale for forandringar (Kvande og Rasmussen 1991). Poenget er å skape likeverd mellom kvinner og menn ut frå kvinner sine eigne premissar.

Når det f.eks. blir utvikla spesifikke verkemiddel for kvinner, i staden for å utvikle generelle, kjønnsnøytrale verkemiddel som tar utgangspunkt i kvinners erfaringar, peiker det i retning av at ein ser på kvinner og menn som forskjellige. Verkemiddel basert på kvinneperspektiv er

⁴ Androsentrisme betyr at det er mannen og det maskuline som blir sett på som det normale. Menn sine posisjonar og menn si åtferd er det ”naturlege” utgangspunkt for vår forståing av verda. Androsentrisme er ei ubevisst forståing til forskjell frå f.eks. sexismen som er eit uttrykk for bevisste haldningar som aktivt søker å ekskludere kvinner.

f.eks. motivasjonsseminar, kompetanseoppbyggjings- og etablerarkurs som er spesielt retta mot kvinner, fordi offentlege myndigheiter erkjenner at kvinner sine behov kan skille seg frå menn sine behov (Lotherington 2001).

Kritikarar hevdar at kvinneperspektivet er *essensialistisk*, dvs. at alle kvinner har ei kvinneleg kjerne som er forskjellig frå ei mannlege kjerne, når kjønna blir framstilt som prinsipielt ulike. Nokre feministar hevdar at ei slik kvinneleg kjerne har sitt utspring i det faktum at kvinner menstruerer, føder barn og ammar. Dei meiner dette er ei grunnleggande erfaring som blant anna utfordrar konvensjonelle idear om grensa mellom kropp og omverd, og mellom sjølv og den andre (self/other) (McDowell 1993).

I forskinga er ein oppteken av å gje kvinnene ei stemme og beskrive og analysere verda ut frå deira perspektiv. Arbeidsdeling, makt og hierarkiske forskjellar blir ofte vektlagt, så vel som kvinner si underordning i parforhold og i viktige samfunnsinstitusjonar. Gjennom 1980- og 1990-talet er det gjennomført mange (for det aller meste kvalitative) forskingsprosjekt som rettar søkjelyset mot kvinner sine kvardagsliv, kvinner i utradisjonelle yrke, kvinner i primærnæringane, kvinnelege leiarar, kvinnelege etablerarar, kvinnelege politikarar etc. som kan seiast å ligge innanfor denne retninga. Fokus er i større grad retta mot strukturelle forhold i samfunnet enn mot individuelle eigenskapar ved kvinner og menn.

Eit tredje perspektiv, *kjønnsperspektivet*, opnar for at kvinner er ei heterogen gruppe. Inspirert av bl.a. poststrukturalistiske idear har trenden frå siste del av 1980-talet gått mot å løyse opp likskaps- og forskjellsdikotomien. Kvinner og menn er verken like eller ulike, dei er både like og ulike (Scott 1988). Kjønn er med andre ord ikkje noko eintydig omgrep, det vil stadig bli dekonstruert og rekonstruert. Kva meining kjønn har vil variere frå den eine samanhengen til den andre.

For å fange opp forskjellar mellom kvinner og menn må kjønnskategoriane brytast ned og definerast på nytt. Kjønn blir da granska som integrerte delar av prosessar og strukturar som ein før såg som kjønnsnøytrale. Forskingstradisjonen er oppteken av sosial konstruksjon av kjønn og kjønnsrelasjonar, heller enn studiar av kvinner sine konkrete livsløp, levekår og kvardagsliv. Kjønn er gjenstand for forhandling og debatt, og konstruerast i samhandling mellom kvinner og menn både i det private og i det offentlege rom. Perspektivet opnar for at det kan vere forskjellar mellom kjønn utan at desse er hierarkiske, og det opnar for at mannsrolla blir sett på dagsorden. Det politiske prosjektet blir å dekonstruere og avsløre fenomen som sosialt/kulturelt skapte, og deretter setje dei saman til noko nytt. Det gir høve til å lausrive seg frå faste tradisjonar og styrande normer (Øvrelid 1996). Retninga blir kritisert for å miste maktstrukturane i samfunnet av syne. Spørsmålet blir korleis ein kan skape endring dersom ein ikkje lenger kan bruke kjønn som utgangspunkt for empiriske analyser, dvs. som analytisk kategori (Bjerrum Nilsen 2000).

Perspektivet opnar for ei meir differensiert satsing med ulike typar av verkemiddel og framgangsmåtar for å treffe ulike kvinner og menn. Kjønnsperspektivet går utover likestillings- og kvinneperspektivet i og med ei segmentering av målgruppa kvinner til fleire ulike målgrupper med behov for ulike typar av kvinneveretta tiltak. Det er ikkje lenger behov for ein type kvinneveretta arbeid, ein må arbeide på fleire område samtidig. Ei slik tilnærming kompliserer kvinnesatsinga fordi det som har positiv effekt for ei gruppe kvinner, kan verke negativt for ei anna gruppe. Det kan opne for konflikhtar mellom grupper av kvinner. Dessutan opnar perspektivet for å setje fokus på menn. Relasjonar mellom kjønn er gjenstand for forhandlingar mellom kvinner og menn både i privatliv og arbeidsliv. Haldningsskapande arbeid retta mot menn i distrikta kan f.eks. medføre at ubevisst diskriminering mot kvinner blir redusert (Pettersen og Alsos 1998:10).

Ann Therese Lotherington (2001) brukar omgrepa likskaps-, forskjells- og mangfaldsorientert forståing av kjønn i ei historisk analyse av kjønnsforståinga i den kvinneveretta distriktpolitikken frå 1980 fram til 2000. Ho finn at forståingane har endra seg over tid. Da kvinnesatsinga i distriktpolitikken kom på dagsorden på slutten av 1970-tallet var det på bakgrunn av målsetting om likestilling mellom kjønna. Kvinner skulle ha den same tilgang til distriktpolitiske verkemiddel som menn. Denne likskapsorienterte forståinga av kjønn uttrykte eit tilsynelatande egalitært syn på kjønnsrelasjonar, dvs. at kvinner og menn vart vurdert som intellektuelt sett likt utrusta. I praksis vart likevel den likskapsorienterte forståinga hierarkisk, fordi menn og det mannlege var norma. Kvinner skulle få rett til å gjere det same som menn, men menn skulle ikkje endrast.

Utover 1980-talet kan ein finne element av ei forskjellsorientert forståing av kjønn i kvinnesatsinga. Kvinnelege etablerarar vart f.eks. vurdert å vere annleis enn mannlege. Eit av argumenta for å satse på kvinnelege etablerarar var at kvinner meir sjeldan enn menn gjekk konkurs. På slutten av 1980-talet og på byrjinga av 1990-talet meiner Lotherington (2001) at det skarpe skiljet mellom kvinner og menn blir viska ut. Ho kallar dette ei mangfaldsorientert forståing av kjønn. I eit slikt perspektiv kan ein ikkje bestemme kva som er ”kvinneleg” og ”mannleg”. Relasjonane mellom kjønn er å forstå som egalitære, dvs. at ikkje noko tilseier at det eine kjønnnet står over det andre.

Det kvinneveretta arbeidet på 2000-talet byggjer igjen på ei likskapsorientert forståing av kjønn. Men i motsetnad til den tidlege kvinnesatsinga byggjer den ikkje nå på idear om likestilling mellom kjønna. Det er næringslivet og lønnsemda som står i sentrum: Det ville vere urimeleg overfor næringslivet å ekskludere kvinneveressursen. Forståinga er i tillegg patriarkalsk fordi tendensen er at kvinner skal inn på menn sine arenaer, ikkje fordi det tener interessene til kvinner eller at det er urimelig at kvinner ikkje har tilgang til verkemiddel og posisjonar på line med menn, men fordi det vil tene næringslivet. Det er ein politikk som er likskapsorientert på den mannlege norma sin premisser, seier Lotherington (2001).

Det ligg an til ei endring i perspektiv på distriktpolitikken. St.meld. nr. 34 (2000-2001) *Om distrikts- og regionalpolitikken* legg vekt på endring frå enkeltståande kvinne- og ungdomssatsing til meir heilskapleg kjønns- og livsfaseperspektiv i distrikts- og regionalpolitikken. Både i forskning, utredning og planlegging blir det sett på som viktig å identifisere dei gruppene det er spesielt kritisk å nå. Intensjonen er at dette skal følgjast opp både i utforminga av verkemiddel og i mål- og resultatstyringa av verkemiddel. Slik skal distrikts- og regionalpolitikken ta høgde for at befolkningssamansetninga er mangfaldig, knytt til kjønn og livsfasar. Dette bygger på det tredje perspektivet på kjønn som er presentert over: kjønnsperspektivet.

2.2.2 Distriktskvinner – eit frodig mangfald

Finst det noko grunnlag for å snakke om distriktskvinner som gruppe? Når vi brukar omgrep som distriktskvinner kan vi gi inntrykk av at dei er ei gruppe kvinner som er like og som har felles interesser. Slik er det sjølv sagt ikkje. Distriktskvinner er like forskjellige som andre kvinner. Kvinneinteresser varierer etter alder, livsfase, utdanning, yrke, klasse, etnisitet, seksuelle preferansar etc. Men variasjon i kvinneinteresser bryt ikkje med ideen om at interesser er kjønna. Det faktum at kvinner f.eks. har ulike hierarkiske posisjonar i arbeidslivet, betyr ikkje at dei har same interesser som menn innan si eiga klasse. Diskusjonar om kvinneinteresser handlar ikkje om å etablere felles interesser for alle kvinner. Men det handlar om at kvinner har forskjellige interesser frå menn (Phillips 1995). Når vi brukar omgrepet distriktskvinner er det for å peike på at desse kvinnene geografisk er lokalisert utanfor bykjernane, med dei spesielle utfordringar det medfører.

På bakgrunn av samtalar med kvinnelege høghskulestudentar om utdannings-, yrkes- og livsplanar har Sissel Fredriksen (2001) utvikla tre idealtypar av distriktskvinner⁵: Moderna, Konserva og Alterna. Vi vil her beskrive dei tre idealtypene sine val av bustad på grunnlag av synet på utdanning, karriere, fritid og familie.

Kort oppsummert er Moderna ei tidsriktig ung dame som legg vekt på god utdanning og at ho skal gjere karriere i yrkeslivet. Ho er bevisst sine regionale røter, men det avgjerande for val av bustad er kva moglegeitsrom bustaden gir for realisering av hennar visjonar om karriere. Men bustaden skal kunne tilfredsstille fleire behov: ”Jeg vil velge å bo et sted hvor jeg kan få både i pose og sekk, dvs. i et område hvor det er et mangfold av attraktive jobber og fritidstilbud, og hvor det er gode muligheter for å treffe en passende mann” (Fredriksen 2001:33)

Konserva er ei meir tradisjonsprega kvinne enn Moderna. Utdanningsvalet hennar spring ut av ei ubevisst tilpassing til tradisjonelle kvinneroller. For ei distriktskvinne som Konserva er

⁵ Kategoriseringa av kvinnetypar er ikkje tenkt å vere uttømmende og mange kvinner kan vere på veg mellom dei tre idealtypene.

familietilpassing og særleg tilpassing til mannen/sambuaren sine bustadpreferansar avgjerande for val av bustad. Ho uttrykker seg slik: "Om ti år bor jeg sannsynligvis der jeg kan finne en trivelig jobb, et trygt og godt oppvekstmiljø for barna, - men jobben til mann eller samboer vil selvsagt være nokså avgjørende" (Fredriksen 2001:33).

Alternativa er på si side på leit etter alternative livsprosjekt. Ho former utdanningsprosjektet meir ut frå faglege interesser enn ut frå karriereomsyn. Bustadvala avheng av at det finst "armslag" for nyskaping i vid forstand: "Arbeid, fritid og vener og levemåter vil spille inn ved valg av bosted. Sannsynligvis vil jeg være mor om ti år, men jeg er mer usikker på om jeg vil være gift eller ha en samboer. Jeg vil iallfall passe meg for å etablere forhold som kan hindre meg fra å finne ut hva jeg egentlig vil og til å komme dit" (Fredriksen 2001:33).

Er denne typen idealtypar fruktbare for vår studie? Idealtypane er bygd opp på grunnlag av samtalar med studentar, medan våre informantar i dette prosjektet stort sett er ferdige med skulegang/studiar. Informantane våre er etablerte (ny- eller veletablerte) i kommunane dei bur. Likevel kan grunngevingane for kvifor dei ønskjer å bu i distrikta seie noko om "tyngdepunktet" for val av bustad, dvs. om det grunnar seg i karriere-, fritid- og/eller familierelaterte forhold eller meir alternative livsformar. Dessutan intervjuar vi også menn. Kanskje kan vi også relatere menn sine bustadval til ideal om konservative, moderne eller alternative livsprosjekt? Vi vil nytte idealtypane som modellar som vi kan relatere vårt empiriske materiale til, men ikkje kategorisere informantar etter dei tre idealtypane.

2.2.3 Maskulin bygdekultur?

Er bygde-Noreg meir dominert av maskuline verdiar og tradisjonelle kjønnsrollemønster enn meir urbane strøk av landet? Fleire forskingsbidrag støtter denne tanken. Verstad & Brandth (1996) har blant anna gått gjennom alle prosjekta i forskingsprogrammet "Kvinner i landbruket", og konkluderer med at prosjekta *"dokumenterte at likestillingsprosessene har kommet kortere i landbruket og i Bygde-Norge enn i andre sektorer av samfunnet"* (Brandth 1996:31). Det er heller ikkje berre i Noreg at ein trur at patriarkatet har ei sterkare stilling i distrikta enn i dei store byene. I Sverige har blant andre Gunnel Forsberg (1991, 1996) vore oppteken av dette. Ho hevdar at kvinner flyttar frå landsbygda for å fri seg frå patriarkatet. Theather (1994) kallar den australske landsbygda for "ein fristad for patriarkatet". Hughes (1997) beskriv kravet til eit tradisjonelt levesett blant kvinner på den walisiske landsbygda som så sterkt at kvinner som ikkje ville eller kunne tilpasse seg eit kjernefamilieliv og dei hegemoniske kjønnsrollemønstra, ikkje vart sosialt aksepterte. Dei hadde ikkje noko anna val enn å flytte. I England har bl.a. Little & Austin (1996) komme fram til det same.

Det ser ut til at landsbygda blir vurdert som meir tradisjonell enn byområde fleire stader i verda, og at tradisjonelle kjønnsrollemønster og kjønnsmaktstrukturar oppfattast å vere integrerte delar av landsbygda. Men det er sjølvstg regionale variasjonar som går på tvers av

by-land dimensjonen. Det viser for eksempel den norske likestillingsindeksen (SSB 1999) der kommunane er vurdert ut frå ulike såkalla objektive kriteria for likestilling. Der ligg typiske landkommunar både på toppen og i botn av rankinglista. Ein kan sjølvsagt diskutere i kva grad slike indeksar eigentleg fortel noko om likestillinga i ein kommune.

Andre forskarar har vore meir opptekne av å undersøkje og analysere korleis kvinner og menn oppfattar bygdene (f.eks. Dahlström 1996; Fauske 1993; Vestel 1996; Waraa 1996; Aasbrenn 1994). Jenter har gjennomgåande eit meir negativt syn på heimstaden enn gutane. Fleire av undersøkingane peiker på at dette kjem av at bygdene er dominert av maskuline verdiar og uttryksformer. Wiborg (1999) påpeiker at tradisjonelle mannsaktivitetar som jakt, fiske, friluftsliv og til dels også snekring og anna handverk blir framheva og brukt som symbol for det rurale liv. Dermed blir menn sine aktivitetar også viktige for identiteten til bygda. I tillegg står desse aktivitetane fram som positive og uproblematisk element i konstruksjonen av identiteten til den moderne mann, og blir ofte brukt som grunngrunnader for å busette seg i distrikta.

Den maskuline bygdekulturen ”med hår på brystet” kan også opplevast som negativt for bymenn som flyttar til bygde-Noreg. Nina Gunnerud Berg har retta søkjelyset mot maskulinitet og ruralitet (Forskning 1/02). I ei studie der ho intervjuar familiar som har flytta frå byen til små stader i Trøndelag, møtte ho f.eks. ein mannleg sjukepleiar frå Oslo som fortalte at han ikkje følte seg heilt vel med bygda sin jaktkultur. Kulturen har som føresetnad ei heilt spesiell form for maskulint fellesskap som ein militærnektar og sjukepleiar frå byen kan ha vanskeleg for å bli ein del av.

Mange kvinner har truleg eit ambivalent forhold til dei forventningane som er knytt til tradisjonelle kvinneaktivitetar som reingjering, matlaging, handarbeid, husarbeid og omsorgsarbeid. Desse aktivitetane er gjerne knytt til plikt og arbeid for familien, ikkje som individuell livsutfolding som dei tradisjonelle mannsoppgåvene er blitt omforma til. Oppgåvene er knytt til bestemte oppfatningar av kjønnsidentitet og kjønnsrelasjonar som dagens unge kvinner ikkje vil identifisere seg med. Dessutan er det oppgåver som kan utøvast kor som helst uavhengig av geografisk lokalisering.

Storvik (1996) seier det er større forskjellar mellom gutar og jenter sine fritidsinteresser enn forskjellar mellom bygdeungdom og byungdom. For eksempel viser fleire undersøkingar at jenter oftare har interesser som involverer kunst, kultur og estetikk uavhengig av bustad. Vidare peikar ho på at jenter som regel har interesser som ikkje knyter dei til lokalmiljøet, mens bygdemiljøet stimulerer gutane til interesser som integrerer dei i bygda. Desse interessene påverkar også yrkesvalet deira, som igjen kvalifiserer gutane for jobbar i bygda, mens kvinner i større grad kvalifiserer seg for jobbar som finst både i by og bygd (f.eks. omsorgssektoren). Når bygdene ikkje kan tilby jentene den kultur dei ønskjer, er det dermed ikkje så rart at dei i større grad enn menn flyttar til byane.

Grimsrud (2000) fann spor etter tradisjonelle kjønnsrollar, eller det ho kallar ”gubbekultur”, som har verka negativt inn på kvinner sitt ønskje om å busetje seg i heimstadskommunen. For det første handlar det om mangel på kvinnelege rollemodellar. Kvinner fortel at dei som unge var bevisste på at dei ikkje ville bli avhengig av nokon mann, slik deira heimearbeidande eller deltidsarbeidande mødrer var. For det andre seier kvinner at det ville vere lettare å flytte til heimplassen dersom dei var menn. Dei meiner det ville vere vanskeleg å komme tilbake som ”vellykka”, høgt utdanna kvinne i eit høgstatusyrke. Dei har ei oppfatning om at det ville vere meir akseptert i bygda at menn har slike posisjonar. Dette er eksempel på at det er uskrivne regler for kva som passar seg for kvinner å gjere, og at det verkar på ein slik måte at kvinner opplever å ha eit meir avgrensa moglegheitsområde når det gjeld makt- og statusposisjonar i bygda.

I den grad kvinnene omtalte bygdekulturen i negative vendingar, var det som regel kvinner som fekk skulda. Kvinner frå møderegenerasjonen skapar og held vedlike reglar for akseptert åtferd og for godtekne meiningar og haldningar. Møderegenerasjon vart tillagt haldningar som: Unge kvinner skal ikkje kle seg utfordrande, dei skal ikkje ha andre kjærastar enn den dei skal gifte seg med, kvinner skal ikkje blande seg inn i styre og stell, kvinner skal ikkje jobbe når dei har små barn, kvinner bør ikkje jobbe heiltid, dei bør ikkje ha statusyrke eller maktposisjonar i lokalsamfunnet. Kvinner bør stelle hus og heim, og medverke positivt i lokalsamfunnet ved å stille opp gratis i alle samanhengar som krev det. Kvinnene som seier dette er klar over at dei snakkar ut frå opplevingar og inntrykk som ligg 15 til 20 år tilbake i tid. Dei meiner at forholda ha endra seg over tid.

Likevel gir dette assosiasjonar til Little & Austins (1996) undersøking av kjønnsroller i den engelske landsbygda, som viser korleis den tradisjonelle, idylliske bygdekulturen nærast har som føresetnad tradisjonelle kjønnsrollemønster, og omvendt: Tradisjonelle kjønnsroller er tufta på ”bygdeverdiar”. Vårt bilde av den trygge bygda, der alle bryr seg om kvarandre, og der kultur- og mattradisjonar blir tatt vare på, krev at det er nokre gratisarbeidande omsorgspersonar som har tid til å ivareta desse funksjonane. Kvinner lagar mat, baker, lagar husflidsprodukt og dekorasjonar, ikkje berre for sin næraste familie, men tek også initiativet til, eller stiller opp for heile bygda ved lokale tilstellingar av ulike slag. Vidare er det kvinner som tek vare på omsorgsfunksjonar for eigne barn og slektningar så vel som andre innbyggjarar i bygda. Kvinnene går på besøk og sørger også på andre måtar for at folk rundt dei har det bra. Little & Austin peikar på at desse funksjonane vanskeleg kan takast vare på om det ikkje finnes husmødrer. Bildet av den tradisjonelle, idylliske landsbygda blir trua av ein ny generasjon kvinner som ønskjer å leve liva sine på andre måtar, der f.eks. sjølvstendige yrkeskarrierar inngår som ein viktig del. Dette kan skape konflikhtar mellom mor og dotter, og mellom eit bygdeliv og byliv.

2.3 Livsløp som forskningsperspektiv

Livsløpsperspektivet representerer ein grunnleggjande måte å forstå samfunnsutviklinga på. Hovudideen er at samfunnet endrar seg i takt med at nye generasjonar veks opp og pregar samtida si på ein litt annan måte enn sine forgjengarar. Sagt på ein annan måte: Det ville ikkje vorte noka endring dersom nye generasjonar oppførte seg heilt likt dei føregåande.

Fokus på livsløp inneber at ein tek omsyn til at ei befolkning består av folk som er i ulike stadium i livsløpa sine, dvs. at dei er i ulike *livsfasar*, og derfor har ulike behov. Det seier seg nesten sjølv at ei einsleg kvinne på 20 år har andre behov og preferansar, enn t.d. ei småbarnsmor i 30-åra eller ei enke på 75 år. For det andre inneber livsløpsperspektivet at ein set fokus på *endring*, fordi behova til folk endrar seg etter kvart som dei lever gjennom ulike fasar av liva sine. Den 20 år gamle einslege kvinna som i dag kanskje bur på hybel mens ho studerar, vil stille andre krav til t.d. bustad når ho sjølv kjem i småbarnsfasen. For det tredje minner livsløpsperspektivet oss på at tida forandrar seg etter kvart som nye generasjonar veks opp. Om ein går nokre tiår tilbake og ser på datidas kvinner tidleg i 20-åra, ville berre eit fåtal av dei hatt utdanning, mest sannsynleg ville dei vore gifte husmødrer med små barn. Dagens kvinner i 20-åra finn ein meir sannsynleg som studentar, med ambisjonar om både barn, karriere og personleg fridom.

Livsløpsperspektivet rommar såleis på den eine sida at folk endrar seg med åra; dei endrar seg etter kvart som dei lever gjennom ulike fasar i livet (*livsfaseperspektivet*). På den andre sida opnar det for at generasjonar har felles trekk som følgjer dei gjennom alle livsfasar, altså at det vi opplever som unge følgjer med oss heile livet. Når mange opplever store felles endringar, som f.eks. ein krig eller ungdomsopprøret i 1968, så kan desse hendingane prege heile samfunnet over lang tid fordi desse menneska går gjennom livsløpet saman (*generasjonsperspektivet*).

Historiske hendingar og vilkår i ulike periodar slår ulikt ut for ulike generasjonar. F.eks. har den storstilte utbyggjinga av velferdssamfunnet/offentleg sektor over heile landet på 1970-talet hatt store konsekvensar for den generasjonen som kom ut på arbeidsmarknaden i denne perioden. Dei hadde langt større moglegheiter enn etterfølgjande generasjon til å finne arbeid i distrikta. Og høg rente rundt 1990 gjekk først og fremst ut over unge i etableringsfasen, mens eldre med pengar i banken tente på det.

Når ein granskar samfunnet som eit heile har *demografiske endringar i befolkninga* stor verknad. Mange gamle i forhold til unge kan f.eks. skape andre dominerande haldningar i eit samfunn enn om dei unge var i fleirtal. Det vil også kunne skape stor etterspørsel etter pleietenester i forhold til andre type tenester. I dette prosjektet er dei demografiske vilkåra svært viktig for å forstå endringar og regionale variasjonar i storleik og samansetning av distriktsbefolkninga. Ofte får vi forklart nedgangen i folketalet i distrikta med samtidige endringar i kulturelle og sosiale tendensar, mens endringane ofte kan forklarast i reint

demografiske forhold, jf kap. 3. Livsløpsperspektivet opnar for å studere demografiske endringar saman med kulturelle og sosiale endringar.

For å forstå dynamikken i samfunnsendringane er endringar i livsløp og generasjonar heilt sentrale element. Dei sosiale og kulturelle endringane følgjer endringane i livsløpet. Vi har fått ein ny type kvinnerolle og opplevd husmora sin bortgang. Vi er i ferd med å få ein type eldre med betre helse og høgare utdanning enn tidlegare, og vi har fått ein ungdomsgenerasjon som er sterkt prega av kunnskapssamfunnet. Desse endringane er av varig karakter, og vil vere av stor relevans når ein skal forstå korleis livet til kvinner og menn i distrikta artar seg.

2.3.1 Endringar i livsløp

Den lange ungdomstida og konsekvensar for distrikta. Definisjonane av når ein er ung, vaksen og gammal er under forandring fordi desse fasane er like mykje kulturelt som biologisk bestemt. Frønes og Brusdal (2000) skriv at ungdomsfasen kanskje er den fasen av livet som er mest forandra dei siste tiåra. I det gamle bondesamfunnet vart ein vaksen ved konfirmasjonsalder, i industrisamfunnet vart tenåra ein friperiode før arbeid og familieansvar setje inn for fullt. I dagens kunnskapssamfunn er ungdomsfasen ein periode for kvalifisering, og med stadig høgare krav til utdanning strekker denne fasen seg over ein lengre periode enn tidlegare. Endringane er større for kvinner enn for menn. I industrisamfunnet hadde kvinner i 20-åra familie, småbarn og andre småbarnsmødrer i nabolaget som si fundamentale livsverd, mens mange av dagens kvinner heilt opp mot 30-årsalderen har universitet/høgskular, venninner, reiser, singelliv eller eit sambuande tilvære utan barn som si grunnleggande sosiale erfaring.

Mens ungdomsfasen tidlegare vart avslutta med forloving og ekteskap, kallar vi i dag ungdommen for *unge vaksne* frå tenåra og gjennom utdanningstida opp til trettiårsalderen. Overgangen mellom ungdom og vaksen er ikkje lenger så skarp, mange vekslar mellom utdanning og arbeid, mellom singelliv og sambuarskap, og andre typar buformar.

Når såpass store delar av ungdomskulla tek utdanning, er dette med på å prege samfunnet si oppfatning av denne livsfasen. Ungdomsrolla forlengast og vaksenrolla endrast. Ung vaksenrolla består ikkje berre av dei som faktisk tek utdanning, den påverkar også andre unge, spesielt dei som bur på stader som har høgare utdanningsinstitusjonar. Dermed oppstår eit skilje mellom by og land som f.eks. kan finnast att i alder på fødselar: I Nord-Trøndelag hadde halvparten av kvinnene fått barn ved 24-årsalderen, men i Oslo må ein opp i 30-årsalderen før halvparten har fått barn (Frønes og Brusdal 2000/SSB).

Kulturelt står ungdom og unge vaksne for det moderne og urbane. Ungdom er nærast per definisjon moderne; dei representerer nye generasjonar med nye idear, fortolkingar av livsstil og kva som er verd noko. At dei blir oppfatta som urbane har samanheng med at dei er ei

dominerande gruppe i byane reint demografisk, og kulturelt ved at det er ungdom/unge vaksne i byane som formar det samfunnet oppfattar som ungdomskulturen.

Den lange ungdomstida påverkar andre fasar av livet. Den utset f.eks. familieetablering, noko som er relevant i samband med rekruttering av familiar til distrikta. Det at mange utset familieetablering gjer også at småbarnsforeldrefasen ikkje er like avgrensa i alder som tidlegare: Småbarnsforeldre kan ein vere frå 20-årsalderen til 40-årsalderen, og mange menn får etter kvart barnekull nummer to enda seinare.

Desse endringane i ungdomsfasen og etableringsfasen har og vil framleis kunne ha verknader for busettingsmønsteret. For det første gjennom at flyttemønsteret forandrar seg: Fleire flyttar reint faktisk i samband med utdanning (sjølv om dette ikkje blir registrert i statistikken før utdanninga er ferdig), færre kjem attende, og flytting i samband med familieetablering skjer på eit seinare tidspunkt i livet. Kvinnene har truleg større påverknad på familien sine flytteval enn tidlegare og dessutan ser det ut til at fleire og fleire vil ha med seg nokre år i storby før dei etablerer seg. Korleis dette slår ut for etableringsmønsteret er for tidleg å seie enno. Førebels ser det ut til at områda rundt storbyane er vinnarane; dei rekrutterer stadig fleire unge familiar frå storbyane, og mange av desse kjem eigentleg frå distrikta (Sørli 2001).

For det andre må vi hugse på at demografiske forhold påverkar endringar. Det eine er at busettingsmønsteret for framtidens ungdom allereie er svært sentralisert før dei begynner å flytte på seg. Distrikta har allereie i utgangspunktet færre unge enn folketalet skulle tilseie. I tillegg kjem storleiken på ungdomskulla i forhold til andre årskull til å vere relativt lavt også på nasjonalt nivå i ein 20-årsperiode framover. Konkurransen om ungdommen vil dermed auke.

Sett i forhold til kor omfattande livsløps- og livsfaseforskinga etter kvart er blitt både internasjonalt og nasjonalt, er det særst lite av den som har eit distriktperspektiv eller eit regionalt perspektiv. Her i landet er det likevel gjennomført fleire analysar av ungdom i distrikta og etter kvart også av folk i etableringsfasen. Mykje av flytteforskinga er dei seinare åra gjennomført i eit livsløpsperspektiv. Likevel er det mykje som står att; det er for eksempel lite forskning på grupper/livsfasar som hittil ikkje har vore distriktpolitisk prioritert: Barn og middelaldrande, unge eldre og gamle eldre. Likeeins manglar forskning om "heile" livsløp i tid og rom. Det siste er elles ei omfattande oppgåve, og vanskeleg å gjennomføre da ein ideelt sett burde følgje folk gjennom heile livet.

2.3.2 Forsking om ungdom i distrikta

Forsking på ungdom i distrikta har vore relativt omfattande. Dels kjem nok det av at ungdomsforsking generelt er eit stort forskingsområde blant sosiologar, antropologar, pedagogar og sosialpsykologar. Dels kjem det av at ungdom lenge har vore ei prioritert, eller i

alle fall sentral, gruppe i distriktpolitikken. Forsking om ungdom i distrikta tek derfor som regel utgangspunkt i den skeive aldersstrukturen i distrikta; alderspyramidane i distriktskommunane har vore smale om midja, og problemstillingane er derfor ofte knytt til korleis ein skal rekruttere ungdom til bygdene. Vi har derfor ein god del kunnskap om kva som skaper heimstad- vs utorientering blant ungdom, kvifor dei flytter frå heimstadene sine, korleis utdanningseksplasjonen har påverka deira flytte- og bustadønskje, korleis endringar i lokalsamfunn har marginalisert enkelte grupper av ungdom og kva planar ungdommen har for framtida (sjå t.d. Båtevik og Olsen 1999, Skålnes 2001, Orderud og Onsager 1998, Pedersen 1998). Ein fellesnemnar i mykje av denne forskinga er nettopp dei endringar ungdomsfasen har gjennomgått med auka fokus på utdanning, karriereplanlegging og identitetshandtering. Mesteparten av forskinga er dessutan oppteken av gutar og jenter sine forskjellige interesser og dei ulike moglegheitene dei har for å realisere sine draumar i lokalsamfunnet.

Kva konsekvensar har endringar i ungdomsfasen hatt for distrikta? Endring i ungdomsfasen har fleire konsekvensar for busetting i distrikta, eller for kvinner og menn i distrikta. Når ungdom bur lenge på ein plass i samband med utdanning er sjansane store for at dei møter ein partner i studentmiljøet og at dei slår seg ned på studiestaden. Dermed kan distrikta tape i kampen om innbyggjarane. Lengre utdanning fører til at valet av bustad skjer seinare i livet enn det gjorde tidlegare. Det kan gi grunnlag for andre og ”nye” typar val. Unge vaksne kan velje bygda som bustad for å realisere draumar om eit rolegare liv og å sleppe unna byens kjas og mas. Slike trendar kan bygdene tene på. Dessutan er ikkje kvinner ”medflyttarar” i like stor grad som før. Mange kvinner ønskjer yrkeskarriere etter å ha teke ei lang utdanning. Det krev bustadar med gode jobbtilbod til to vaksne i husstanden. Bygdene kan ha problem med å tilby to passende jobbar på same tid.

Dei seinare åra har *etableringsfasen* fått auka merksemd i regionalforskinga. Det har blant anna samanheng med at fokus er blitt flytta bort frå utflyttarane som problemgruppe og over på innflyttarane som ei gruppe distrikta har gode moglegheiter til å rekruttere. I det heile tatt har mykje av forskinga om flytting og bustadpreferansar hatt eit livsløpsperspektiv der etableringsfasen ofte er den mest sentrale. I kapittel 3 presenterer vi nokre resultat frå denne forskinga. Mange hovudfagsoppgåver har tatt for seg denne livsfasen, og ofte er temaet organisering av kvardagslivet og den tidsklemma småbarnsforeldre er i.

Forsking i eit livsløps- eller livsfaseperspektiv er relativt nytt, spesielt i regional samanheng, og fleire arbeid som er relevante i denne samanheng er sett i gang i samband med Regionalforskningsprogrammet til Noregs forskingsråd.

2.3.3 Dei etablerte, dei middelaldrande, dei unge og gamle eldre

Det er blitt fleire eldre i befolkninga. Levealderen har auka og helsetilstanden er generelt blitt betre. Medisinske framsteg har gjort alderdommen yngre, og bioteknologi, hormonpreparat,

organtransplantering og nye helsebringande livsstilar vil truleg halde fram med å gjere dei eldre yngre. Dagens 50-åringar føler seg yngre enn gårldagens 50-åringar. Kategorien middelaldrande har alltid vore uklar og nå vil den strekke seg lenger utover i livet – i takt med at ungdomsfasen og etableringsfasen blir forskuva og endra. På grunn av seine barnefødsjar vil mange 50-åringar ha barn i skulealder, og på grunn av høg utdanning og sein start i yrkeslivet vil høgdepunktet i karrieren også forskuvast ut i livsløpet. Dette medfører at samfunnets syn på eldre arbeidstakarar blir endra – vi ser klare teikn til det allereie i dag, den unge dynamiske skuvast til side for den erfarne senior (Frønes og Brusdal 2000). Arbeidstakarar mellom 50 og 65 år vil i aukande grad bli ettertrakta fordi dei har betre helse og er meir produktive enn tidlegare, og samanlikna med dei som er yngre har dei betre tid og overskot til jobben sidan småbarnsperioden er over.

Det er 68-generasjonen som er i ferd med å bli dei unge eldre. Dei har langt betre utdanning enn tidlegare tidars eldre, og dei vil sakte, men sikkert medverke til at vårt bilde av dei unge eldre blir endra. Dette er ei kjøpekraftig gruppe, dei får betre tid og dei har evne til å skaffe seg det dei ønskjer. Samanlikna med tidlegare vil også dei fleste kvinnene vere yrkesaktive i denne alderen. Heimeverande bestemødrer blir det stadig færre av.

Kva konsekvensar desse livsløpsendringane vil kunne få for det sosiale livet i distrikta, kan vere eitt av fleire interessante forskingsspørsmål i tida framover. Allereie i dag ser vi at kvardagslivet for *unge* kvinner i distrikta er til forveksling likt kvardagslivet til unge bykvinner med aukande grad av yrkesaktivitet og mindre deltaking i tradisjonelle bygde- og kvinnesysler. Når dette kvardagslivet i framtida også vil prege dei middelaldrande eller unge eldre, vil det påverke vår (samfunnet si) oppfatning av bygdelivet. Mange har for eksempel ei oppfatning av bygda som ein stad med mykje sosialt samhald, der alle bryr seg om og stiller opp for kvarandre. Kva skjer med dette samhaldet når det ikkje eingong finst heimeverande bestemødrer? Gro Harlem Brundtland sine nabokjerringar er snart ein saga blott. Ein kan spørje kva som blir igjen av det mange i dag tenker på når det gjeld bygda; ein stad der alle kjenner alle og har omsorg for kvarandre. Det sosiale livet som prega bygda kan bli endra, og bygda blir kan hende meir lik byen. Korleis eit aukande tal eldre, sterkare differensiering mellom ulike kategoriar eldre og innhaldsendringa i desse livsfasane slår ut for distriktpolitiske spørsmål, er likevel lite undersøkt.

Dagens 50-65 åringer er relativt jamt fordelt ut over landet. Dei er ikkje konsentrert til byane som dei unge, og heller ikkje til distrikta som dei eldre. Denne aldersgruppa er ein ressurs for distrikta, men er lite omtalt i distriktpolitiske dokument⁶ og har heller ikkje vore gjenstand for særleg forskning. Framtidas 50-åringar vil vere skeivare fordelt, meir i tråd med busettingsmønsteret til dei som i dag er i den såkalla etableringsfasen. Men det er kanskje

⁶ Denne aldersgruppa er likevel godt representert blant dei som er mottakarar av distriktpolitiske verkemiddel.

ingen grunn til å vente at middelaldrande og unge eldre i framtida skal vere like bufaste eller distriktsorienterte som dagens gruppe av unge eldre.

Det er lite forskning om flytting blant middelaldrande og eldre. Vi manglar kunnskap om f.eks. kor stort omfanget av flytting er blant folk over 35 til og frå distrikta, kva flyttemønster dei eldre har og kvifor dei eldre flyttar.

Folk flest gjer unna flyttingane sine før dei fyller 35 år, men vi ser at denne grensa stadig blir strekt. Når ungdoms- og etableringsfasen trekker ut i tid, ofte som følge av lang utdanning og sein start på yrkeskarrieren, blir også flyttingane forskuva. Særleg blant menn ser vi at færre enn tidlegare har ”flytta ferdig” før 35-årsalderen.

Utanlandske studiar rapporterer at dei eldre sine flyttingar aukar i omfang ettersom denne gruppa blir økonomisk sterkare og helsemessig friskare. Pensjonistar som flyttar til Syden anten permanent eller for vinterhalvåret er velkjent også i norsk samanheng.

Det som er mindre kjent er omfanget av det som blant andre Villa omtaler som ”*dei globale besteforeldra*” og ”*sein-urbanistane*” i sin artikkel om livsfasebygda (Villa 2000). Dei globale besteforeldra er kjenneteikna blant anna av at dei ønskjer å bruke mykje av fritida si på å reise, f.eks. til Syden, til barna i byen, på hytta osv. Dei er borte frå bygda i lange periodar. I denne gruppa finn ein også sein-urbanistane, dei som ønskjer ei meir urban livsform eller buform når dei berre har seg sjølv å tenke på etter at barna har flytta ut. Dei flytter frå bygda til byen på grunn av at dei ønskjer andre utfordringar (f.eks. i yrkeslivet) enn det bygda kan gi, dei flytter etter barna og barnebarna sine til byen for å tilbringe meir tid saman med dei og for å vere meir urbane.

I byen kan ein tenke seg at vi finner ”motpolane” til desse to gruppene eldre (Kaltenborn 1998). Her kan vi f.eks. finne friske pensjonistar som vil tilbringe meir tid utanfor byen, f.eks. på hytta. Vi kan få ei gruppe eldre som er meir eller mindre permanent busett på hytter og feriestader i distrikta. Kor omfattande og kva konsekvensar ei slik mellombels flytting kan ha for hytteområda i distrikta er berre i liten grad undersøkt. På den eine sida vil ei meir eller mindre permanent hyttebefolkning skape auka etterspurnad etter varer og tenester lokalt, noko som mange vil ønskje velkommen. Kommunale myndigheiter kan likevel komme i ein situasjon der dei får auka utgifter til tenester utan at inntektsgrunnlaget aukar. På den sosiale sida, vil folk som tilbringer mykje tid på hytta ønskje å bli integrert i det lokale miljøet. Hyttebefolkninga vil i mange tilfelle ha mykje å tilføre i form av kompetanse. Distrikt med store hyttefelt kan få ei anna befolkningssamansetning.

Ein kan også tenke seg at fleire unge eldre vil flytte permanent ut av storbyane og til distrikta for å få det rolegare, for å komme tilbake til heimtraktene, få betre helsetilbod etc. Nokre kommunar, for eksempel Rendalen, har gått aktivt ut og søkt etter nye eldre innbyggjarar.

Dels ut frå at dei meiner det er økonomisk lønnsamt. Dei eldre får pensjon som følgjer med dei der dei bur, det kan auke staden si kjøpekraft (Ørbeck og Lien 2000, Aasbrenn 1995). I tillegg ser ein på unge eldre som ein ressurs som kan komme lokalsamfunnet til gode på andre måtar. Vidare er det mange år før dei treng pleie og omsorg, og med eit godt utbygd tilbod gjeld det å halde belegget ved like. Det stimulerar også til etterspurnad etter yngre kvinneleg arbeidskraft – noko som alltid er ønskjeleg i kommunar som har relativt få unge.

2.4 Flytting - ein naturleg del av livet

Flytting er ”normalt”, det er noko dei fleste menneske gjer minst ein gong i løpet av livet. Flytting er altså ein heilt vanlig del av livsløpa til folk, og kan tolkast som ein måte å skape meining med livet sitt på. Individet inngår alltid i ein større samanheng (for eksempel hushald, lokalsamfunn, storsamfunn) og det vil alltid vere mange forhold som påverkar avgjerder og faktiske flyttehandlingar samtidig. Nokre av desse forholda har individet sjølv kontroll over eller påverknad på, andre ikkje. Flytting kan av og til verke vilkårleg. Vi ønskjer å komme bort frå ei oppfatning av flytting som eit resultat av rasjonelle kalkylar der ulike bualternativ blir vege opp mot kvarandre, slik undersøkingar som meir eller mindre eksplisitt er basert på Lees (1969) skuv-trekk modell går ut frå.

Det har inntil nyleg vore to hovudmåtar å analysere flytting på: Strukturell tilnærming og aktørtilnærming. Dei strukturelle tilnærmingane er makroorientert og søker å forklare fenomenet flytting på samfunnsnivå. Mest vanleg innanfor denne retninga er det å forklare flyttestrømmar og flyttemønster ut frå økonomiske forhold, der variasjonar i arbeidsløyse og andre trekk ved arbeidsmarknaden ofte blir vektlagt. Demografiske analyser kan også seiast å tilhøyre denne tilnærminga. Strukturelle teoriar er lite opptekne av å få fram kva motiv folk har for å flytte, men er meir opptekne av endringane i det grunnlaget og dei rammevilkåra som flyttingane går føre seg innanfor.

Aktørorienterte, eller åtferdsorienterte, flyttestudier er det mange av. Flyttemotivstudiar er som oftast av denne typen. Poenget med desse er at dei er opptekne av kva avgjerder det enkelte individ gjer med omsyn til bustad og flytting. Ofte er desse studiane lausrive frå den konteksten dei inngår i.

I den seinare tid har *struktureringsteori* fått stor utbreiing. Det er eit alternativ som søker å overkomme skiljet mellom strukturelle teoriar og aktørteoriar, og knytast som regel til Giddens sine arbeid (1984). Etter struktureringsteoriar er strukturane og aktørane to sider av same sak (ei dualisme). Aktørane (agency) skaper strukturar gjennom sine handlingar. Strukturane bestemmer ikkje åtferd, slik strukturalistane hevdar. Men det er heller ikkje slik at mennesket står fritt til å handle, slik som aktørteoriane implisitt går utifrå. Aktørane er avgrensa av normer og reglar i samfunnet. Struktureringsteorien underkommuniserer likevel den rolla som ”strukturane” har i tradisjonelle strukturelle forklaringsmåtar (Grimsrud 2000),

noko som vi ønskjer å ta omsyn til i denne rapporten. Det verdifulle med struktureringsteorien er at den framhever handlingane si rolle når det gjeld å endre strukturane.

Vi søker å sameine strukturperspektivet med aktørperspektivet når vi brukar kvalitative gruppeintervju for å få fram kunnskap om korleis informantane opplever å bu i distrikta. Det er godt egna til å få fram den konteksten som flytting og avgjerd om bustad skjer innanfor. Vanlegvis blir flytting sett på som ei målretta handling, slik som i skuv-trekk modellen (Lee 1969), som har dominert flytteforskinga i lang tid. Kvalitative tilnærmingar gjer at ein får fokusert på heilheita som flytting/busetting inngår i, og flytting blir ein del av livsprosjektet til individet. Det inneber f.eks. at ein ser flyttehandlinga som langsiktig motivert, og at den dermed ikkje berre kan grunngjevast ut frå hendingar eller forhold som oppstod like før flytting. Det er nødvendig å kjenne større delar av historia til individet for å forstå ei flyttehandling. Når ein tematiserar større delar av livshistoria, blir det også openlyst at ”årsakene” til flyttinga og avgjerd om kor ein vil bu, sjeldan kan forklarast ut frå eitt forhold. Sjølv i dei mest jobbrelaterte flyttingane er det alltid tilleggsvurderingar med i bildet som har bygd seg opp over lengre tid.

Dei som bur i distrikta er ei mangfaldig gruppe og dei forstår og tolkar bygda på ulike måtar. Deira erfaringar varierer med aldersgrupper, kjønn, kvar ein er i livsløpet, personlege omstende og sosial tilknytning. Ulike interessegrupper konkurrerer med kvarandre i å presentere ”den rette” definisjonen av bygd og ruralitet (Villa 2000). Likevel er fokuset i dag i stor grad retta mot den heterogene og mangesidige bygda.

Dei som har flytta ut frå bygda og dei som har flytta tilbake, vektlegg fordelar ved bygda i sin sosiale konstruksjon av bygdlevsstilen. Det er eit skilje mellom bygd og by der bygdene kjem positivt ut med tanke på tryggleik og nærleik mellom folk. Bygdebusettinga kan ha meir å gjere med opplevd livskvalitet enn med den lokale arbeidsmarknaden og den det lokale tenestetilbodet. Familieetablering er ein fase i livsløpet der dei positive kulturelle kategoriane relatert til bygda blir eit dominerande grunnlag for handling, i tydinga å busetje seg i bygda. Det trygge og gode ved bygda blir ein opplevd livskvalitet og ein del av rasjonaliteten bak bygdebusettinga (Villa 2000: 183).

Innbyggjarane i distrikta er ei samansett gruppe med omsyn til kor dei kjem frå. Den noverande befolkninga i ei bygd/ein kommune kan kategoriserast etter flyttehistorie. Nokre har budd i kommunen heile livet, eventuelt unntatt under utdanning, dei kallar vi *bufaste*. Andre har vakse opp i kommunen, flytta ut og så flytta tilbake. Om dei bruker vi omgrepet *tilbakeflyttarar*. Den siste gruppa er dei som er *nykommarar* til kommunen, dvs. dei som har flytta dit utan at dei har budd der tidlegare. Vi nyttar desse omgrepa både i presentasjonen av demografiske data og om informantane våre i kommunar i del II.

3 Kvinneunderskott og kvinneflukt

I dette kapitlet skal vi greie ut fenomenene kvinneunderskott og kvinneflukt generelt, og spesielt korleis det dette slår ut for Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Den såkalla kvinneflukta er forskjellig i ulike fasar av livsløpet. Datamaterialet er henta frå Statistisk sentralbyrå. Data om kjønnsamansetninga i kommunane er henta frå SSB sine nettsider, og flyttedata er henta frå publikasjonen: *Resultat av innenlandsk flytting gjennom første del av voksenlivet*. Del 2. Aktuelle befolkningstall 5/99. Til slutt i kapitlet kjem vi inn på mangfaldet av kvinner og menn i distrikta.

3.1 Forgubbing, kvinneflukt og kvinneunderskott

Forgubbing, kvinneflukt og kvinneunderskott er ord vi ofte høyrer i samband med distrikts-Noreg. At ei befolkning er ”forgubba” tyder eigentleg berre at det er forholdsvis mange gamle i forhold til unge, men ordet skaper ofte inntrykk av at distrikts-Noreg er forlate av kvinner, og berre befolka av gamle menn. Alle veit at slik er det ikkje. Likt med resten av landet er det langt fleire gamle damer enn gamle menn i distrikta. Om ein tek med alle aldersgrupper er det omtrent nøyaktig like mange kvinner som menn i distrikta. I dei tre vestlandsfylka er det 49,7 prosent kvinner dersom vi held Bergen utanfor. Jamnare kjønnsfordeling kan ein knapt forvente.

Kvinneunderskott og kvinneflukt som problem knyter seg som kjent berre til unge kvinner, nærmare bestemt kvinner i fødedyktig alder; ofte sett til alderen 20-39 år. Slik har det vore i lang tid; unge kvinner har lang tradisjon i å forlate bygdene for å finne eit utkomme, anten gjennom arbeid eller gjennom ekteskap. Analysar av folketeljinga frå 1801 fortel oss at heilt tilbake på slutten av 1700-talet reiste fleire unge kvinner enn menn frå bygdene (Oldervold 1980). Ut over 1800-talet, og byrjinga av 1900-talet var det vanleg at ”overskottet” av kvinner frå bygdene drog inn til byar og tettstader for å ”ta teneste”. For unge kvinner var dette ofte det einaste høvet dei hadde til økonomisk utkomme, om dei ikkje vart gift. Å ta teneste vart dessutan rekna som ein god måte å utvide ekteskapsmarknaden på. Denne førte f.eks. til at Kristiania på slutten av 1800-talet hadde langt fleire kvinner enn menn (130 pr 100 mann i alderen 20-60 år i 1890). Også i mellomkrigstida flytte mange ugifte kvinner inn til Oslo. Mange år seinare, på 1990-talet, resulterte denne innflyttinga i ein kraftig kvinneoverskott i Oslo.

Kvinneflukta frå landsbygda er såleis ikkje noko nytt fenomen i norsk historie, og heller ikkje i andre land det er naturleg å samanlikne seg med. På bakgrunn av analysar av folketeljingar i Storbritannia og seinare i Nord-Amerika og Europa på slutten av 1800-talet, formulerte Ravenstein 11 flyttelover kor den sjette lydde: *“Females are more migratory than males*

within the kingdom of their birth, but males more frequently venture beyond” (Ravenstein 1885:199). Kvinner har med andre ord ein lang flyttetradisjon.

Men sjølv om kvinneflukta er eit gammalt fenomen, var det ikkje før på 1980-talet den fekk plass på den distriktpolitiske dagsordenen. Det var nemleg først da ein for alvor begynte å sjå resultata av nedgangen i fødselstala som hadde vore gjennom heile 1970-talet. Kvinnene flytte ikkje i større grad enn før, snarare tvert i mot, men konsekvensane av flyttinga blei meir synlege. Ein innsåg at folketalet ikkje kunne haldast oppe på sikt dersom ikkje fleire kvinner vart buande for å føde barn. Kvinneflukta hadde vorte eit problem, og den nye kvinnerolla, der kvinna ønskte å delta i samfunnslivet på lik line med menn, vart sett på som ein trussel mot busettingsmønsteret. Ein frykta at flyttestraumen frå bygdene ville auke som følge av at det stort sett berre var byane som kunne tilby kvinner utdanning, arbeid og barnehageplassar. Dermed fekk vi distriktpolitiske verkemiddel spesielt innretta mot kvinner, der målet aldri var å gi kvinner gode levekår, men snarare å sikre koner og barn til den mannlege delen av befolkninga i distrikta (Lotherington 2001).

Dei kvinneretta distriktpolitiske verkemidla har heile tida blitt legitimert ut frå målet om å oppretthalde busettingsmønsteret (Lotherington 1997, 2001). Det har vore semje om at kvinneflukta må stoppast og helst snuast til fordel for distrikta. Så lenge ein har kunna dokumentere kvinneunderskott, har ein kunna argumentere for å bruke verkemiddel som har til mål å gjere distrikta meir attraktive for kvinner. Det ein har vore lite merksam på i denne samanhengen er at tilhøvet mellom kvinneunderskott og kvinneflukt ikkje er eintydig. Alt for ofte blir tal kvinner pr 100 mann i alderen 20-39 år brukt som mål på kvinneflukt, sjølv om målet ikkje seier noko direkte om dette. Denne typen indeks blir også ofte brukt som indikator på kor kvinnevenleg ein kommune er (f.eks. i Fredriksen sine ”Distriktskvinnescenarier, SSB Likestillingsindeks). Når ein bruker indeksen på denne måten bør ein vere merksam på følgjande:

Indeksen seier ikkje noko om underskottet eller overskottet skuldast flytting eller om det stammer frå ulike fødselstal. Innanfor ei kommunegrense kan det vere nokså store forskjellar mellom tala på fødte gutabarn og jentebarn (og dess mindre kommunen er, dess større skilnader kan det bli). Naturen er ikkje slik laga at det blir født nøyaktig like mange jentebarn som gutabarn. Faktisk ser naturen til at det totalt sett blir født litt fleire gutabarn enn jentebarn, så eit overskott av gutar i forhold til jenter er det normale over heile landet. I alle tre fylka våre er det kvinneunderskott i dei yngste aldersgruppene, heilt frå 0 år og fram til 65 år. Det seier seg sjølv at dette ikkje berre har med kvinneflukt å gjere.

Det blei t.d. i år 2000 født 88 jentebabyar pr 100 gutebabyar i Sogn og Fjordane. Dette underskottet av jenter kan modererast over dei kommande år gjennom flytting, men det skal stor netto innflytting av jenter eller netto utflytting av gutar til før Sogn og Fjordane har kjønnsbalanse for dette årskullet. Sjølv utan flytting vil altså fylket 19-38 år fram i tid ha solid

kvinneunderskott i den viktige aldersgruppa 20-39 år. Gjennomsnittleg er det slik at berre halvparten av det såkalla kvinneunderskottet i distriktskommunane skyldast flytting.

Eit anna forhold ein må hugse i denne samanhengen er at kjønnsbalanse, og til og med kvinneoverskott, kan opptre samtidig med at ein kommune har kvinneflukt. Og omvendt: Ein kommune kan ha kvinneunderskott sjølv om den ikkje har kvinneflukt. Fedje er eksempel på ein kommune som har kvinneoverskott i alderen 20-39 år, men årsaka til dette er ikkje mykje å skryte av: Dei er ein av dei verste fråflyttingskommunane i Hordaland, og dei mister relativt fleire menn enn kvinner. Så sjølv om kvinneunderskott i mange samanhengar kan brukast som indikator på at kommunane har problem med å rekruttere kvinner, må ein ikkje bli narra til å tru at kvinneoverskott/kjønnsbalanse betyr at kommunen ikkje har slike problem. Eller omvendt, kommunen treng ikkje å ha problem om det er kvinneunderskott. Av denne grunnen skal ein også tenkje seg om før ein bruker målet som ein indikator på grad av ”kvinnevelvilje”.

I løpet av dei siste par tiåra, særleg det siste, har utviklinga gått i retning av betre kjønnsbalanse over heile landet. Kvinneunderskottet i distrikta er samla sett redusert, og kvinneoverskottet i storbyane er redusert.


3.2 Kvinneunderskottet i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

Kartet i figur 3.1 på side 33 viser kjønnsfordelinga i aldersgruppa 20-39 år pr 1.1.2001 i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Dei fleste av kommunane (68 av 98) i dei tre fylka har eit såkalla kvinneunderskott, og har blå farge i figuren. Det er kommunar av alle slag: Store og små, sentrale og perifere, og med ulik næringsstruktur. Kvinneunderskott er her definert som mindre enn 94 kvinner pr 100 mann. Landsgjennomsnittet er 96 kvinner pr 100 mann. Av dei 68 kommunane med kvinneunderskott peikar 22 seg ut med svært stort underskott; dvs. færre enn 86 kvinner pr 100 mann. (Desse er farga mørkeblå i kartet). Ein kan merke seg at meir enn halvparten av dei er kystkommunar, og at alle har ein næringsstruktur som tradisjonelt har favorisert menn. Fiske, landbruk og/eller industri står relativt sterkt i alle desse kommunane. Likevel vil vi åtvare mot å tolke dette som at det er ein eintydig samheng mellom næringsstruktur og kvinneunderskott. Det er lett å finne eksempel på tilsvarende kommunar som ikkje har spesielt stort kvinneunderskott.

Dei grå kommunane (21 stk.) i kartet har tilnærma balanse mellom kjønna, dvs. 94-98 kvinner pr 100 mann. Halvparten av desse er byar, store tettstader eller kommunar som ligg nær desse. Den andre halvparten er meir typiske utkantkommunar. For utkantkommunane sin del må ein hugse at desse også er små i folketal, og dermed kan relativt få personar gjere store utslag.

Det er åtte kommunar med kvinneoverskott. Dei har raud farge. Halvparten av desse er senterkommunar eller omland til regionale sentra (Frei, Volda, Leikanger, Førde, Vaksdal). I likskap med mange av dei "balanserte" kommunane utgjer desse kommunane sjølv relativt store arbeidsmarknader, eller dei er del av store arbeidsmarknader, der tenesteytande næringar står sterkt, og dei har også relativt stort innslag av arbeidsplassar for høgt utdanna. I tillegg til desse relativt sentrale kommunane, er det kvinneoverskott også i dei små og perifere kommunane Fedje, Modalen og Jondalen. Her er det berre 2-5 personar som gjer utslaget. Aurland er ein annan liten kommune, men her er skilnaden veldig stor, heile 116 kvinner per 100 menn i denne alderen.

Sjølv om vi ovanfor har vist til ein viss samanheng mellom grad av kvinneunderskott på den eine sida og næringsstruktur, sentralitet og storleik på den andre, viser kartet og anna statistisk materiale at desse samanhengane langt frå er eintydige. Det er heller ingen klar samanheng mellom det å ha god kjønnsbalanse/kvinneoverskott, og det å ha vokster i folketallet generelt sett. Å ha kjønnsbalanse/kvinneoverskott er dermed ikkje nødvendigvis eit uttrykk for at kommunen ikkje har dei tradisjonelle distriktsproblema knytte til uttynning og nedgang i folketallet.



Figur 3.1 Kjønnsfordeling i aldersgruppa 20-39 år i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, pr 01.01.2002

3.3 Kvinneunderskottet og livsløpet: Regionale variasjonar

Kvinneunderskott og kvinneflukt heng som nemnt saman, om enn ikkje på nokon eintydig måte. Både flyttetendensen og flyttemønsteret til mennene og kvinnene varierer over livsløpet, særleg innanfor aldersfasen 20-39 år, som er den aldersfasen som oftast blir brukt i målet på kvinneunderskott/kjønnsfordeling. Dermed skjuler dette målet at kvinneunderskottet i regelen er svært høgt i byrjinga av fasen, og at kjønnsfordelinga jamnar seg ut mot slutten av fasen. Gjennomsnittleg flytter 80 prosent av jentene i kvart årskull frå oppvekstkommunane sine dersom denne er ein utkantkommune. Tilsvarande tal for menn er 65 prosent. Jentene flyttar ut tidlegare enn gutane, noko som fører til at kvinneunderskottet tidleg i 20 åra blir særst høgt. Dei jamnar seg noko ut etter kvart som gutane også forlèt heimstaden. I tillegg fører innflytting av nye kvinner til at kvinneunderskottet i alderen 30-39 blir redusert. (Innflyttinga av kvinner er mykje høgare enn innflyttinga av menn til distriktskommunar). Tilbakeflyttinga (15-20 prosent av årskulla) har vore omtrent like stor for kvinner som for menn, men for årskull fødte tidleg på 1960-talet ser vi at tilbakeflytting av menn er redusert meir enn blant kvinner.

Denne ulikskapen i flyttetendens og flyttemønster over livsløpet får regionale konsekvensar. Unge vaksne, jenter i litt større grad enn gutar, flyttar ofte til ein storby. Dermed får storbyane ein heller stor del av unge vaksne. I statistikken finn vi teikn på at storbyane gjennom 1990-talet er blitt stadig meir populære som bustader for unge vaksne, noko som er mest tydeleg for Oslo sin del. I Oslo har ein i dag nesten tre gonger fleire kvinner i alderen 28 år enn det tal jenter som blei født i byen for 28 år sida. Tilsvarande bur det 2,6 gonger så mange 28 år gamle menn der som det Oslo sjølv har født fram. Det er med andre ord eit overskott av kvinner i denne aldersgruppa i Oslo, så vel som i dei andre storbyane.

At storbyane dreg til seg mange unge vaksne er ikkje noko nytt, og det heng naturlegvis saman med at dei store utdanningsinstitusjonane er lokaliserte der, dei har den mest allsidige arbeidsmarknaden og dessutan også flest arenaer for utfolding av sosialt liv. Når storbyane rundt tusenårsskiftet synest meir populære enn nokon gong tidlegare, betyr det også mykje at ideala for dei unge vaksne i dag er urbane. Frønes og Brusdal (2000) meiner at TV-serien "Friends" er eit typisk eksempel på dette. I denne serien er heltane unge vaksne med samliv og seksualliv. Dei er opptekne av å finne seg ein ståstad i forhold til yrke og kjærleik, og understrekar verdien av venskap. Der familien tidlegare fylte livet til denne aldersgruppa, er det nå den utdjupande, forståande venskapen som dominerer. Ein urban kontekst blir framstilt som å vere avgjerande for denne typen liv; det er berre den som gir mange nok moglegheiter for å treffe interessante menneske, og for utprøving av ulike yrke, fritidsopplevingar og seksualpartnarar. Storbyen sine høge bustadprisar krev dessutan at dei unge må finne nye buformer, det er blitt meir fordelaktig å bu saman med vener enn aleine eller saman med ein partner. Dermed set også dette ei ramme for den urbane veneorienterte livsstilen.

I befolkningsstatistikken ser vi at storbyane sin popularitet minkar monaleg for dei unge kvinnene ettersom dei kjem i 30-årsalderen. Da flytter dei ut av storbyane. Veldig mange flytter til storbyane sitt omland, og mange flytter tilbake til dei regionane dei kjem frå. Andre flytter til andre stader i landet eller til utlandet. Ein av konsekvensane er at storbyane har eit kvinneunderskott blant 35 åringane, utan at vi nokon gong har høyrte om det som noko problem. Storbyar og utkantkommunar har her eit fellestrekk: De har fleire menn enn kvinner i aldersgruppene rundt 35 år.

Litt lenger opp på aldersskalaen, rundt 40 år, har dette jamna seg meir ut att for da har ein fått med effekten av at mange menn også har forlate storbyane. Når menn forlèt storbyane litt seinare enn kvinner, heng det saman med at i heterofile forhold er mannen som regel nokre år eldre enn kvinna.

Denne utflyttinga frå storbyane er i stor grad eit resultat av at dei unge vaksne er ferdig med ”søkje- og prøvefasen” og er komne over i ”etableringsfasen”. Nå tel omsynet til familien meir, og ein flytter til meir familievenlege strøk for meir permanent bustadetablering. Nå blir bustad, skuletilbod, trygge oppvekstvilkår for barn og nærleik til familie vektlagt monaleg meir enn da dei var yngre. I statistikken ser vi også at småbarn under skulealder flyttar ut i stor stil. Oslo har gjennom fleire år hatt flyttetap for småbarn. Foreldra flyttar ofte ut av storbyane før eldste barnet skal begynne på skulen. Det er relativt få barn som flyttar mens dei går i grunnskulen.

Dei store vinnarane i dette flyttespelet er storbyane sitt omland. Dei har dessutan som regel høgt kvinneoverskott som følgje av innflytting. Mellomstore byar og tettstader får også vekst i folketalet. Mindre tettstadkommunar og utkantkommunar får i beste fall redusert flyttetapet dei har for unge aldersgrupper.

På denne måten ser vi korleis flyttemønsteret påverkar aldersprofilen i ulike typar kommunar, og korleis kvinner og menn sine livsløp er ulikt fasa slik at kjønnsbalansen varierer over ulike aldrar.

Kjønnsbalansen er på sitt jamnaste ved 35-50-årsalderen, nett fordi dei fleste da lever i eit heterofilt samliv. I dei tidlegaste aldersfasar er det kvinneunderskott som følgje av ulikskapar i fødselstal, i ung-vaksenfasen kan skilnader i større grad knytast til forskjellar i kvinner og mennene sine flyttemønster. I aldersgruppene over 50 år slår forskjellar i dødsfall inn, og reduserer eit eventuelt kvinneunderskott.

3.4 Kvinneflukta i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

I dette avsnittet presenterer vi nokre flyttedata som er basert på eit livsløpsperspektiv, dvs. flyttarane er følgt over ein livsfase frå dei var 15 år til dei fylte 35 år. Det er i løpet av denne

aldersfasen folk flytter mest. Vi har valt å presentere netto flyttetal for gjennomsnittet av seks årskull fødte i tidsrommet 1957-62. Grunnen til at vi har valt ut så gamle årskull er at det er dei meir varige resultata av flytting vi er ute etter; folk har som regel gjort unna flyttingane sine når dei har fylt 35 år. Dersom vi hadde teke med unge folk ville desse flytteresultata vore meir usikre, fordi folk moglegvis vil flytte fleire gonger før dei slår seg til ro.

På kartet i figur 3.2 side 38 har vi først delt kommunane inn etter om dei har tilnærma flyttebalanse, stor netto utflytting av kvinner eller stor netto innflytting av kvinner. Deretter er "kvinnefluktkommunane" og "kvinnevekstkommunane" delte i tre grupper kvar, etter kor stor forskjell det er i tap/gevinst mellom kvinner og menn.

Kvinnefluktkommunane

Alle dei raude kommunane i kartet, til saman 77, har netto fråflytting av kvinner større enn fem prosent av årskulla. Dei fleste av kommunane opplever med andre ord ei kvinneflukt. Det er til dels store forskjellar i kor store kvinnetap desse kommunane har; det varierer frå 5 til 60 prosent av årskulla. Her har vi likevel ikkje lagt vekt på å få fram desse forskjellane, men heller konsentrert oss om forskjellen mellom netto fråflytting av menn og av kvinner innanfor ein kommune.


Blant kvinnefluktkommunane skil 14 seg ut ved at dei taper endå fleire menn enn kvinner (og bør kanskje omtalast som mannsfluktkommunar). Desse kommunane har mellomraud farge. Kommunane er nokså ulike når det gjeld storleik, sentralitet og folketettleik. I den grad vi kan seie at dei har noko felles, er det at dei fleste (bortsett frå Fedje, Askvoll og Stordal som også har relativt stort innslag av primære og/eller sekundærnæringar), har eit dominerande innslag av tenesteytande næringar.

Dei mørke raude kommunane er det flest av, heile 34, og desse kommunane har eit markant større kvinnetap enn mannstap. Dette er dei verkelege kvinnefluktkommunane. Møre og Romsdal har flest av dei, mens Sogn og Fjordane har færrest. Eit fellestrekk blant mange av desse kommunane er at dei har relativt stort innslag av industriarbeidsplassar, sjølv om dei tenesteytande næringane dominerer også i desse kommunane. Dei er små, spreidtbygde og ligg som regel utanfor pendlingsavstand til større sentra. Dei lyse raude kommunane taper omlag like mange kvinner som menn, og skil seg ikkje vesentleg frå dei kommunane som taper vesentleg fleire kvinner enn menn.

Flyttebalansen og kvinnevekstkommunar

Dei 15 blå kommunane har netto innflytting av kvinner (ikkje nødvendigvis av menn). Desse kommunane har mange likskapstrekk med dei kommunane som har tilnærma flyttebalanse og som er farga grå på kartet. Det dei har til felles er at dei fleste er relativt store tenesteytande sentra eller dei er del av omlandet til slike kommunar. I Hordaland er dette Bergen og omlandskommunane, Lindås, Os, Fjell, Sund og Meland. I tillegg kjem Stord. I Sogn og

Fjordane er det dei regionale sentra og naboane deira: Flora, Førde og nabokommunen Gaular, Eid og nabokommunen Hornindal og Sogndal. I Møre og Romsdal er Ålesund og naboane Sula og Sykkylven, Molde, Frei (omland til Kristiansund). Dei små kommunane Modalen og Ørskog er også med i denne gruppa.



Figur 3.2 Flyttemønster i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

3.5 Kvinner og menn i distrikta – ei samansett gruppe

Dei som bur i distrikta i dag, er ikkje dei som vart att etter at dei andre flytta. Dei er ei samansatt gruppe med omsyn til kor dei kjem frå. Tabellen i vedlegg 1 viser korleis den nåverande befolkninga kan delast inn etter flyttehistorie: Om dei har vore bufaste dei siste 20 åra, om dei i denne perioden har flytta ut og så attende att, eller om dei er nykommarar til kommunen. Det første ein legg merke til er at i alle kommunane er det slik at delen bufaste menn er mykje høgare enn delen bufaste kvinner. I kommunar med netto fråflytting er ofte er 50-60 prosent av mannfolka bufaste, mens delen bufaste kvinner varierer mykje meir, frå 5-40 prosent.

På den andre sida er delen kvinnelege nykommarar mykje høgare enn delen mannlege nykommarar. I mange fråflyttingskommunar eller kvinnefluktkommunar har vi det tilsynelatande paradoks at meir enn halvparten av kvinnene er nykommarar. Delen tilbakeflyttarar varierer i regelen mykje mindre mellom kjønna enn delen bufaste og nykommarar. Av flyttedebatten får ein ofte inntrykk av at det er mangel på kvinnelege tilbakeflyttarar som er årsaka til at folketalet går ned. Tabellen i vedlegg 1 viser at delen mannlege tilbakeflyttarar i om lag halvparten av kommunane er lågare enn delen kvinnelege tilbakeflyttarar.

Dette seier indirekte at flyttemønsterar til kvinner og menn er forskjellige. Kvinner står ikkje berre for mesteparten av utflyttinga frå kommunane, dei står også for mesteparten av innflyttinga, uavhengig av om det er ein senter- eller utkantkommune.

Desse tala gir oss grunnlag for å spørje korleis denne befolkningssamansettinga er med på å prege distriktssamfunna. Kva har det å seie at halvparten av mannfolka i ein distriktskommune er bufaste, mens halvparten av kvinnene er nykommarar? Er det f.eks. slik at mannfolka som er oppvaksne og har røtene sine i kommunen, føler at dei "eig" staden og derfor har ein sjølvskriven rett til å bestemme over utviklinga av staden?

4 Utdanningsekspløsjonen og arbeidsmarknaden

Utdanningsnivået har endra seg dramatisk dei siste 20 – 30 åra. Kva konsekvensar har det for busetting i distrikta? Forholda på arbeidsmarknaden har også konsekvensar for distrikta. I denne samanhengen har også dei landbrukspolitiske verkemidla meining for å oppretthalde busettinga. Dette er tema vi retter søkelyset mot i kapittel 4.

4.1 Fører auka utdanning til auka fråflytting?

Tradisjonelt har utdanning ført ungdom ut av distrikta. For det første måtte distriktsungdommen til byane for å utdanne seg, og for det andre var det nesten berre byar og større tettstader som hadde relevante arbeidsplassar. Så lenge det var eit fåtal som tok vidaregåande og høgare utdanning var det ein klar statistisk samanheng mellom utdanningsnivå og flytting: Dess meir utdanning, dess større flyttetendens. Sidan 1970-talet har stadig fleire teke utdanning, men samanhengen mellom utdanning og flytting har blitt svekka. Ei av årsakene til det er at vidaregåande utdanning ikkje lenger fungerer like kraftig som eit skilje i arbeidsmarknaden. Nå tek om lag 90 prosent av 16-18 åringane vidaregåande utdanning, mot 55 prosent i 1975. Delen som tek høgare utdanning har også auka mykje, frå 12 prosent av 19-24 åringane i 1983 til vel 30 prosent i dag.

Det er fleire trekk ved denne utdanningsekspløsjonen som er interessante i samanheng med distriktsutviklinga. For det første har det skjedd ei utjamning mellom sentrale og perifere strøk av landet når det gjeld tendensen til å ta utdanning; ungdom frå Oslo tek ikkje meir utdanning enn ungdom frå andre fylke. For det andre er det ikkje lenger slik at kvinner er i mindretal blant studentane ved høgskular og universitet. Dei seinare åra har dei faktisk vore i fleirtal. Eit interessant spørsmål er korleis denne utviklinga har påverka og kjem til å påverke flytte- og busettingsmønsteret for kvinner og menn.

Samanhengen mellom utdanningsnivå og flytting frå distrikta er som nemnt redusert. Fleire forskarar har dokumentert at flyttetapet frå distriktskommunar er redusert blant årskull der stordelen har teke utdanning samanlikna med årskull som ikkje har teke del i utdanningsekspløsjonen (Heggen og Olsen 1995, Sørli 1995, Grimsrud 1999, Fosso og Alvheim 2001). Forklaringane bak ei slik utvikling er samansette. Utbygginga av skule- og utdanningstilbod i stadig fleire kommunar har ført til at fleire har fått tilgang til meir utdanning utan å måtte flytte. Dessutan tek mange av dei som skal overta eigeleg og forretningsdrift i distrikta nå utdanning mens dei ventar på å overta næringsdrifta heime. Tidlegare valde dei av same grunn bort utdanning. I tillegg kjem naturlegvis utviklinga i arbeidsmarknaden, der spesielt utbygginga av offentleg sektor førte med seg etterspørsel etter utdanna arbeidskraft over heile landet.

Utbygginga av offentlig sektor var spesielt viktig for kvinnene sitt inntog i arbeidsmarknaden, og inneheld nok mykje av forklaringa på kvifor kvinneflukta frå distrikta er redusert meir enn mannsflukta. For stikk i strid med kva distriktspolitiske styresmakter frykta da kvinnene for alvor tok til å ta utdanning utover 1970-talet, så er kvinneflukta frå distrikta redusert snarare enn auka blant desse årskulla (Heggen og Olsen 1995, Grimsrud 1999).

Om ein får same effekt på høgare utdanningsnivå ettersom stadig større delar av kulla har slik utdanning, er for tidleg å seie. Heggen og Olsen (1996) har studert utdannings- og lokaliseringsplanane til dei tre årskulla 1962, 1967 og 1972-73 i ti distriktskommunar i Møre og Romsdal og har, ikkje overraskande, funne at fleire og fleire ønskjer å ta høgare utdanning, særleg blant jentene. Meir overraskande er det at utorienteringa blant dei yngste jentene er markert lågare enn blant dei eldste: Fleire unge jenter ønskjer altså både høg utdanning og å busetje seg lokalt. Blant gutane var det derimot slik at dei yngste gutane i større grad enn dei eldste ønskte seg ut av lokalsamfunnet. Dersom desse følgjer planane sine vil det seie at kvinner og menn sine flyttemønster blir meir like, noko vi ser tendensar til fleire stader (Sørli 1995, Grimsrud 1999).

Vi har altså ein situasjon der vi ser ei utjamning mellom by- og distriktsungdom med omsyn til det å ta utdanning. Samtidig blir stadig fleire av dei som tek utdanning buande i distrikta. Det er altså ikkje lenger berre innflyttarar som har dei utdanningskrevjande jobbane i distrikta. Likevel er det grunn til å peike på at gapet mellom sentrum og periferi er aukande, fordi flyttestraumane er selektivt samansette. Innflyttinga omfattar færre med høg utdanning enn tidlegare.

4.2 Utdanningstype og busetting

Sjølv om kvinner i langt større grad enn tidlegare, og i større grad enn menn, tek høg utdanning, vel dei framleis tradisjonelle jentefag. Men også er her er det endringar på gang. Tradisjonelt mannsdominerte fag som jus, medisin og samfunnsfag er i ferd med å bli dominert av kvinner. Samtidig stig kvinndelen i klassiske kvinnefag som språk, undervisning og humanistiske fag. Når det gjeld tradisjonelle jentefag som sjukepleie, allmennlærer og førskulelærer så er mannsandelen faktisk redusert dei siste 10 åra (SSB, Aktuell utdanningsstatistikk).

Fleire menn enn kvinner ser ut til å ha problem med overgangen til kunnskapssamfunnet. Og forskjellen mellom kjønna ser ut til å vere størst i tradisjonelle primærnærings- og industriområde. Illustrerande for dette er delen unge kvinner og menn under høgare utdanning i ulike fylke. I 1998 var 24 prosent av mennene og 30 prosent av kvinnene i aldersgruppa 20-24 år i Akershus under utdanning. I Finnmark var tilsvarande tal for menn 15 prosent og for kvinner 27 prosent. I Nord-Trøndelag er forskjellane størst mellom kjønn, der er 24 prosent menn og 38 prosent kvinner under utdanning. Forskjellane er minst i Oslo der 22 prosent av

mennene og 25 prosent av kvinnene er under utdanning⁷. Den geografiske variasjonen i forskjellar mellom kvinner og menn når det gjeld å ta høgare utdanning, forsterkar seg gjennom flytting. Resultatet av dette er at byene har større del menn enn kvinner med høg utdanning, medan distrikta har høgare del kvinner enn menn med høg utdanning. For dei tre vestlandsfylka er delen av befolkninga over 16 år som har fullført høgare utdanning i år 2000: Hordaland: Kvinner 22 % og menn 21,9 %, Sogn og Fjordane: Kvinner 18,9 % og menn 15,6 %, Møre og Romsdal: Kvinner 17,3 % og menn 16% (Kommunestatistikk 2002, SSB).

Til nå har det vore tradisjonelle kvinneyrke innanfor utdanning, helse og omsorg som har nytt godt av kvinnene si aukande utdanning. Yrka har vore i offentleg sektor og også forholdsvis spreidd rundt om i landet. Vil dette halde fram når kvinner i aukande grad tek andre typar utdanningar som passar betre innanfor byane sin arbeidsmarknad? Vi ser allereie at kvinner er på frammarsj i yrke innan forskning og høgare utdanning, i administrasjon, i kultursektoren, blant legar og juristar.

Fleire forskarar meiner at det blir lagt for stor vekt på tydinga av utdanning og arbeid når fråflytting og den negative flyttebalansen i distrikta skal forklarast. På den eine sida er det ikkje til å komme bort frå at søken etter utdanning fører veldig mange ut av bygdene. Og bygdeungdom utdannar seg ofte bort frå oppvekstkommunane sine, men slett ikkje alle. Mange vel utdanningar som ville passa svært godt på heimstaden. Vi ser dessutan at innflyttarar har same kjønn, alder og utdanning som utflyttarane. Det er med andre ord ikkje utdanninga som gjer at ungdommen ikkje busett seg i oppvekstkommunen sin.

Og på den andre sida er det knapt nokon som vil argumentere mot at relevante arbeidsplassar er ein lokaliseringføresetnad for dei fleste. At tilgangen på arbeidsplassar er viktig er det heller ingen tvil om når vi ser på flyttestatistikken. Det er høgare netto tilflytting til område med stor tilgang på arbeidsplassar. Det er heller ikkje til å komme bort frå at det er eit misforhold mellom mange av utflyttarane sine yrke og dei yrke som lèt seg oppdrive på heimstaden, men samsvaret kan vere like stort. Mange kvinner som jobbar i helse og omsorgsykke i byane, kunne fått tilsvarande jobbar på heimstadane sine. På heimstadane er det i staden tilflytta kvinner som har desse jobbane.

Intervju med nykommarar og tilbakeflyttarar viser at jobb er nødvendig for dei fleste, men at jobb aleine sjeldan ville ført til flytting. For tilbakeflyttarane var nettopp ønsket om å flytte tilbake til oppvekststaden, til staden dei føler seg heime, svært viktig. Mange utsette tilbakeflytting i påvente av brukbare jobbar, andre tok det dei kunne få i påvente av at noko betre skulle dukke opp.” Bulysten” var altså avgjerande. Slik var det også med ein del nykommarar. Mange nykommarar flytter til distrikta på grunn av giftarmål og liknande, og dei tilpassar seg den arbeidsmarknaden som finst (Grimsrud 2000).

⁷ Tala er henta frå Frønes og Brusdal (2000). Vi har ikkje tilsvarande tal for dei tre vestlandsfylka.

4.3 Nokre fakta om den norske arbeidsmarknaden

Samanlikna med dei fleste andre land er yrkesdeltakinga i Noreg høg, blant dei høgaste i OECD-området. Spesielt gjeld dette blant eldre og blant kvinner. OECD har rekna ut yrkesfrekvensen i Noreg til 81 prosent. Til samanlikning er gjennomsnittet i EU 68 prosent og OECD-gjennomsnittet 70 prosent. Dei høge sysselsettingsfrekvensane i Noreg må sjåast i samanheng med at delen deltidssysselsette er relativt høg, og at gjennomsnittleg arbeidstid per sysselsett derfor er relativt låg. Arbeidsløysa i Noreg vart kraftig redusert på 1990-talet, og er blant dei lågaste i OECD-området. I 1999 utgjorde arbeidssøkjarar utan arbeidsinntekt 3,2 prosent av arbeidsstyrken, går det fram av SSB si arbeidskraftundersøking. Den gjennomsnittlege arbeidsløysa i EU ligg tre gonger så høgt.

Den norske arbeidsmarknaden er sterkt kjønnssegregert. Kvinner og menn er i stor utstrekning i forskjellige yrke og på forskjellige arbeidsplassar. Kvinner er for eksempel i klart fleirtal i omsorgsyrka i offentleg sektor. Yrkesgruppa pleiearbeid omfattar 40 prosent av dei sysselsette kvinnene, og innan pleiearbeid utgjer kvinnene i dag 93 prosent av dei sysselsette. Innan jern og metallvarearbeid utgjer dei 3 prosent. I tillegg til horisontal segregering, er den norske arbeidsmarknaden også vertikalt segregert. Det vil seie at kvinner og menn er ulikt fordelte i stillingshierarkiet. Delen kvinner med leiarstilling var i 1995 på 11 prosent, tilsvarende del blant menn var på 28 prosent. I låglønnsyrke og deltidsjobbar er det ei overvekt av kvinner.

På slutten av 1980-talet og byrjinga av 1990-talet var det ein nedgangskonjunktur i den norske økonomien som førte til ei relativt høg arbeidsløyse. Denne ramma i sterkare grad menn enn kvinner. På 1990-talet styrkte kvinnene si stilling på arbeidsmarknaden. Yrkesaktiviteten auka for alle grupper av kvinner, og det vart vanleg å vere yrkesaktiv over heile livsløpet. Det betyr at kvinner er yrkesaktive også i dei fasar av livet da dei har omsorg for små barn (Jensen 2000). Men det er framleis flest kvinner som arbeider deltid. I 1972 hadde litt over halvparten av dei sysselsette kvinnene i alderen 20-66 år ei deltidstilknytning til arbeidsmarknaden. I 1996 var deltidssiden redusert til 44 prosent. Det er først og fremst delen med kort deltid som har gått ned, mens delen med lang deltid har vore meir stabil (Jensen 2000).

Delen menn med heiltidstilknytning til arbeidsmarknaden har lege stabilt på over 90 prosent i den same tjuefemårsperioden. Jensen tolkar desse tala som at det framleis kan vere rimeleg å snakke om ei eiga kvinneleg tilpassing til arbeidsmarknaden. Men ho presiserer at dette må gjerast med varsemd fordi det er store forskjellar mellom ulike grupper av kvinner. Forskjellane er først og fremst knytte til utdanning. Det er kvinner med den høgaste utdanninga som har høgast yrkesfrekvens og lengst arbeidstid både i 1972 og i 1996. Tendensen til at høg utdanning gir høg yrkesdeltaking og lang arbeidstid er forsterka i perioden.

Jensen (2000) har særleg fokusert på kvinner som er ferdig med småbarnsfasen, definert som kvinner mellom 35 og 55 år med minste barn over 7 år. For denne gruppa auka yrkesdeltakinga frå 56 prosent i 1972 til 83 prosent i 1996, mens delen som arbeidde heiltid auka frå 37 til 49 prosent. Men framleis arbeidde altså over halvparten av dei kvinnene som var ferdig med småbarnsfasen deltid. Jensen si forklaring på dette er at også barn over 7 år krev mykje tid og omsorg, og at kvinner truleg gjer eit val mellom tid og pengar. Tid frigjort frå lønnsarbeid blir av mange prioritert før det å ha ein sterkare familieøkonomi.

Trass i høg yrkesdeltaking blant kvinner og relativt små lønnsforskjellar mellom menn og kvinner, har Noreg og Skandinavia arbeidsmarknader som internasjonalt markerer seg med ei klar horisontal kjønnsdeling. Kvinnene er i stor grad konsentrert i oppvekst- og omsorgsyрке, i reinhald, i lågt kvalifisert kontorarbeid og i offentleg forvaltning. Så seint som i 1992 var nesten halvparten av dei yrkesaktive kvinnene i Noreg i yrke der meir enn 85 prosent av yrkesutøvarane var kvinner (Hansen 1995). 44 prosent av kvinnelege arbeidstakarar i Noreg er sysselsett i offentleg sektor, og da særleg innanfor helse- og sosial- og undervisningssektoren. Til samanlikning har 20 prosent av mennene sin arbeidsplass i offentleg sektor. I 1996 var 97 prosent av dei tilsette i den kommunale helse- og sosialtenesta kvinner (SSB Sosialt Utsyn 1998).

Som nemnt er det i Noreg små lønnsforskjellar mellom kvinner og menn i same yrke, i forhold til tilsvarende forskjellar i andre land. Den klare kjønnsforskjellen når det gjeld kva yrke kvinner og menn går inn i, gjer at det likevel er store lønnsforskjellar mellom kjønna. Kvinner går i større grad enn menn inn i låglønnsyrke. Ein kan sjølv sagt stille spørsmålet om lønna er låg fordi det er mange kvinner i desse yrka. Men lønnsforskjellar mellom yrke er oftast stabil over lang tid, dvs. det er godt kjent kva yrke som er lågt lønna. Likevel søker kvinner til utdanningar og yrke som gir låg lønn. Ellingsæter og Rubery (1997) meiner at offentleg sektor ofte står fram som meir attraktiv enn privat sektor for kvinner. Offentleg sektor gir “trygge” arbeidsplassar, offentleg sektor tilpassar seg og følgjer reglar som sikrar arbeidstakarane sine interesser generelt, offentleg sektor tek politiske signal om utjamning og likestilling mellom kjønna meir alvorleg og offentleg sektor er meir villig til å bruke deltidsstillingar og gi permisjonar enn privat sektor. Desse forholda gjer småbarnforeldra si tilpassing til arbeidsmarknaden enklare. Offentleg sektor har også spesielle tiltak og program for å svekkje den vertikale arbeidsdelinga mellom kjønna, dvs. spesielle tiltak for å få kvinner inn i offentlege leiarstillingar.

Ser vi på næringsstrukturen i dei tre fylka er det ikkje store ulikskapane mellom dei tre vestlandsfylka og landet totalt, jf. tabell 4.1.

Tabell 4.1: Næringsstruktur etter kjønn. Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Noreg. 4. kv. 2000 (prosent)

	Hordaland		Sogn og Fjordane		Møre og Romsdal		Heile landet	
	Næringsstruktur	Kvinne-del	Næringsstruktur	Kvinne-del	Næringsstruktur	Kvinne-del	Næringsstruktur	Kvinne-del
Primærnæringar	2 %	23 %	8 %	20 %	4 %	18 %	3 %	19%
Industri og bergverk	17 %	22 %	21 %	24 %	23 %	27 %	16 %	24%
Bygg og anlegg	7 %	10 %	8 %	9 %	7 %	8 %	7 %	9%
Varehandel, hotell og restaurant	17 %	53 %	14 %	56 %	16 %	54 %	18 %	49%
Samferdsel	8 %	26 %	7 %	22 %	8 %	21 %	8 %	28%
Bank, forsikring, forr. tenesteyting	11 %	43 %	6 %	48 %	7 %	46 %	12 %	43%
Offentleg administrasjon	6 %	45 %	8 %	63 %	5 %	50 %	7 %	49%
Undervisning	9 %	63 %	7 %	61 %	8 %	64 %	8 %	64%
Helse og sosial	18 %	83 %	15 %	84 %	17 %	86 %	17 %	83%
Anna tenesteyting	3 %	55 %	3 %	57 %	3 %	58 %	4 %	56%
Ufordelt	1 %	51 %	3 %	52 %	4 %	30 %	2 %	53%
Sum i %	100 %	47 %	100 %	45 %	100 %	45 %	100 %	46%
Sum i tal	199 113	92 904	47 550	21 524	105 791	47 454	2100 647	972 994

Forskjellane er små innan næringar som bygg og anlegg, samferdsel, offentleg administrasjon, undervisning, helse og sosial og anna tenesteyting. Sogn og Fjordane skil seg ut med ein høgare del primærnæringar, og saman med Møre og Romsdal har fylket ein høgare del industri og bergverk enn resten av landet. Varehandel, hotell og restaurant har ei noko svakare stilling i Sogn og Fjordane enn i Noreg sett under eitt (absolutte tal i vedlegg 2).

Tabellen stadfestar at arbeidsmarknaden i Noreg er kjønnssegregert. Kvinner er i mindretal i primærnæringane, industri og bergverk, bygg og anlegg og samferdsel. Kjønnssfordelinga er omtrent lik innanfor varehandel, hotell og restaurant, bank, forsikring og forretningsmessig tenesteyting, offentleg administrasjon og anna tenesteyting. Sogn og Fjordane skil seg likevel ut med ein høgare kvinne-del enn landet elles i offentleg administrasjon. Innan undervisning og spesielt innan helse og sosial er kvinner som nemnt i fleirtal.

4.4 Distriktsarbeidsmarknaden sin funksjonsmåte - moglegheiter og barrierar

Det er ein klar tendens til at menn i aukande grad blir utsette for marginaliseringsprosessar, særleg gjeld det menn med låg utdanning. Det er også ein klar tendens til at den delen menn som blir heilt arbeidsledige ved nedgangskonjunkturar nå er større enn for kvinner. Menn arbeider generelt i meir konjunkturutsette næringar, som industri og bygg og anlegg, mens kvinnene sin hovudbase er velferdssektoren.

Grensene mellom sysselsetting og arbeidsløyse er i ferd med å bli meir komplekse. Særleg dei unge kvinnene opptrer på nye måtar i samband med utdanning og arbeidsmarknad i høve til tidlegare generasjonar av kvinner. Velfredsstaten utgjer ei alternativ kjelde til økonomisk forsørging og aktivitet, gjennom arbeidsmarknadstiltak og utdanning (Ellingsæter og Wiers-Jenssen 1997).

Endringane i arbeidsmarknaden har ulike konsekvensar for forskjellige grupper av kvinner. Verken kvinner eller menn kan vurderast som homogene grupper. Moglegheitene innan arbeidsmarknaden blir påverka av andre faktorar enn kjønn, f.eks. alder og fase i livsløpet, kjenneteikn ved lokale arbeidsmarknader, og ikkje minst utdanning. Arbeidsmarknaden sin struktur varierer også mellom ulike geografiske område, og økonomisk omstrukturering vil derfor få ulike regionale følgjer. Kvinnene sine regionale sysselsettingsmønster er avhengige av utviklinga i kommunesektoren. I nedgangskonjunkturen på 1980-talet gjekk sysselsettinga blant kvinner minst ned i regionar som i størst grad var avhengig av offentlig sektor, dvs. i dei nordlegaste fylka. Størst reduksjon i sysselsettinga var det blant menn på Austlandet (Ellingsæter og Wiers-Jenssen 1997).

Utdanning er ei av dei viktigaste kjeldene til ulikskap i samband til arbeidsmarknaden, både blant kvinner og menn. Utdanningsnivået har ein meir polariserande effekt på arbeidsmarknaden for kvinner enn for menn, ein effekt som ikkje er redusert på 1990-talet. Det er utdanning heller enn kjønn, dvs. at det er tradisjonelle klasseskilje, som utgjer den største risikoen for å bli ekskludert frå den norske arbeidsmarknaden. Gruppene med lågast utdanning blant både kvinner og menn har høgast arbeidsløyse. Samtidig er det ein tendens til at menn har høgare arbeidsløyse enn kvinner med same utdanningsnivå. Høgt utdanna kvinner oppheld seg ofte i offentlig sektor og har derfor redusert risiko for arbeidsløyse (Ellingsæter og Wiers-Jenssen 1997).

Det er fleire utviklingstrekk som kan ha betra dei relative moglegheitene til kvinnene i distriktsarbeidsmarknaden. For det første er det endringar i næringsstrukturen, der mange typiske mannenæringar er i nedgang, mens typiske kvinnenæringar er i vekst. For det andre har internasjonalisering, marknadstilpassing og aukande behov for omstilling ført til reorganisering og endra krav til arbeidsstokken. Aukande krav til formell kompetanse og fleksibilitet kan ha gitt kvinner relative fordelar. Mens menn tidlegare har fått jobb i den lokale arbeidsmarknaden utan formell kompetanse, har kvinner “alltid” i større grad måtta flytte for å ta utdanning og for å få jobb. Kvinner er nå i ferd med å gå forbi menn når det gjeld utdanning. I tillegg har kvinner hatt ei lausare tilknytning til arbeidslivet med mykje deltid og mindre faste arbeidstider, ofte fordi dei har ønska å kombinere yrkesaktivitet med omsorgsoppgåver heime. Slike tilpassingar kan passe godt saman med arbeidsgivarane sine behov for å tilpasse arbeidsstokken til behovet for arbeidskraft. På den andre sida kan nettopp slike tilpassingar føre til at kvinner blir verande i det “marginale segmentet”, og ikkje kjem vidare i arbeidslivet.

Sjølv om utviklingstrekk går i kvinnene sin favør, er arbeidsmarknaden framleis sterkt kjønnsdelt, og kvinner hevdar at dei ikkje får same sjansane som menn på grunn av at spelereglane i arbeidsmarknaden er ulike for kvinner og menn (Hagen 2000). Ofte er det eigenskapar ved kvinnene sjølv som blir fokusert når det er snakk om kjønnsforskjellar i arbeidsmarknaden. Hagen (2000) har sett på om det også kan vere forhold ved arbeidsmarknaden sin funksjonsmåte som medfører kjønnsforskjellar.

Rekrutteringsmekanismane er heilt sentrale for korleis arbeidsmarknaden fungerer. For å kartleggje segmentstrukturen er det for det første viktig å undersøke kva arbeidsgivarar legg vekt på ved rekruttering internt og eksternt, og for det andre undersøke kva som kjenneteiknar arbeidstakarar i ulike typar jobbar på tvers av næringar og bedrifter. Eit viktig poeng er å få fram tydinga av tradisjonelle haldningar til kjønnsroller. Kan det vere slik at arbeidsgivar har visse meiningar om kva typar jobbar som passar for menn og kva som passar for kvinner? Uformell rekruttering, der rekruttering skjer gjennom venner og kjente, kan f.eks. føre til favorisering av mannlege arbeidstakarar (Hagen 2000).

Dersom ein ser på arbeidet med næringsutvikling i distrikta, er eit vesentleg mål å gjere lokalsamfunn og regionar meir robuste og mindre sårbare overfor endringar i overordna økonomiske strukturar. Konkrete tiltak i denne samanhengen kan blant anna vere auka utnytting av lokale råvareressursar og optimal vidareforedling av denne, auka utvikling av dei menneskelege ressursane gjennom kompetanseheving, og utvikling av eit meir robust næringsliv ved å gjere det meir variert, samtidig som det blir satsa på framtidsretta sektorar. Grundig planlegging og analyse vil som oftast vere avgjerande for kor vellykka prosjektet blir med omsyn på å nå oppsette mål. Det er likevel viktig i denne samanhengen at initiativ kjem nedanfrå.

Lokale forhold har stor aktualitet for kva arena som er viktigast i den lokale utviklinga. Gjeldande næringsstruktur har også vesentleg verdi for etableringsmotivasjonen. Johannisson og Spilling (1986) uttrykkjer seg slik: *"Bestående næringsstruktur har en tendens til å reproducere seg selv"*. Mykje tyder av den grunn på at verksemdar som finst på staden har aktualitet for avgjerda om å starte opp ei nyetablering og også kva slags type bedrift som blir etablert.

Lønnsarbeid er ei viktig kjelde til inntekt innan primærnæringane. Mens lønnsarbeid som regel betyr ei sikker inntektskjelde, og hjelper til å auke og stabilisere hushalda sine inntekter, kan oppstart av næringsverksemd bety *større uvisse med omsyn til inntekt*. Denne uvissa er ei viktig hindring for næringsutvikling (Vangsgraven m.fl. 1997).

Folk som har vurdert eller prøvd å fremme planar om etablering har erfart at lover og forvaltning er eit hinder for etablering. Lovverk og forvaltning har i fleire tilfelle særleg

relevans for utvikling av nye verksemder i distrikta. Ein fornuftig og smidig bruk av reglar, forskrifter og lover er viktig for ikkje å hindre utviklinga av næringsverksemd unødig. Rettleiing kan nok også langt på veg hjelpe til å redusere dei opplevde hinder i lover og regelverk. Ei raskast mogleg handsaming av etableringssaker, med godt gjennomtenkte rutinar og rettleiing for korleis ein skal opptre, er eit viktig bidrag frå forvaltninga i arbeid med nye verksemder. Ei positiv og hjelpande haldning frå forvaltninga si side i saksbehandlinga kan vere ein viktig stimulans for etableraren.

Ei anna hindring som kort bør nemnast er haldningar til nyskaping. Ein viktig føresetnad for all etablering er at staden har klima for det. Dette kan likevel til ein viss grad skapast. Tilrettelegging av gunstig klima inneber først og fremst å spreie positive haldningar til å starte eigne føretak. Ein potensiell etablerar bør prøve å skygge unna jantelova. Informasjon, møteplassar, samarbeidsprosjekt og liknande kan motverke dette. Gode ideal motverkar også jantelova. Ein bør bevisst gå inn for å få til ei endring av eventuelle negative haldningar og praksis, og freiste å utvikle ein ”lokal moglegheitskultur”. Det blir ei smitteeffekt dersom ein startar opp med noko nytt som går bra.

5 Forsking om spesifikke grupper

Enkelte grupper er sentrale med tanke på busetting i og utvikling av distrikta. Vi skal her gjere greie for erfaringar med kvinnelege bedriftsleiarar og toppleiarar, kvinner i landbruk og oppdrettsnæring, kvinner og ungdom som etablerarar og menn i utradisjonelle yrke.

5.1 Kvinnelege bedriftsleiarar i distrikta

Trass i at stadig fleire kvinner har komme inn i arbeidslivet, og at stadig fleire av dei har høgare utdanning, så har ikkje talet på kvinner i leiande stillingar vakse like sterkt. Fråværet av kvinner i slike posisjonar har dei siste åra ført til ei mengd undersøkingar og bøker om temaet, men få synest å vere oppteken av regionale variasjonar eller av problemstillingar som er knytt til distrikta.

Tabell 5.1 viser at det er få kvinnelege leiarar i norsk næringsliv. Innanfor offentlig sektor er delen høgare, men speglar på langt nær at kvinner utgjer majoriteten av dei som tilsett i sektoren. Det høgaste talet i tabellen er delen kvinner i rekrutteringsstillingar. Det tyder på at talet på kvinnelege leiarar kan forventast å auke framover. Men dersom utviklinga forsett i same tempo som nå, vil det gå svært sakte. Dette seier Likestillingssenteret om kvinnelege leiarar i næringslivet:

”I bedrifter med mer enn 250 ansatte, finnes det 21 kvinnelige ledere mot 467 menn. Disse kvinnelige topplederne har halvparten så mye lønn og en tregere lønnsutvikling enn sine mannlige kollegaer. I 240 av Norges 500 største bedrifter har 26 prosent ingen kvinner i ledergruppen eller styret. 19 prosent har kvinner i styret. 22 prosent har kvinner i ledergruppen. I løpet av det siste året har kvinneandelen i næringslivets ledende stillinger og styreverv økt noe. Størst er økningen i rekrutteringsstillinger, dernest blant daglige ledere. Utviklingen går ikke fullt så fort i styrerommene og topplederjobbene. Fortsetter næringslivet i samme tempo som nå, vil det ta 115 år å få like mange kvinner som menn inn i styrene. Har virkelig næringslivet råd til å vente så lenge før disse ressursene tas i bruk?”

Tabell 5.1 Oversikt over kvinnelege leiarar i næringslivet

	Del kvinner
Toppleiarar, NHO området	7 %
Rekrutteringsstillingar, NHO området	23 %
Daglege leiarar, alle føretak	18 %
Styremedlemmer, børsnoterte selskap	6 %
Styreleiarar, alle føretak	11 %

Kilde: Likestillingsbarometeret 2001. Likestillingssenteret.

5.2 Regionale variasjonar i føretaksleiing

Spilling og Berg (1999) har analysert Folke- og bustadtellinga frå 1990 og Brønnøysundregistra 1995, med tanke på å avdekke forskjellar mellom kjønn og regionar når det gjeld talet på sjølvstendig næringsdrivande, kvinnelege leiarar, styremedlemmer og styreleiarar.

Tabell 5.2 Delen kvinnelege leiarar

	Del kvinner	Kjelde/Årstal
Sjølvstendig næringsdrivande	24 %	Folke- og bustadtellinga 1990
Leiarar i offentleg og privat sektor Mellomleiarar inkluderte	21 %	Folke- og bustadtellinga 1990
Toppleiarar i privat sektor	15 %	Brønnøysundregistra 1995
Styreleiarar, alle føretak	10 %	Brønnøysundregistra 1995
Toppleiarar i store bedrifter (>100 tilsette)	3 %	Brønnøysundregistra 1995
Toppleiarar i bedrifter med omsetning (> 1 mrd. NOK)	0	Brønnøysundregistra 1995

Kjelde: Spilling og Berg 1999.

Sjølvstendig næringsdrivande

Å vere sjølvstendig næringsdrivande inneber å ha ein leiarposisjon. Delen sjølvstendig næringsdrivande er høgast innanfor primærnæringane, både for kvinner og menn. I tillegg er det relativt mange sjølvstendig næringsdrivande kvinner innan sosiale og private tenester, varehandel, hotell og restaurant. Menn driv innanfor eit breiare spekter av næringar. Ein kvinnedel på 24 prosent blant sjølvstendig næringsdrivande samsvarar bra med det ein finn i andre land det er naturleg å samanlikne seg med. Denne delen er forventa å auke ettersom delen kvinnelege nyetablerarar er aukande. Kvinnelege sjølvstendig næringsdrivande er gjennomsnittleg yngre enn mannlege. Ein annan forskjell mellom kvinnelege og mannlege sjølvstendig næringsdrivande er at ein langt større del kvinner driv på deltid, og at dei sjølv når vi korrigerer for dette, tenar langt mindre på verksemdene sine enn menn.

Kjønnsstrukturen blant dei sjølvstendig næringsdrivande er dermed temmeleg lik resten av arbeidsmarknaden.

Det er ingen regionale forskjellar mellom kjønna når det gjeld delen sjølvstendig næringsdrivande. Den høge delen sjølvstendig næringsdrivande innanfor landbruket er viktigaste årsak til det. I forhold til delen sysselsette er delen sjølvstendig næringsdrivande høg i distrikta.

Leiarar i privat og offentleg sektor

Delen kvinnelege leiarar i privat og offentleg sektor var etter folke- og bustadteljinga 1990 på "heile" 21 prosent. I dette talet er mellomleiarar inkluderte. Spilling og Berg peikar på at dei kvinnelege leiarane er gjennomsnittleg noko yngre enn dei mannlege, noko som sannsynlegvis vil føre til at denne delen aukar med tida.

Dei regionale variasjonane mellom kvinner og menn er relativt små, men det er relativt fleire kvinnelege leiarar i storbyområde enn i andre område. Heile 70 prosent av dei kvinnelege leiarane bur i storbyområde, mot 64 prosent av dei mannlege. Distrikta har med andre ord eit høgare innslag av mannlege leiarar enn byane. Dette kan delvis forklarast ved forskjellar i næringsstruktur, der byane har fleire leiarjobbar innanfor tenesteytande sektor og særleg innanfor offentleg administrasjon. Analysen viser også at kvinnelege leiarar jamt over er dårlegare betalt enn mannlege.

5.3 Kjønn og toppleiiing i private bedrifter

Likestillingsbarometeret 2001 syner at 18 prosent av toppleiarane i næringslivet er kvinner. I Spilling (1997) si undersøking av 1300 små og mellomstore bedrifter er tilsvarende tal 15 prosent og i Spilling og Berg (1999) si registerbaserte undersøking 1995, er delen kvinnelege toppleiarar 16 prosent. Delen kvinnelege styremedlemmer og styreleiarar er også låge (jf. tabell 5.1).

Mannsdominansen er med andre ord høg, og den ser ikkje ut til å minke særleg fort. Forskjellen mellom kvinnelege og mannlege leiarar blir dessutan større når ein tek i vurdering at kvinnelege toppleiarar leier mindre føretak enn menn. Til saman sysselsette desse føretaka (16 prosent av alle) berre 7 prosent av dei tilsette, og omsetninga utgjorde berre 5,3 prosent. Også andre undersøkingar stadfestar at kvinner leier dei minste føretaka (Spilling 1997, 1998). Berre 3 prosent av toppleiarane i store føretak (>100 tilsette) var kvinner og det var ingen kvinnelege toppleiarar i føretak som har ei omsetnad på meir enn 1 mrd. kronar. Så sjølv om aldersprofilen på kvinnelege leiarar er yngre, så betyr ikkje det at vi nærmar oss likestilling med raske steg. Det er framleis mange strukturelle forskjellar mellom dei føretaka som blir leidde av kvinner og dei som blir leidde av menn.

Dei regionale ulikskapane mellom kvinnelege og mannlege toppleiarar er marginale, men i motsetnad til det som var tilfelle for leiarar i private og offentlege verksemdar, er delen kvinnelege toppleiarar og styreleiarar i perifere område av landet relativt større enn delen mannlege toppleiarar og styreleiarar. (Dette gjeld altså når vi samanliknar på tvers av område, tala må ikkje takast som uttrykk for at det er fleire kvinnelege enn mannlege toppleiarar i distrikta.) Kva som kan vere årsaka til dette, seier Spilling og Berg (1999) ikkje noko om. Situasjonen er omtrent den same i Sverige (Botner & Holmquist 1996 ref. i Berglund m.fl. 2001) og Danmark (Albertsen & Christensen 1993).

5.4 Vanskeleg å vere kvinneleg leiar/næringsdrivande i distrikta?

Når ei kvinne eller ein mann kryssar grenser for kva som blir vurdert som kvinneleg og mannleg, får dei problem. Den kvinnelege leiaren blir møtt med doble forventningar, på den eine sida blir det forventta at ho som leiar opptre på ein mannleg måte, på den andre sida blir ho forventta å opptre som kvinne sidan det er det ho er (Holmquist 1997, Acker 1992).

Spilling (1998) fann i grove trekk ingen forskjellar mellom kvinner og menn sine preferansar, vurderingar og handlemåtar, bortsett frå at kvinnene tenderte mot å vere meir opptekne av sosiale oppgåver i bedriftene enn mennene. Kvinner opplevde i større grad enn mennene at dei fekk mykje støtte i det lokale miljøet sitt, mens mennene i større grad opplevde å bli motarbeidd. Mennene førte uformelle samtalar med finansiørar, mens kvinner hadde formelle samtalar med finansiørar. Studien konkluderte med at sosial tilknytning er viktig når ei bedrift skal etablerast i distrikta (Spilling 1998:97).

Kvifor det er så få kvinnelege leiarar er det delte meiningar om. Ein hypotese går på at delen vil bli større etter kvart som kvinner utviklar erfaringar og kompetanse innanfor dette feltet, dvs. at det er eit etterslep, slik vi har sett at kvinner med tida har komme stadig sterkare inn i andre mannsbastionar. Ein annan hovudhypotese går på at kvinner ikkje ønsker slike posisjonar fordi dei vektlegg andre verdier i livet. Andre legg vekt på at kvinner møter andre typar barrierar, for eksempel i form av at dei ikkje har heimeverande husmødrer som kan ta seg av heim og familie, mens dei sjølv legg ned hovudinnsatsen sin som bedriftsleiar. Det kan vere andre sosiostrukturelle barrierar som tilseier at kvinner ikkje skal vere leiarar, at denne typen jobb og verksemd er bygd opp rundt mannen som modell.

I ein studie av kvinnelege bedriftsleiarar i Sverige fann Sundin og Holmquist (1989) at familiesituasjonen til kvinnene hadde stor tyding for korleis bedrifta vart utforma. Dei kunne sjå eit mønster der einslege bedriftsleiarar utan barn i hovudsak var verksame i storbyane og var sysselsette innanfor handel, service og konsulentverksemd. Gifte kvinner med barn leia familiebedrifter, ofte på deltid, budde på landsbygda og var sysselsette innanfor handel. Friberg og Sundin (1995, ref. i Berglund m.fl. 2001) viser at kvinner i fasar av livet har problem med yrke som inneber mykje reising og fråvær frå barna. Vidare kan kvinnene sine ulike roller som mor og yrkeskvinne i stadsrelaterte fellesskap ha innverknad på kva forretningsidé, arbeidsform og organisasjon som blir vald når dei startar eiga bedrift (Berglund 1998).

I ein studie av framgangsrike kvinnelege bedriftsleiarar i middels store bedrifter i Storbritannia og USA avdekte Hertz (1986) at desse som regel hadde vakse opp i familiar som sjølv dreiv, åtte eller leidde bedrifter, og at desse hadde utvikla ei sterk sjølvkjensle først og fremst gjennom støtte frå far sin. Den same erfaringa har ein gjort i Sverige.

Näsman (2000) har funne at det å starte eiga bedrift kan vere ein strategi for å komme ut av ei stilling der ein har opplevd kjønnsdiskriminering. F.eks. at ein opplever å få lite lønn for innsatsen (mindre enn dersom ein var mann), at ein blir seinka i karrieren på grunn av at ein er kvinne, eller at ein ikkje får same høve til etterutdanning. Näsman fann vidare at same kor kvinnene starta bedriftene sine så meinte dei at det var lettare å starte på ein mindre stad der dei kjenner folk i bygda. Det var fordi det var viktig å kjenne folk, både som privatperson og som bedriftsleiar.

Berglund m.fl. (2001) har analysert kvinnelege og mannlege bedriftsleiarar i Finnmark og Nord-Trøndelag med sikte på å få økt forståing av samanhengen mellom kjønn, bedriftsleiing, region, stad og nettverk. Ein hovudkonklusjon er at det er riktig å satse på kvinner dersom målet er å styrke bygder i utkantstrøk. Det er kvinner som ber oppe regionar i tilbakegang eller stagnasjon, blir det hevda. Kvinnelege bedriftsleiarar er i større grad enn mannlege opptekne av å utvikle stadnettverk, dei knyter seg til stadlege nettverk for å oppretthalde og utvikle fellesskap og samhald i bygda.

Mannlege bedriftsleiarar er meir opptekne av å utvikle reine næringsnettverk og strategiske alliansar. På denne måten kjem ikkje kvinnene med i det viktigaste nettverket på staden, der næringsalliansar og større næringsprosjekt blir etablert. Forskarane seier ingenting om dette skuldast at kvinnene ikkje har dei rette kontaktane for å komme inn i desse miljøa, eller om dei ikkje har vilje eller evne til å gjere seg sjølv attraktive for slike miljø. Men dei spør om dei lokale kjønnsmaktreasjonane tilrår at kvinnene skal halde ein låg profil, mens mennene blir sett på som dei "naturlege offentlege aktørane" når overordna næringslivsalliansar skal utviklast.

På små stader er ofte dei stadlege nettverka og næringsnettverka samanfallande. Dei stadlege nettverka dekkjer fleire funksjonar. Økonomisk kan dei hjelpe til slik at bedrifta får lokale oppdrag, dei kan auka tilgangen til lokale ressursar og humankapital, og det kan bety auka påverknad i næringsutviklinga på staden. Sosialt fører nettverka med seg tryggleik, deltaking i fellesskap og vennskap. Det kan gi tilgang til hjelp og støtte frå andre. Det tek lang tid å bygge slike nettverk.

Slike nettverksinvesteringar går tapt om ein flytter. Nettverka er også eit skilje mellom bufaste, tilbakeflyttarar og nykommarar. Dei bufaste har ofte innarbeidd seg ein posisjon gjennom familien, og treng ikkje presse seg på for å komme inn i slike nettverk. Somme bruker likevel mykje tid for å styrke posisjonen og innverknaden sin i lokale saker. Tilbakeflyttaren får også mykje gratis med omsyn til nettverk, men ofte opplever dei problem med å finne ei ny rolle på staden fordi dei ofte har endra livsstil og kan verke framande i bygdemiljøet. Nykommaren kjem ofte med mykje formell kompetanse, kunnskapar og erfaringar i bagasjen, og har ofte store ambisjonar. Dei jobbar hardt for å komme inn i miljøet i bygda.

Med omsyn til støtte frå eigen kommune til næringsutvikling, var det mange som var veldig nøgd med denne. Kritikken gjekk likevel på to forhold: At kommunen sine representantar hadde mangelfulle kunnskapar om etablering og næringsdrift, og at dei jobba alt for sakte og var for firkanta. Det andre forholdet gjekk på at folk vart sortert etter om ein tilhørde den rette familien og slekta. Det var for tette band mellom dei som søkte og dei som avgjorde kven som fekk pengar. Det ville vore betre om avgjerda om slik støtte vart sentralisert.

Kvinner gjekk i mindre grad enn menn til kommunane for å søke støtte, fordi dei opplevde det som bortkasta tid. I tillegg kom det fram at innvandrarar og enkelte kvinner heller ikkje hadde kjennskap til kommunen sine støtteordningar.

Eit felles problem både for kvinnelege og mannlege bedriftsleiarar av små føretak i distrikta er at bedriftsleiaren har mange oppgåver, og lita tid til anna enn den daglege drifta. Langsiktig planlegging og deltaking i lokale utviklingsprosjekt tek for mykje tid.

Tilgangen til dei nødvendige nettverka for føretak viser seg å vere kopla til det å utvikle eller arve ei sosial rolle og/eller posisjon på staden. Dette skjer gjennom å tilpasse seg til dei lokale kjønnsmaktreasjonane (genusmønster), gjennom familien sin posisjon og gjennom eigen sosial kompetanse og sosiale strategiar. Studien viser at det er desse sosiale og økonomiske nettverka og lokale næringsstrukturar, og deira tverrgåande koplingar, som gjer dei små lokalsamfunna sin økonomi og menneskelege ressursar sterkt avhengige og sårbare (Berglund m.fl. 2001:130).

Det synest som om kvinnene har eit anna forhold til staden enn menn. Dette kjem til uttrykk ved at dei bruker veldig mykje tid på å knytte seg til staden, både gjennom samarbeid med andre føretak på staden og ved å bruke tid på å få omsorgsoppgåvene organisert på ein slik måte at dei lèt seg kombinere med bedriftsleiing. Også nykommarane bruker mykje tid på å binde seg til bygda gjennom sosioøkonomiske nettverk. Dette kan oppfattast som ein strategi for å overleve i eit lite samfunn.

Det blir ofte hevda at kvinner ikkje søker leiande stillingar i næringslivet. Albertsen og Christensen (1993) meiner dette kan forklarast ved at kvinner ikkje har tilgang til karriere og leiingskulturen i bedrifta dei arbeider i. Bedriftene sin leiarprofil og filosofi blir meisla ut av menn og for menn, og blir reproduisert ved at menn tilset menn. Kvinner får ofte arbeidsoppgåver med mindre prestisje og kompetansen deira blir mindre synleg enn mennene sin kompetanse.

Vidare fann Albertsen og Christensen at kvinner som ikkje har leiande stillingar, ofte trur at dei må ofre familien for å få slike stillingar. Kvinner som har leiande stillingar derimot, opplever ikkje i same grad at barn og familie er noka hindring. Eit generelt problem blant

kvinnene er at dei oftare har dårleg sjølvkjensle med tanke på å vere leiarar, og følar oftare at dei må gjere ein veldig god jobb på alle område fordi det blir så synleg dersom dei gjer noko dumt. Da er det fordi ho er kvinne. Den dårlege sjølvkjensla fører til at dei ikkje tør å gjere seg gjeldane og bruke kompetansen sin, i frykt for å bli kritisert. Handlingsrommet til kvinnene blir opplevd som meir avgrensa enn mennene sitt.

5.5 Kvinner i landbruket

Ei av målsettingane med distriktspolitikken er å halde oppe hovudtrekka i busettingsmønsteret. For Noreg som nasjon er det sterke interesser knytt til at det bur folk i heile landet. Dette gjeld interesser knytt til både ressursar og kultur. For å nå dette målet, trengst eit robust landbruk, det vil seie eit landbruk som er i stand til å møte nye utfordringar og større endringar i rammevilkår enn det som har vore tilfelle dei siste par tiåra. Ei slik utvikling er likevel avhengig av ei offensiv og aktiv utnytting av dei moglegheitene som finst.

Når landbruket og busettingsmønsteret er robust, skal det kunne ”stå for ein støyt”. Slik er det også med menneska dersom dei har det bra der dei bur, med sysselsetting, inntekt, sosiale og kulturelle gode. Det held ikkje at berre ein eller to av faktorane er tilstades. Ofte vil ein også inkludere at ein har det godt med seg sjølv, enten ein lever i parforhold eller er singel.

Felles for det vi kan kalle landbrukskvinner er at dei gjennom arv, bustad eller ekteskap er tilknytte ein gard (Bye 2000). Dei må ikkje nødvendigvis ha arbeidstilknytning til garden. På 1960- og 1970-talet søkte mange bondekvinner seg arbeid utanfor gardsbruket. Kvinnene si auka yrkesdeltaking var eit uttrykk for den generelle samfunnsutviklinga som ”kravde” at kvinner tok seg ei utdanning og skaffa seg eit yrke. I første omgang var det snakk om deltidsarbeid, men på 1980- og 1990-talet kom stadig fleire kvinner i full jobb. I 1993 hadde 50 prosent av kvinnene busett på gardar inntektsgivande arbeid utanfor bruket. Av desse hadde 73 prosent størst inntekt frå offentleg og privat tenesteyting (Storstad og Haugen 1997). I 1995 arbeidde 31 prosent av kvinnene på gard i halv stilling eller meir utanfor bruket. Det viser seg at det i hovudsak har vore kvinnene som har forlate næringa, mens mennene i større grad har halde fram som bonde. Grovt sett har i dag dei fleste landbrukshushald innslag av lønnsinntekter i familieøkonomien, og stadig fleire menn arbeider utanfor bruket.

I 1998 var 9 av 10 gardbrukarar menn (Løwe 1998). Når kvinnedelen er så låg, må det sjåast i lys av dei tradisjonane og lovreguleringane som har vore gjeldande for næringa. Sjølv om Noreg i 1974 fekk ei ny odelslov som gav jenter og gutar lik rett til å overta slektsgarden, viser det seg at jenter utsett avgjerda om overtaking av garden lengre enn gutane, og at det kan føre til at kvinnene ubevisst vel bort garden som følgje av andre val dei gjer, i forhold til utdanning, yrke, partner etc.

I ein del tilfelle der mann og kone driv garden saman, har ein av økonomiske årsaker opplevt behovet for å måtte ha ei inntekt ved sida av garden. Somme opplever det som eit nødvendig vonde. Kven av ektefellane som arbeidar ute kan variere. Ofte blir det ei avveging av kva som passar familien best og kva som kastar mest av seg. Eit generelt inntrykk ein sit igjen med etter ei undersøking av ektepar som begge har arbeidet sitt på gardsbruket, er at dei ikkje har "tid" til å arbeide ute (Vangsgraven og Jervell 1997). I ein oppbyggings- og investeringsfase har mange valt stor eigeninnsats på garden i staden for å jobbe ute, og føler dermed livsforma truga dersom det ikkje skal vere mogeleg å få nok inntekt frå dette. For, som ein gardbrukar i ein kommune i Møre og Romsdal sa: *"2 årsverk i landbruket gir sjelden nok inntekt til 2 personer"*. Dermed finn vi ei rekke yrkeskombinasjonar av gardsdrift, anna næring og lønnsarbeid. Blant yngre par er det oftast kvinnene som har jobb ute. Helse- og undervisningssektoren utgjør hovudtyngda her, men også teknisk, vitskapleg, humanistisk og kunstnarisk arbeid markerer seg med ei høg sysselsetting blant landbrukskvinner (Labugt 1989). Det viser seg at kvinnene sin arbeidsinnsats på garden i dei fleste tilfelle avheng av type produksjon og omfang av denne.

Ein kan jo også spørje seg om det er ideelt at begge ektefellane har arbeidet sitt på garden. I ei undersøking der blant anna fleire, store mjølkeproduksjonsbruk var involvert, vart det lagt sterk vekt på ønsket om at begge ektefellane skulle kunne jobbe på garden (Vangsgraven og Jervell 1997). Andre har eit anna syn på problemstillinga: *"Tiden da damene var hjemme er forbi. I tillegg har alle behov for å komme ut og få kontakt, samt utfolde seg med de egenskapene og interessene de har. Samtidig er det sunt å vere fra hverandre litt om dagen"*.

Ei målsetting i landbrukspolitikken har vore å gi tilskott til kvinner for å sikre nåverande arbeidsplassar, samt utvikle nye. Etablering av eiga bedrift kan vere den brikka i puslespelet som gjer at ein familie blir buande på heimstaden i staden for å flytte. Val av bustad og avgjerder om å flytte er likevel langt meir samansett enn at arbeid aleine bestemmer. For kvinner som er etablerte med familie, er situasjonen for resten av familien viktig i slike vurderingar; også mann og barn skal ha gode tilbod på staden.

I landbruksbefolkninga, som elles i samfunnet, er det i stor grad framleis kvinnene som har hovudansvaret og mesteparten av omsorga for små barn. I denne fasen av livet vel også mange å arbeide på garden, som følgje av at dette lettare lèt seg kombinere med omsorgsrolla enn vanleg lønnsarbeid. Det er gjort grundige studiar av tidsbruken til landbrukskvinnene og -mennene (Bye 2000), og ein trend vi kan sjå er at det er stor forskjell på dei to kjønna sin tidsbruk: Menn i landbruket bruker 91 prosent av arbeidstida si på inntektsgenererande arbeid, mens landbrukskvinna berre bruker 54 prosent av arbeidstida si på lønnsarbeid. Dette viser at kvinner utførar mykje ulønna arbeid. I gjennomsnitt viser det seg at kvinner arbeider 26,5 timar pr veke med hus- og omsorgsarbeid, mot mannen sine 5,5 timar pr veke (Blekesaune og Haugen 1999:31).

5.6 Kvinner i fiskerinæringa

Fiskeri- og havbruksnæringa er i sterk vekst, og står, etter kva Fiskerinæringens Kompetansesenter meiner, i startgropa for det marine eventyret. For at eventyret skal bli verkeleg, er det enda viktigare enn før å samarbeide på tvers av sektorane i næringa. Dei følgjande avsnitta vil ta for seg status og utvikling i høvesvis fangst og fiske, fiskeindustrien og oppdrettsnæringa. Alle avsnitta blir framstilte i lys av kvinna sin posisjon i fiskerinæringa.

Kvinner i fangst og fiske

Det har vore ein dramatisk reduksjon i talet på fiskarar dei siste 50 åra. Dette har sjølvsagt samanheng med den effektiviseringa som har funne stad blant anna når det gjeld fangstmetodar og utrustninga om bord på fartøya. Nedgangen i talet på menneske som har sitt virke ombord i norske fiskebåtar har flata litt ut dei siste åra. Det totale talet på fiskarar gjekk frå 1960 til 1975 ned frå ca. 61.000 til 35.000. I 1995 var det totale talet i underkant av 24.000, men i mellomtida var registreringa i fiskarmanntalet lagt om ved at kriteria for å kunne stå i registret var stramma inn.

I 1999 var det totalt registrert 21.274 fiskarar i Noreg. Av desse hadde ca 15 000 fiske som hovudyrke og ca 6 000 hadde fiske som deltidsyrke. Hovudyrkesfiskarane utgjorde dermed vel 72 prosent av alle registrerte fiskarar. Ved utgangen av 1999 var talet på kvinnelege fiskarar i Noreg med fiske som hovudyrke 410, mens 178 hadde fiske som deltidsyrke (Fiskerinæringens fiskermanntall).

Fiskerinæringens Kompetansesenter, oppretta 1/1 i 2001, etter ei samanslåing mellom Fiskerinæringens Felles Kompetansestyre og Fiskerinæringens Kvinneutvalg, arbeider for auka likestilling i alle ledd i fiskeri- og havbruksnæringa. Både generelt og i eit distriktsperspektiv spesielt, er det særleg viktig å styrke kvinna sin situasjon i fiskeri- og havbruksnæringa gjennom kvinneretta prosjekt.

I dag har kvinner erobra mange, om ikkje dei fleste, mannlege arenaer. Fiskerinæringa på si side heng noko etter, og blir så å seie automatisk knytte til menn (Berthinussen 2001). Berthinussen forklarar dette langt på veg med arbeidsdelinga og den tekniske utviklinga som fann stad på 1950- og 1960 talet. Dette var tiåra da husmorideologien dominerte i det offentlege rom. I fiskarbondeshushaldninga fikk vi ei endring frå at kvinnene arbeidde som småbrukarkjerringer til at dei gjekk over til å bli ”reine” husmødrer. Samtidig tok maskuliniseringa av gardsarbeidet til for fullt. Alle dei tekniske reiskapane som det nå vart investert i, gjorde sitt til at dei tidlegare kvinnearbeidsoppgåvene vart overførte til å bli mannlege. Der det tidlegare hadde vore kombinasjonsbruk gjorde mennene eit val; dei vart enten meir knytte til jordbruket, eller dei knytte seg sterkare til fisket. I begge næringane vart arbeidsoppgåvene knytte til dei nye mekaniske hjelpemidla. I sin tur førte dette til at ein batt seg sterkare til marknadsøkonomien, og det måtte ”haustast” meir for å kunne betale låna. Det vart eit tydeleg skilje mellom kvinna og mannen sine arbeidsoppgåver, og kunnskapen om kvarandre sine arbeid vart mindre, samtidig som skiljet mellom kjønna sine arbeid vart større (Berthinussen 2001).

Arbeidet med Handlingsplan for likestilling i fiskerinæringa kom i gang i 1989, på initiativ frå ei gruppe fiskerikvinner. Ei rekke institusjonar og organisasjonar var representerte. Planen tok utgangspunkt i at fiskerinæringa i liten grad hadde sett dei potensiala kvinner representerte for utviklinga i norsk fiskerinæring og i norske kystsamfunn. Den peika på at utviklingsmoglegheitene for norsk fiskerinæring langt på veg ville avhenge av evna til å tiltrekke seg kvinneleg arbeidskraft. Vidare understreka den verdien av at kvinnene sine krav og behov vart tatt omsyn til i distrikts- og fiskeripolitikken med tanke på framtidig busetting langs kysten (Lotherington og Thomassen 1994).

Det vart uttrykt bekymring over at brot på likestillingslova nærast var som regel å rekne innan norsk fiskerinæring. Ein gjennomgang av offentlege styre, råd og utval innanfor fiskerisektoren konkluderte med at berre ca 20 prosent av dei følgde kravet i likestillingslova om minimum 40 prosent kvinnerepresentasjon. Blant anna av den grunn vart det oppretta eit dataregister over kvinner i fiskerinæringa som kunne delta i styre, råd og utval.

Kvinner i fiskeindustrien

Fiskeindustrien er ein ikkje uvesentleg arbeidsplass langs kysten av Noreg. I 1974 var det om lag 800-900 bedrifter, fordelt på filet, hermetikk, mjøl, olje og anna. Desse var i 1990 redusert til litt over 500 bedrifter. Talet på tilsette vart i same periode redusert frå 18 000 til 10 000. Denne saneringa har gått hardare utover enkelte landsdelar enn andre. Særleg gjeld det dei tre nordlegaste fylka. Det var krisa i silde- og loddebestanden tidleg på 1990-talet, og seinare i torskefiskeria, som førte til kraftig reduksjon i sysselsettinga (Husmo og Munk-Madsen 1994). Dette gjekk hardt utover kvinnearbeidsplassane langs kysten.

Ein finn fleire regionale særtrekk i norsk fiskeindustri: Hermetikkindustrien finst mest i sør, tørking og hending av fisk føregår mest på Møre-kysten og nordover til Lofoten og Vesterålen, medan Finnmark dominerer med omsyn til fryseri- og filetfabrikkar (Ådnanes 1994).

Alle landsdelane har opplevd svingingar i marknaden, noko som har konsekvensar for talet på bedrifter og sysselsette, og dermed moglegheitene for mange kvinner til å arbeide ute. Om lag halvparten av dei tilsette i fiskeindustrien er kvinner, men nokre bransjar er meir kvinnedominerte enn andre. Bakgrunnen for den ulike kjønnsfordelinga er at arbeidsoppgåvene i fiskerinæringa og fiskeindustrien er kjønnsdelte. Dette inneber at nokre bransjar har fleire "kvinneoppgåver" enn andre – og motsett. Husmo og Munk-Madsen (1994) hevdar dei kan sjå at menn har fleire ulike typar funksjonar enn kvinner, det vil seie fleire moglegheiter for plassering i produksjonen. Der er fleire avdelingar dei kan plasserast i og fleire typar oppgåver dei kan tildelast. Svært ofte utfører kvinnene desse fire oppgåvene: Reinskjæring (kutting) eller etterreinsking (pilling) av reker, skjell eller ferdigvarer, veking, samt pakking.

Når det gjeld kjønnsstrukturen i styra til bedriftene er kvinnene i mindretal. Husmo (1994) seier det så sterkt som at desse kvinnene framleis er særtilfelle. Ikkje sjeldan er dei kvinnelege leiarane rekruttert internt, det vil seie at dei er døtrer av tidlegare eigar. Somme kan og ha jobba seg oppover stigen frå ein posisjon som sekretær eller liknande, og enda opp som leiar.

Dei kvinnelege toppleiarane i norsk fiskeindustri ser ut til å vere yngre enn sine mannlege kollegaer. Det er grunn til å tru at aldersforskjellen har med samfunnsendringa å gjere, og at dette har fått større konsekvensar for dei yngste kvinnene; karrieremoglegheitene har slik blitt meir tilgjengelege. Kvinnelege leiarar er relativt høgt utdanna samanlikna med mannlege leiarar elles i næringa. Det kan ha samanheng med at kvinnene ofte føler at dei bør vere meir kompetente enn menn dei skal konkurrere med. Eit faktum er det og at jenter i fiskeridistrikt jamt over har høgare allmennutdanning enn gutar.

Kvinner i oppdrettsnæringa

Oppdrettsnæringa har vore i sterk vekst sidan starten av 1970-talet, og står i dag fram som ei av dei mest ekspansive næringane i Noreg (Alsos og Pettersen 2001). Næringa har frå starten vore mannsdominert, og er det framleis. Kvinner utgjer i dag om lag 13 prosent av dei sysselsette. Trenden når det gjeld kvinnene si deltaking i næringa har vore minkande på 1990-talet. Kvinnedelen blant dei sysselsette er totalt redusert frå 17,5 prosent i 1994 til 13,3 prosent i 1999. Samtidig utgjer kvinnene sine eigardelar i næringa ein tiandedel av mennene sine eigardelar, og berre eit fåtal kvinner er i styre- og leiarposisjonar (Alsos og Pettersen 2001). Årsakene til den lave kvinnedelen i næringa er mange og samansette, og reflekterer i stor grad den generelle kjønnsdelinga i den norske arbeidsmarknaden. Næringa har dessutan eit image som gir inntrykk av tøft og tungt arbeid, prega av røff språkbruk og krav om stor fysisk styrke. Dette imaget gir likevel ikkje eit riktig bilete av dei kvalifikasjonane som trengst i næringa i dag, og viser heller ikkje eit riktig bilete av dei moglegheitene som finst i næringa.

For å få eit meir nyansert bilete av kjønnsdeling i oppdrettsnæringa, bør matfiskproduksjonen og settefiskproduksjonen sjåast kvar for seg, da dei to delane av næringa har klart ulike profilar og utvikling. Innan matfiskproduksjonen har det skjedd ein kraftig reduksjon i talet på kvinnelege tilsette på 1990-talet. Kvinnedelen blant dei sysselsette er tilnærma halvert frå 15,1 prosent i 1994 til 7,6 prosent i 1999. Denne greina innan næringa er dermed dominert av menn. Innan settefiskproduksjonen er omlag ein fjerdedel av dei sysselsette kvinner, og delen har vore stabil i perioden 1994-99. Denne delen av oppdrettsnæringa er derfor langt frå så mannsdominert. I dag jobbar det fleire kvinner innan settefisk- enn innan matfiskproduksjonen, sjølv om matfiskproduksjonen utgjer 70 prosent av næringa målt i talet på sysselsette.

Den ulike utviklinga innan settefisk- og matfiskproduksjon har samanheng med fleire forhold. Det skuldast for det første utbreiinga av deltids- og sesongarbeid. Innan matfiskproduksjon er denne typen tilsettingsvilkår blitt langt mindre vanleg i løpet av 1990-

talet, noko som har samanheng med overgang til større einingar, samt profesjonalisering og endra arbeidsorganisering i næringa. Innan settefiskproduksjon er det framleis ein del deltidsarbeid, først og fremst blant kvinnelege sysselsette.

Kvinner i oppdrettsnæringa er ei samansett gruppe, og det er ingen typiske ”oppdrettskvinner”. Dei relativt få kvinnene som er i næringa, har fått innpass i mange ulike posisjonar; som eigarar, leiarar, røktarar og i administrasjon. Kvinnene opplever mange positive sider ved å jobbe i oppdrettsnæringa, og dei fleste trivst godt. Dei ser absolutt for seg ei framtid innan næringa, som dei meiner gir spennande og utfordrande arbeid.

Rekrutteringsmønsteret i næringa, der kjennskap og erfaring har vore og framleis er sentrale kriterium, er i stor grad ei ulempe for kvinner. Kvinner er i mindre grad i dei posisjonane og dei nettverka det blir rekruttert frå, og har sjeldnare arbeidserfaring som blir vurdert som relevant. Kvinner manglar særleg fiskerirelevant erfaring. Ein aukande tendens til vektlegging av formell kompetanse, kan vere ein fordel for rekruttering av kvinner til næringa.

5.7 Ungdom - morgondagen sine etablerarar?

Ungdom er ein viktig ressurs som etablerarar. Dei har idear, og er ofte ikkje så opphengde i fastlåste måtar å gjere ting på, slik eldre generasjonar kan vere. Men dersom unge menneske skal kunne bli potensielle etablerarar i framtida, må forholda leggjast betre til rette for det.

Først gjeld dette skulane, som i stor grad utdannar arbeidstakarar. Sentralt i utviklinga av næringslivet står satsing på kompetanse, produktutvikling, marknadsføring og service. For å vekke interessa til dei unge for bedriftsetablering, er haldningsskapande arbeid viktig.

Ved etablering og drift av elevbedrifter bør det leggjast stor vekt på god kontakt med lokalsamfunnet og det lokale næringslivet. Dette kan skje ved å for eksempel arrangere idédugnadar, der så vel foreldre som andre i bygda kan vere med og gi innspel. I arbeidet vidare er det elevane som har ansvaret. Eit hovudpoeng må vere at det er viktig å bevisstgjere den yngre garden om dei moglegheitene som finst i lokalsamfunnet. I distriktpolitikken er det viktig å peike på behovet for både samfunnsaktive skular og skuleaktive samfunn. Distriktsaktive skular kan slik vere ein faktor som kan hjelpe til å oppretthalde befolkninga i område som er truga av avfolking (Edvardsen 1997).

I alle distriktkommunar er det dessutan viktig at kontakten mellom kommunane og dei unge som reiser ut for å ta utdanning blir etablert og halde vedlike. Dei unge bør med jamne mellomrom få informasjon om kva som skjer i kommunen og om sysselsettingstilhøva i kommunen i framtida. På denne måten gir kommunen eit signal om at den er oppteken av den viktige gruppa av potensielle tilbakeflyttarar. Ungdom vil alltid bruke byane som arena for sosial læring. Sørli (1991) hevdar at det beste middelet for at læring skal komme distrikta til

gode i form av målretta tilbake- eller vidareflytting, er nettopp at byane fungerer som ein oppdragande arena. I eit byteteoretisk perspektiv kan utdanning sjåast som ressursar eller kvalifikasjonar som den enkelte ungdommen tileignar seg, og som i neste omgang kan bytast mot arbeid og inntekt på arbeidsmarknaden, i byane eller distrikta. Det er likevel vanskeleg å til ei kvar tid analysere effekten av den tileigna utdanninga, fordi så mange faktorar i samfunnet endrar seg samtidig. Krav om kvalifikasjonar og etterspørsel etter ei bestemt type arbeidskraft endrar seg nærmast kontinuerleg.

5.8 Menn i utradisjonelle yrke

Spørsmål om kvifor den norske arbeidsmarknaden er så kjønnsdelt, og spesielt kvifor så få menn går inn i tradisjonelle kvinneyrke er omfattande og komplekst. Det handlar om fordommar, forventningar, kjønna organisasjonskultur, verdsetting av arbeid etc.

Fordommane om kva som er naturleg for kvinner og menn er djupt rotfesta i samfunnet. Val av utdanning og yrke blir naturleggjort. Når kvinner f.eks. vel å bli sjukepleiarar er det fordi dei har stor omsorgsevne. Menn manglar derimot denne evna og ønskjer derfor ikkje å gå inn i omsorgsyрке, blir det hevda. Det kan likevel ikkje dokumenterast at kvinner er meir eigna som omsorgsarbeidarar enn menn. Det er brei semje om at miljø, og ikkje biologi, påverkar yrkesval (Boge 2001). Likevel kan stereotype førestellingar om kva som er mannleg og kvinneleg hindre menn i å gå inn i typiske kvinneyrke.

Pleie- og omsorgsarbeid blir gjerne sett på som ei naturleg forlenging av kvinner si omsorg for barn og heim. Førestellingar om at kvinner har medfødde/biologiske disposisjonar for den typen arbeid kan vere til hinder for rekruttering av menn. Innanfor sjukepleie gjer f.eks. slike normer menn til noko ”unaturleg”. Studiar viser at menn startar sjukepleiarutdanning fordi dei ønskjer å vise andre menneske omsorg. På spørsmål om mannlege sjukepleiarar har like god omsorgsevne som kvinnelege, svarar eit utval mannlege sjukepleiarar at kvinner har ein ekstra fordel i yrket fordi dei kjem i kontakt med omsorg i oppveksten. Menn har ikkje den same erfaringa og derfor blir deira omsorg meir tillært (Boge 2001). Dersom det er slik må ein sjå til at gutar får omsorgserfaring i oppveksten, slik at det kan vere meir ”naturleg” for dei å velje omsorgsyрке som leveveg.

Ei undersøking i Oppland fylke utført av Nyhus og Fauske (1998), viser at elevar i øvste klasse på ungdomsskulen har klare oppfatningar av kva som er jentefag og kva som er gutefag, særleg gjeld dette elevar på skular i distrikta. På enkelte av byskulane er elevane ikkje så klare på jente- og gutefag. Der er det ei meir ”kul” haldning til at jenter og gutar kan ta dei studieretningane dei ønskjer.

Dersom ein spør ungdom, teiknar dei eit samansett bilete når dei skal fortelje om kva dei meiner om at nokre elevar vel utradisjonelle utdanningsvegar. På den eine sida seier alle at det

er OK, ”veldig tøft” eller ”heilt greitt”. Samtidig er det fnising og fleiping om temaet. Framstillingar av diskusjonar mellom unge og karakteristika av dei som vel utradisjonelt, tyder på at det ikkje er heilt greitt likevel. Ofte oppfattast det positivt når jenter vel utradisjonelt, men ikkje så positivt når gutane gjer det. Jentene oppfattast som ”tøffe” og gutane som ”mjuke” om dei vel utradisjonelt. Det kan henge saman med statusen til faga og tydinga av kjønn i forhold til fag, - tradisjonelle kvinnefag har lågare status enn tradisjonelle mannefag. Dermed vel gutar ei utdanning med lågare status enn det som er forventa at dei skal gjere.

Elevane synest det er fint at nokon vel utradisjonelt, men at det er litt ”uvanleg” og ”spesielt”. Når nesten ingen vel utradisjonelt er det, meiner dei unge, fordi alle følgjer interessene sine. Ettersom jenter ikkje er interessert i snekring og gutar ikkje er interessert i helse og sosial, så er det berre slik at ein ikkje vel desse studieretningane. Det ligg i ”oppdraginga” og det er ”grunnleggjande haldningar” som må endrast for å gjere noko med det, seier elevane. Elevane meiner at det er greitt at dei blir gjort merksame på det med utradisjonelle val, men dei vil ikkje bli dytta i ei bestemt retning. Nyhus og Fauske (1998) konkluderer med at temaet ikkje blir opplevd som veldig interessant og at elevane ikkje er så opptekne av det.

Kvinner som går inn i tradisjonelt mannsdominerte yrke opplever at dei får betre arbeidsvilkår, betre lønn og høgare status, enn om dei går inn i tradisjonelt kvinnearbeid. Menn opplever det motsette om dei vel utradisjonelt. Låg lønn er ei ulempe både for kvinner og menn i tradisjonelle kvinneyrke. Menn kan likevel oppleve at dei ”mister” meir enn kvinner ved å gå inn i tradisjonelle kvinneyrke, samanlikna med kva dei ville ha tent ved å gå inn i tradisjonelle mannsyrke. Det kan vera ei av forklaringane på at menn for ein stor del er fråverande innan f.eks. pleie- og omsorgsykke.

Det er ulike meiningar om kva som er hovudgrunnen til dei store lønnsforskjellane mellom tradisjonelle kvinne- og mannsyrke. Ulik verdsetting av typisk kvinnelege og mannlege oppgåver blir trekt fram som ei viktig årsak. Det er ikkje indre eigneskapar ved tradisjonelle kvinnejobbar, f.eks. innan helse og omsorg, som tilseier at jobben skal vere lågt lønna, men det er den kulturelle nedvurderinga av det kvinnelege, og ei tilsvarande oppvurdering av det mannlege (Williams 1993). For å oppnå likelønn mellom menn og kvinner må det til ei radikal oppvurdering av typisk kvinneyrke. Det er slike vurderingar som ligg til grunn når ein snakkar om nye vurderingssystem for ”lik lønn for arbeid av lik verdi”. Om ein ønskjer endring i den kjønnsdelte arbeidsmarknaden må ein betre lønnsvilkåra. Og ikkje minst må ein oppgradere det tradisjonelt kvinnelege, slik at det blir noko attraktivt å strekke seg mot for både kvinner og menn (Boge 2001).

6 Kvinner si deltaking og påverknad i lokale organisasjonar

Den svenske poeten Kristina Lund har skrevet at *"den sanne glädje og kärleken er i sin natur kommunal"*⁸. Rammene for kvardagslivet formast mellom anna gjennom arbeid i frivillige organisasjonar og lokalpolitiske institusjonar. Kvinner og menn har ulikt deltakingsmønster og varierende påverknad på lokalsamfunnet. Sidan kvinner framleis har hovudansvar for reproduksjonsoppgåver er det særskild viktig for dei korleis rammene om kvardagslivet er organisert.

Kvifor er det viktig at kvinner tek del i lokale organ på line med menn? Argument for kvinner si deltaking i det sivile og offentlege samfunnslivet kviler på tre grunnpilarar: 1) Rettfærdsargument; kvinner skal ha same reelle moglegheiter til påverknad av forhold som vedrører livssituasjonen deira, 2) ressursargument; kvinner har erfaringar og kompetanse på andre område enn menn og 3) interesseargument; kvinner kan ha andre og delvis motstridande interesser i forhold til menn (Hernes 1987).

6.1 Sveikka kvinnemakt i frivillige organisasjonar?

I frivillig sektor har kvinner spela ei sentral rolle sidan slutten av 1800-talet. I visse lag så som innan misjon, fråhald og sosiale og humanitære organisasjonar har kvinner dominert på grasrotnivå. Sjølv om menn gjerne hadde leiarsposisjonane, har kvinner historisk spela ei viktig rolle i organisasjonar knytt til store sosiale masserørsler (Selle og Øymyr 1995). Dei frivillige organisasjonane var sentrale premissleverandørar for utforminga av norsk politikk innan dei områda dei arbeidde. I mange bygdesamfunn hadde desse organisasjonane stor innverknad på kultur, ideologi og fritidstilbod (Wollebæk og Selle 2001).

Det lokale organisasjonslivet har gjennomgått store endringar på 1900-talet. I etterkrigstida, og særleg etter 1960, har engasjementet til kvinner i organisasjonslivet endra seg i takt med deira posisjon på andre område, for eksempel inntoget på arbeidsmarknaden. I perioden frå krigen fram til 1960 var dei tradisjonelle humanitære organisasjonane som helselag, sanitetslag, Røde Kors, husmorlag og bondekvinnelag i sterk framgang parallelt med ekspansjonen i velferdsstaten. Perioden var prega av eit grunnleggande kjønnsdelt organisasjonssamfunn. Kvinner og menn deltok i stor grad i aktivitetar med formål som samsvarte med dei tradisjonelle kjønnsrollene i samfunnet.

Wollebæk og Selle (2001) peikar på at det skjedde store endringar i både kjønns- og aktivitetsprofil i 1960-åra. Organisasjonar med proporsjonal kjønnsfordeling eller ei overvekt av mannlege medlemmar hadde sterkast vekst. Dei nye organisasjonstypene drev med nye

⁸ Referert av Fredrik Lundkvist, Svenska Kommunförbundet, Likestillingskonferansen 2001.

aktivitetar som song, musikk, hobbyaktivitetar og idrett, - aktivitetar som var retta meir mot egne medlemmar enn mot samfunnet rundt. Dei kvinnedominerte organisasjonane innan fråhald, misjon, sosialt og humanitært arbeid hadde sterk tilbakegang og omfattande rekrutteringsproblem. Nye generasjonar av kvinner ønskte aktivitetar på nye område som ein følge av deira meir mangfaldige samfunnroller.

Utover 1980- og 1990-talet kan ein sjå dei same tendensane. Misjons- og fråhaldslag og dei tradisjonelle sosiale og humanitære organisasjonane med breie siktemål vart svekka, mens organisasjonar som er aktive innan idrett, kultur og fritid har fått eit nytt rekrutteringsgrunnlag blant kvinner. Samtidig har det skjedd ein vekst i handikaplag, velforeiningar og økonomiske lag etter 1980. Barne- og ungdomslag, både verdslege og kristeleg, har hatt ei negativ utvikling på 1990-talet. Kvinner har tradisjonelt tatt på seg leiaransvar for slike aktivitetar og laga møter store vanskar når kvinner endrar sine prioriteringar .

Kvinner har i aukande grad komme inn i nye typar av organisasjonar som medlemmer, men framleis er det langt igjen til lik fordeling av kvinner og menn i leiarposisjonar. Fem av seks idrettslag, tre av fire økonomiske lag og to av tre kultur- og fritidslag er leidde av menn. Innan alle desse kategoriane er kvinner underrepresenterte i leiarverv i forhold til deira del av medlemsmassen. Likevel har prosentdelen kvinnelege leiarar i politiske parti og økonomiske lag (inkludert fagforeiningar) auka dei siste 20 åra og ligg nå mellom 25 og 30 prosent. Men auka kvinnerepresentasjon blant medlemmar fører ikkje automatisk til større leiaransvar og for kvinner (Wollebæk og Selle 2001).

Ein kan i dag sjå klare innslag av selektiv rekruttering til dei frivillige organisasjonane. Menn er aktive i større grad enn kvinner, og dei mellom 25 og 66 år er mest aktive. For første gong viser det seg at aldersgruppa (16 til 24 år) oftast står heilt utanfor organisasjonslivet. Tidlegare har ungdom vore like aktive eller meir aktive enn eldre aldersgrupper (Wollebæk, Selle og Lorentzen 2000). Spørsmålet er om organisasjonsdeltakinga tapar i konkurranse med andre fritidsaktivitetar eller andre underhaldningstilbod. Og kva vil den reduserte deltakinga blant dei yngre i dag ha for konsekvensar for deira deltaking i vaksen alder?

Likevel er utdanningsforskjellar viktigare enn kjønnsforskjellar med omsyn til deltaking i frivillige organisasjonar. Det er meir sannsynleg å finne ei universitetsutdanna kvinne enn ein mann med grunnskuleutdanning blant dei som er aktive i organisasjonsarbeid. Men kjønnsforskjellane er likevel til stades ein held utdanningsnivået konstant: Menn deltek meir enn kvinner uavhengig av forskjellar i utdanningsnivå (Wollebæk, Selle og Lorentzen 2000).

Kva betyr endringane i organisasjonssamfunnet for kvinner si makt i frivillig sektor? For det første er auka kvinnerepresentasjon i politiske parti og økonomiske organisasjonar positivt for den direkte politiske innverknaden som kvinner har. Men det er usikkert kor stor politisk makt kvinner får så lenge dei er underrepresenterte både som medlemmar og leiarar. For det andre

har kvinner fått større fridom til å velje kva formål dei ønskjer å engasjere seg i. Valmoglegheitene er ikkje lenger avgrensa til aktivitetar som er knytt til tradisjonelle kvinneroller. Val av organisasjonstype er i større grad enn før kopla til individuelle kvinner og ikkje til kvinner som gruppe. Det er sannsynleg at svekkinga av dei tradisjonelle kvinneorganisasjonane inneber svekka kvinnemakt innan frivillig sektor om ein ser på kvinner som gruppe. Kvinnedelen er sterkt aukande i organisasjonar som tidlegare heilt var dominert av menn, men kvinner som kategori er blitt mindre synlege og mindre viktige i organisert aktivitet, hevdar Wollebæk og Selle (2001).

6.2 Auka kvinnemakt i politikken?

Internasjonale avtaler som FNs Convention of the Elimination of all Forms of Discrimination Against Women (CEDAW) og handlingsplanen frå FNs fjerde kvinnekonferanse i Beijing i 1995 har sett fart i diskusjonane omkring kvinners deltaking i politikken. Internasjonale avtarar forpliktar landa til å gjennomføre ”tiltak som sikrer kvinner lik adgang til og full deltakelse i maktstrukturer og beslutningsprosesser” (Barne- og familiedepartementet 1996). For å betre kvinnerepresentasjonen i politikken har for eksempel Noreg, gjennom kommunelova av 1992, vedteke reglar om kjønnskvolter i politiske utval. Dessutan har alle dei politiske partia, unntatt Høgre og Framstegspartiet, vedteke kvoteringsreglar.

Den breie tilslutninga til nasjonale ordningar og internasjonale avtaler viser at kvinners relative underrepresentasjon i politikken blir sett på som eit problem. I internasjonal samanheng ligg Noreg relativt godt an. Det er likevel langt fram til ei likefordeling av politiske posisjonar. Når vi opnar døra til kommune-Noreg ser vi at den mannlege overrepresentasjonen er robust, og dess høgare opp i systema ein kjem, dess sterkare er mannsrepresentasjonen.

6.2.1 Prosentvis del kvinner i politiske organ

Som det går fram av tabell 6.1 har kvinner blitt sterkare representert i kommunale, folkevalte organ dei siste tiåra. I kommunestyra har deltakinga til kvinnene likevel vore ca 10 prosent lågare enn på Stortinget på heile 90-tallet.

Prosentvis del kvinner i kommunestyra har auka ved kvart val frå 1975 og fram til i dag, unntatt ved valet i 1991 da det var ein tilbakegang på 2,7 prosent. I formannskapa har det også stort sett vore ein auke av kvinner frå ein periode til den neste. Kvinnedelen i formannskapa var lågare enn i kommunestyra fram til 1991, da dei var omtrent like. Etter vala i 1995 og 1999 har kvinner vore ”overrepresentert” i formannskapet i forhold til i kommunestyret. Auken i kvinnedelen i formannskapet har altså vore større enn i kommunestyret. Det betyr at dei politiske partia inkluderer kvinner i formannskapet i større grad enn kvinnedelen i kommunestyret skulle tilseie. Det same gjeld for dei politiske utvala. I heile perioden frå 1983

og fram til i dag har deltakinga til kvinner i politiske utval vore frå 5 til 10 prosentpoeng høgare enn i kommunestyret. Dette har vore ein viktig rekrutteringskanal til politisk arbeid.

Tabell 6.1 Prosentvis del kvinner i politiske organ og leiarposisjonar 1975-1999

	1975	1979	1983	1987	1991	1995	1999
Kommunestyre	15,4	22,8	23,8	31,2	28,5	32,2	34,3
Formannskap	*	15,3	22,0	28,0	28,0	35,9	38,0
Politiske utval	*	*	31,2	36,1	36,4	39,4	44,0
Leiar pol. utval	*	*	16,2	18,8	19,6	20,7**	24,0
Ordførar	1,8	2,6	3,6	6,5	12,5	15,8	14,9
Varaordførar	*	16,7	33,3	38,9	27,5	28,9	33,3

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå og Organisasjonsdatabasen

*Data ikkje tilgjengeleg

** Både ordførarar, varaordførarar og leiarar i politiske utval

På bakgrunn av gjennomsnittstala får vi eit svært positivt bilete av utviklinga i kvinndelen. Gjennomsnittstala skjuler likevel store forskjellar mellom kommunar. Kvinners deltaking i kommunestyra varierer i denne perioden frå 8 til 62 prosent. Det finst 4 formannskap (1 prosent) utan kvinner, mens 9 prosent av kommunane har kvinner i fleirtal i formannskapa (Vabo og Stigen 2000).

I Sogn og Fjordane ligg prosentvis del kvinner om lag på landsgjennomsnittet, medan Hordaland ligg litt over og Møre og Romsdal litt under, jf tabell 6.2. Også her er det store variasjonar kommunane imellom. Hordaland utmerkar seg med størst variasjon, frå berre 8 prosent kvinner i Sveio til 62 prosent i Granvin. Variasjonen er litt mindre i dei to andre fylka. I Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal ligg høvesvis Luster og Eide kommunar i botn og Solund og Tustna på topp.

Tabell 6.2 Prosentvis del kvinner i kommunestyra fordelt på fylke

	Gjennomsnitt	Minimum	Maksimum
Hordaland	33,8 %	8,0 %	61,5 %
Sogn og Fjordane	34,4 %	17,2 %	58,8 %
Møre og Romsdal	32,1 %	14,3 %	52,9 %

Kjelde: SSB

Tala på kvinner i leiarposisjonar syner ei anna utvikling enn i dei politiske organa. Det tar lenger tid for kvinner å erobre leiarposisjonar enn for eksempel å få innpass i formannskapet. Auken i kvinndelen blant leiarar i politiske utval har vore på 1 til 3 prosentpoeng ved kvart val sidan 1983. I dag er kvar fjerde leiar av politiske utval kvinne, til tross for at kvinndelen i utvala er 44 prosent. Prosentvis del kvinnelege ordførarar auka minimalt frå 1975 til 1983. Deretter gjorde den eit hopp ved de to neste vala, særleg ved valet i 1991. Sidan har auken

vore minimal att og med ein liten tilbakegang ved siste val. Framleis er 5 av 6 ordførarar menn.

Kvinner er i større grad representert blant varaordførarane. Der gjorde kvinnetdelen eit sprang på heile 17 prosent ved valet i 1983. Også ved valet i 1987 var det ein markant auke. Sidan har det vore ein reduksjon i prosentvis del kvinner og kvinnetdelen har stabilisert seg rundt 30 prosent. I dag er kvar tredje varaordfører kvinne. For kvinner ser likevel ikkje posisjonen som varaordfører ut til å fungere som ein karriererakett med tanke på ordførarposten. Trass i at det skulle finnes aspirantar blant varaordførarane, har kvinnene vanskeleg for å nå heilt til topps i det kommunale systemet.

Med tanke på livsfase er den ”typiske” mannlege representant i kommunestyra over 50 år, gift, har høg utdanning og høg inntekt og arbeider i privat sektor. Den ”typiske” kvinnelege representant er mellom 40 og 49 år, gift, har enten grunnskule, vidaregåande skule eller høgskule, tener mellom 150.000 og 200.000 kroner og arbeider i offentleg sektor (Svanes 1996). Det er altså dei godt vaksne, veletablerte innbyggjarane som i størst grad tek del i politikken.

6.2.2 Rekruttering til politikken

Rekruttering av kvinner til politikken er knytt til etterspørselssida, dvs. kor villige parti og veljarar er til å nominere og stemme på kvinner, men også av tilbudssida, dvs. kor interesserte og motiverte kvinner er i å delta (Norris and Lovenduski 1995). I Noreg kan kvinners relativt svake innpass i lokalpolitikken i stor grad relaterast til veljar- og partiåtfærd, dvs. til etterspørselsida (Raaum 1999), men også i nokon grad til tilbudssida (Ringkjøb 1998).

Den norske kommunevalordninga verkar i kvinners disfavør ved at veljaranes listerettingar, dvs. veljaranes moglegheiter til å stemme på eller å stryke individuelle kandidatar, fungerer negativt for rekruttering av kvinner. Ved valet i 1995 vart den faktiske kvinnetdelen 7 prosent lågare enn ”forventa” som følge av listerettingane til veljarane. Forventa kvinnetdel er den prosentvise delen representantar kvinner ville fått dersom dei rettingar veljarane gjorde var nøytrale i forhold til kjønn⁹. Det betyr at partia sine nominasjonslister la opp til ein kvinnetdel på ca 40 prosent i gjennomsnitt. Det er interessant å merke seg at partia ved valet i 1999 på landsbasis hadde nominert 38 prosent kvinner på ”sikre” plasser, dvs. færre enn ved valet i 1995. Veljarane reduserte altså kvinnetdelen med ca 4 prosent ved siste val (Nationen 24.01.02).

Omfanget av listeretting varierer med kommunestorleik og region. Over tid er forskjellar i listeretting mellom store og små kommunar redusert, men forskjellane er ikkje viska ut. I dei

⁹ For ei detaljert framstilling av framgangsmåten for beregning, sjå Bjørklund 1999:268ff.

mest folkefattige kommunane (under 2 000 innbyggjarar) rettar godt over halvparten av veljarane listene, mot under 20 prosent i dei mest folkerike kommunane. Regionalt skil Vestlandet seg ut med høgast grad av listeretting blant landsdelane, med Sørlandet som ein god nummer to (Bjørklund 1999).

Tabell 6.3 Forventa og faktisk prosentvis del kvinner og prosentdifferanse etter fylke 1999

Fylke	Forventa prosentvis del kvinner	Faktisk prosentvis del kvinner	Prosentpoeng-differanse
Hordaland	38,8	33,8	5
Sogn og Fjordane	40,2	34,4	5,6
Møre og Romsdal	37,9	32,1	5,4

Kjelde: SSB

Veljarane i våre tre fylke reduserte kvinnedelen i kommunestyret noko meir enn landsgjennomsnittet i 1999. Her er det også store forskjellar mellom kommunane. Ei rekke kommunar hadde ein reduksjon på meir enn 10 prosentpoeng: Hordaland 10 kommunar, Sogn og Fjordane 8 kommunar og Møre og Romsdal 12 kommunar. Det vil seie at utfordringane for å sikre kvinnerepresentasjonen er spesielt stor for dei politiske partia på Vestlandet.

I ei undersøking i fire kommunar viser Ringkjøb (1998¹⁰) at det er færre kvinner enn menn som vil stille til val. Av dei villige er 26 prosent kvinnelege innbyggjarar og 74 prosent mannlege. Kvinnene utgjorde 33 prosent av medlemmane i dei politiske partia. Tilbodet av kvinnelege kandidatar er med andre ord mindre enn mannlege. Partia retta til ein viss grad opp denne ujamne fordelinga av kvinner og menn da dei sette opp nominasjonslistene. 38 prosent kvinner hadde fått plass på listene, dvs. at etterspørselen etter kvinner er større enn tilbodet. Likevel vart berre 28 prosent kvinner valt til kommunestyret i desse kommunane i 1995.

Ser vi nærare på kvifor kvinner utgjer ein så vidt liten del av dei valte, skuldast det i størst grad at partia ikkje hadde favorisert kvinner blant dei førehandskumulerte (6 prosent reduksjon). Kvinner står i mindre grad enn menn på dei ”sikre” plassane på lista. Kvinnene er altså i større grad ”listefyll”, men dei kan ha symbolsk verdi idet det viser at partia legg vekt på å integrera kvinner i politikken. Samtidig hadde veljarane favorisert menn framfor kvinner på vallistene (4 prosent reduksjon). På denne måten kan ein seie at partia, som etterspørjarar av politiske kandidatar, på den eine sida favoriserer kvinner på listene, men på den andre sida er dei ikkje villige til å satse på kvinnelege toppkandidatar. Saman med den prioriteringa som veljarane gjer av mannlege kandidatar får det negative konsekvensar for kvinners deltaking i politikken.

¹⁰ Undersøkinga er gjennomført i kommunane Gjemnes, Marnadal, Røyken og Kristiansund. Dei fire kommunane representerar kvar sin valkontekst som er typiske for alle norske kommunar. Derfor kan utvalet seie noko utover dei fire kommunane som isolerte case.

Ei undersøking av gjennomføring av reglar om kjønnskvaltering i kommunelova viser at kvinnelege kandidatar utgjer *reservestyrken* når dei politiske utvala skal fyllast med folk. Det betyr at etterspørjarane i dei politiske partia helst vil ha mannlege kandidatar først, medan kvinnelege kandidatar utgjer eit supplement til dei mannlege. Fordeling av representantar i utvala skjer etter det partipolitiske styrkeforholdet i kommunestyret. Uformelle reglar i valnemndene tilseier at parti som står sterkast med tanke på mandat, har krav på å få inn ein mannleg representant i utvalet, medan dei ”svakaste” partia må stille med kvinneleg representant (Guldvik 2002a).

Utviklingstendensane er klare i retning av auke i prosentvis del kvinner i politikken. Slik sett kan ein seie at det går mot auka kvinnemakt i politikken. Men utviklinga er ikkje lineær. Det er forskjellar mellom kommunar, mellom parti, på ulike nivå innan ein kommune og mellom det lokale og det nasjonale nivået. Samtidig er det forskjellar i deltaking mellom kvinner, med omsyn til alder, utdanning, klasse, etnisitet osv. Det trengs meir kunnskap om kvifor det er forskjellar i politisk representasjon mellom kvinner og mellom menn, og kva det betyr for utviklinga av levedyktige lokalsamfunn.

6.2.3 Likestillingspolitikk møter motstand lokalt

Ei rekkje studiar viser at likestillingspolitikken på kommunalt nivå møter motstand (Halsaa 1995, Guldvik 1996, van der Ros 1997). Motstanden er i stor grad passiv, fordi det ikkje er politisk korrekt å vere motstandar av likestilling i dagens vestlege samfunn. Passiv motstand kan delast inn i tre trinn: Det handlar om å hindre at likestilling kjem på dagsorden, når likestilling har komme på dagsorden gjeld det å hindre iverksettinga, og til sist handlar det om å halde endringspotensialet på lågast mogleg nivå (Pincus 1999).

Strukturar, aktørar og prosessar påverkar utvikling og iverksetting av likestillingspolitikken gjensidig. Kjønnsarbeidsdelinga i samfunnet, der kvinner har hovudansvar for ulønna arbeid, reduserer kvinner sine moglegheiter for deltaking i politikken. Tradisjonelle syn på kva oppgåver som høver seg for kvinner og menn fører til at mange kvinner blir stengde ute frå topposisjonane i politikken. Formell likestilling blir ikkje automatisk følgt av faktisk likestilling. I politikken viser det seg blant anna gjennom at kvart fjerde politiske utval er nedsett i strid med kvoteringsreglane i kommunelova, dvs. at kvinnetdelen utgjør mindre enn 40 prosent (Guldvik 2002a). Etablerte kjønnsnsmaktstrukturar sitt djupt og dei er seige å endre. Formelle reguleringar må vere eintydige og ”sterkt” utforma for å oppnå målsettingar om likestilling mellom kjønna. I tillegg må det blant aktørane finnast innovatørar som er i posisjon og har vilje til å gjennomføre feministiske eller kritiske handlingar, dvs. handlingar som fører til endring i kvinners situasjon på kort og lang sikt (Dahlerup 1988).

DEL II Metode, empiri og drøfting

7 Metode

Kapittel 7 gir ein gjennomgang av metoden som er brukt for å få kunnskap om korleis informantane i kommunane opplever bustaden sin og korleis vi konkret har arbeidd med materialet. I tillegg gir vi ein kort presentasjon av kommunane og deltakarane i intervjuet.

7.1 Gruppeintervju som metode

Gruppeintervju har fleire bruksområde. Dei kan nyttast som førebuingar eller supplement til kvantitative undersøkingar, eller dei kan nyttast som kvalitative undersøkingar aleine.

Gruppeintervju som kvalitativ forskingsmetode går ut på at fleire menneske saman diskuterar eit tema med ein forskar som leiar eller ordstyrar. Gruppeintervju blir karakterisert som ein kollektiv, relasjonell og dynamisk metode. Det bygger på at sosial mening blir skapt i samhandling mellom menneske, og det veks ut av ein felles praksis og eit felles språk. Styrken til gruppeintervjuet er at dei er eigna til å setje i gang prosessar hos deltakarane. Materialet som blir lagt til grunn for analysen blir produsert i samhandling mellom deltakarane. I staden for å kalle gruppeintervju ein metode for innsamling av materiale, skulle den heller kunne kallast ein produksjonsmetode eller ein ”kunnskapingsmetode”. Samhandlinga blant gruppedeltakarane bringer fram innsikt som ein sjeldan eller aldri kan oppnå gjennom andre metodar (Brandth 1996).

Gruppeintervju som metode har ein del fordelar i forhold til andre typar datainnsamling:

- intervjuet verkar meir engasjerande på deltakarane fordi vi har med ei gruppe å gjere framfor enkeltpersonar,
- gruppeintervju gir opplysningar utanom dei verbale og gir høve til å observere reaksjonane og dei mellommenneskelege forholda til deltakarane,
- metoden er tidsrasjonell, samanlikna med individuelle intervju,
- den kan gi mykje nyttige data med relativt lite påverknad frå forskaren,
- den produserer materialet undervegs i samhandling mellom deltakarane.

Den sosiale situasjonen har i seg sjølv moglegheiter; folk møtast og drøfter tema dei ikkje snakkar om til dagleg. Dette er også ein grunn til å velje gruppeintervju framfor andre metodar.

Vesentlege spørsmål i samanheng med metoden sin nytteverdi er:

- seier personane ting som ikkje ville ha komme fram frå enkeltpersonar? og omvendt:
- blir informasjon halde attende nettopp på grunn av at det er ei gruppe tilstades?

Gruppeintervju eignar seg til ”kunnskaping” om mange forskjellige sosiale fenomen innan fag som sosiologi, psykologi og pedagogikk (Brandth 1996), i tillegg til studiar av meir statsvitskapleg karakter (Guldvik 2002b). Intervjusituasjonen gir deltakarane stor moglegheit til å definere situasjonen sjølv. I mindre grad enn i individuelle intervju blir deltakarane styrt av forskaren sine spørsmål. Intervjupersonane stiller iblant spørsmål sjølve, dei samtalar med kvarandre og dei tar til tider styringa. Når deltakarane blir mange og forskarane få, ligg det ei maktforskuving i relasjonane. Gruppesituasjonane vil likevel setje grenser for kor personlege tema som kan diskuterast.

7.2 Utval av kommunar og deltakarar

Geografisk har vi valt å konsentrere oss om ein type distriktssamfunn som verken kan reknast som sterke sentra, eller som ekstreme utkantar. Dei seks kommunane vi har plukka ut er: Fitjar, Voss, Flora, Lærdal, Haram og Sunndal. Kommunane er skjønsmessig valt ut i samarbeid med styringsgruppa. Styringsgruppa ønskte ikkje å plukke ut dei mest utkantprega kommunane, og dei ønskte heller ikkje å ha med store eller veldig sentrale stadar. Vidare skulle kommunane vere geografisk spreidd i dei tre vestlandsfylka og det var ønskeleg med ein kyst- og ein innlandskommune i kvart fylke.

Det er med andre ord ikkje lagt vekt på å få fram ”typiske” kommunar, eller kommunar med forskjellige objektive kjenneteikn som for eksempel kvinneunderskott, negativ flyttebalanse eller spesiell næringsstruktur. I tråd med dette er det heller ikkje vårt mål med den empiriske undersøkinga å fortelje noko substansielt om dei seks stadane eller om distrikta generelt. Vårt mål har vore å få fram korleis eit utval kvinner og menn frå desse stadane opplever å bu i ”distriktsomgivnader” og korleis dei organiserer kvardagslivet innanfor desse rammene.

Målet med vår empiriske undersøking er å vise nokre bilete av distriktsbefolkninga sitt liv og virke. Bileta er ikkje meint å vere representative, og heller ikkje unike. Saman med andre bilete/representasjonar fører dei til auka kunnskap og forståing om kva haldningar og føringar som ligg til grunn for folk sitt kvardagsliv og handlemåtar i eit distriktsperspektiv.

Dei vi har intervjuar er heller ikkje trekt ut på nokon representativ måte. Delvis har vi fått landbrukskontora eller næringsavdelingane i kommunane til å foreslå kandidatar, og delvis har vi brukt snøballmetoden, dvs. at nokre av dei vi har kontakta har foreslått moglege informantar. Vi hadde på førehand avklart visse kriteria for å få ei ”ønska gruppe”. Desse kriteria var: Nokre informantar i etableringsfasen og nokre ”veletablerte”, og samtidig ei representativ blanding av kvinner og menn uavhengig av yrke eller bakgrunn.

På denne måten har vi fått tak i 28 kvinner og menn i ulike aldersgrupper og som representerer dei to livsfasane styringsgruppa ønskte å fokusere på; nemleg etableringsfasen og den veletablerte fasen. Folk i etableringsfasen er ei ny målgruppe i distriktspolitikken; det

er i denne gruppa ein vonar å finne størst potensiale for tilbakeflytting eller nyinnflytting til distrikta. Dei veletablerte er på den andre sida ei gruppe som i liten grad har planar om å flytte, men som representerer den gruppa som oftast tek imot distriktpolitiske verkemidlar.

Etter at vi hadde motteke namnelister på aktuelle informantar, vart desse personane tilsendt eit informasjonsbrev, der det stod litt om bakgrunnen for og formålet med prosjektet og undersøkinga. Det vart også opplyst kva tema som skulle tas opp i intervjuet, tidsrom og stad. Etter nokre dagar vart kvar enkelt person som hadde fått tilsendt brev oppringt frå Østlandsforskning med førespurnad om det var interesse for deltaking. Responsen var for det meste positiv. Intervjua fann stad på møterom på eit hotell eller kommunehuset.

Når det gjeld gruppestorleik er den mest gunstige storleiken ved denne type undersøking ei gruppe på mellom 6 og 10 personar. Det maksimale talet deltakarar som er anbefalt er 12 personar, mens nedre grense er sett til 4 personar (Morgan 1988).

I våre kommunar var informantane fordelt slik på dei 6 kommunane: 6 personar i Fitjar, 6 personar i Lærdal, 3 personar i Voss (pga. svært dårleg ver og føre), 4 personar i Sunndal, 5 personar i Haram og 4 personar i Flora. Vi hadde planlagt å ha 6 deltakarar i kvar gruppe, men nokre av dei som hadde sagt seg villige til å delta møtte ikkje opp til intervju. Enkelte stilte ikkje opp pga dårlege ver- og føreforhold. Om andre veit vi ikkje kvifor dei ikkje dukka opp. Kanskje er det mindre forpliktande for den enkelte å møte opp når dei veit at dei skal delta i gruppeintervju og ikkje i individuelle intervju? På den andre sida er det forståeleg at nokon kan gløyme avtalar eller at dei ikkje stiller dersom det kjem noko i vegen i siste liten.

7.3 Kort presentasjon av kommunane

Voss

Voss kommune ligg i Hordaland, og hadde pr 1/1 2001 13.796 innbyggjarar. 98 kvinner pr 100 menn i alderen 20-39 år i 2001. Kommunen hadde i 2000 eit fødselsoverskott på 3 personar. Netto innflytting var på 67 personar. Pr. desember 2001 var det i aldersgruppa 16-24 år 3,6 prosent som var arbeidsledige. Den tilsvarende prosentdelen for aldersgruppa 25-66 år var 3,0.

Fitjar

Fitjar kommune ligg i Hordaland, og hadde pr 1/1 2001 2.978 innbyggjarar. 84 kvinner pr 100 menn i alderen 20-39 år i 2001. Kommunen hadde i 2000 eit fødselsoverskott på 28 personar. Netto utflytting var på 42 personar. Pr. desember 2001 var det i aldersgruppa 16-24 år 3,2 prosent som var arbeidsledige. Den tilsvarende prosentdelen for aldersgruppa 25-66 år var 2,4.

Lærdal

Lærdal kommune ligg i Sogn og Fjordane, og hadde pr 1/1 2001 2.201 innbyggjarar. 91 kvinner pr 100 menn i alderen 20-39 år i 2001. Kommunen hadde i 2000 eit fødselsunderskott på 4 personar. Netto utflytting var på 1 person. Pr. desember 2001 var det i aldersgruppa 16-24 år 1,7 prosent som var arbeidsledige. Den tilsvarende prosentdelen for aldersgruppa 25-66 år var også 1,7.

Sunndal

Sunndal kommune ligg i Møre og Romsdal, og hadde pr 1/1 2001 7.426 innbyggjarar. 95 kvinner pr 100 menn i alderen 20-39 år i 2001. Kommunen hadde i 2000 eit fødselsoverskott på 8 personar. Netto innflytting var på 51 personar. Pr. desember 2001 var det i aldersgruppa 16-24 år 3,9 prosent som var arbeidsledige. Den tilsvarende prosentdelen for aldersgruppa 25-66 år var 1,6.

Haram

Haram kommune ligg i Møre og Romsdal, og hadde pr 1/1 2001 8.792 innbyggjarar. 85 kvinner pr 100 menn i alderen 20-39 år i 2001. Kommunen hadde i 2000 eit fødselsoverskott på 10 personar. Netto innflytting var på 8 personar. Pr. desember 2001 var det i aldersgruppa 16-24 år 2 prosent som var arbeidsledige. Den tilsvarende prosentdelen for aldersgruppa 25-66 år var 1,9.

Flora

Flora kommune ligg i Sogn og Fjordane, og hadde pr 1/1 2001 11.298 innbyggjarar. 89 kvinner pr 100 menn i alderen 20-39 år i 2001. Kommunen hadde i 2000 eit fødselsoverskott på 72 personar. Netto inn-/utflytting var på 0 personar. Pr. desember 2001 var det i aldersgruppa 16-24 år 3,0 prosent som var arbeidsledige. Den tilsvarende prosentdelen for aldersgruppa 25-66 år var 2,3.

Næringsstruktur og kjønnsfordeling

For å få ei meir utfyllande oversikt over sysselsetjinga i kvar av dei seks kommunane, viser tabellen nedanfor sum arbeidsplassar totalt innan kvar kommune, samt den prosentvise delen kvinner innan kvar enkelt næring.

Tabell 7.1 Næringsstruktur etter kjønn. Fitjar, Voss, Flora, Lærdal, Haram og Sunndal. 4. kv. 2000 (prosent)

	FITJAR		VOSS		FLORA		LÆRDAL		HARAM		SUNNDAL	
	Næringsstruktur	Kvinneandel	Næringsstruktur	Kvinneandel	Næringsstruktur	Kvinneandel	Næringsstruktur	Kvinneandel	Næringsstruktur	Kvinneandel	Næringsstruktur	Kvinneandel
Primærnæringer	4 %	10 %	7 %	20 %	6 %	20 %	8 %	10 %	5 %	22 %	4 %	25 %
Industri og bergverk	13 %	20 %	9 %	21 %	25 %	17 %	8 %	17 %	48 %	27 %	40 %	17 %
Bygg og anlegg	13 %	2 %	8 %	7 %	10 %	16 %	7 %	6 %	4 %	6 %	6 %	10 %
Varehandel, hotell og restaurant	11 %	65 %	20 %	58 %	13 %	62 %	10 %	49 %	7 %	68 %	12 %	65 %
Samferdsel	5 %	21 %	7 %	16 %	11 %	34 %	4 %	13 %	5 %	26 %	4 %	24 %
Bank, forsikring, forr.tj.yting	9 %	19 %	7 %	50 %	8 %	35 %	14 %	71 %	2 %	62 %	3 %	55 %
Offentlig administrasjon	4 %	42 %	4 %	40 %	9 %	60 %	6 %	48 %	3 %	62 %	4 %	61 %
Undervisning	15 %	75 %	10 %	62 %	3 %	47 %	6 %	77 %	8 %	65 %	7 %	67 %
Helse og sosial	18 %	96 %	22 %	85 %	11 %	82 %	32 %	84 %	11 %	92 %	15 %	91 %
Øvrig tjenesteyting	4 %	38 %	3 %	59 %	3 %	62 %	1 %	57 %	1 %	72 %	2 %	65 %
Ufordelt	3 %	70 %	2 %	87 %	2 %	35 %	2 %	58 %	6 %	15 %	1 %	81 %
Sum i prosent	100 %	48 %	100 %	50 %	100 %	40 %	100 %	55 %	100 %	40 %	100 %	43 %
Sum i antall	922	439	5 852	2 942	4 646	1 852	953	525	3 773	1 526	3 476	1 480

Kjelde: Østlandsforskning på grunnlag av SSB (AA-register)

Den totale oversikta over talet på kvinner og menn innan næring (ikkje gruppert) og kommune, er å finne i vedlegg 2. Tabellen omfattar også dei tilsvarande tala for fylka Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og heile landet.

7.4 Presentasjon av deltakarane i gruppeintervjua

Deltakarane i gruppeintervju i Voss

I Voss møtte tre deltakarar til intervju. To kvinner og ein mann, alle med familie. Felles for den eine kvinna og mannen var at dei begge hadde små barn og at dei er fødte og oppvaksne i Voss. Den andre kvinna hadde vaksne barn og hadde busett seg i Voss som følgje av at både ho og mannen fekk jobb her. Alderssamansetjinga på dei tre varierte frå 38 til 52 år.

Deltakarane i gruppeintervju i Fitjar

I Fitjar kommune vart seks personar intervju, tre kvinner og tre menn, alle med tre eller fleire barn. To av kvinnene har gifta seg til staden, to av mennene bur her på grunn av jobb, ei av kvinnene er odelsjente og bur på familiegarden, mens den siste mannen har flytta tilbake til kommunen etter ein del år borte. Alderen varierte frå 31 til 54 år. To personar vart intervju individuelt fordi tidspunktet for gruppeintervju ikkje passa.

Deltakarane i gruppeintervju i Lærdal

I Lærdal vart seks personar intervju, fire menn og to kvinner. Fire av informantane har relativt små barn, ein har vaksne barn. To av mennene har budd her heile tida, ein er tilbakeflyttar, mens den siste av mennene og dei to kvinnene var nykommarar for nokre år tilbake. Alderen på deltakarane var frå 29 til 58 år. Også i Lærdal hadde vi to individuelle intervju.

Deltakarane i gruppeintervju i Sunndal

Fire personar møtte til intervjuet, to kvinner og to menn. Tre av dei har barn. Berre ein av informantane er fødd og oppvaksen her. Dei tre andre bur her på grunn av jobb, fordi mannen

budde her, og fordi ”tilfeldigheitene” spelte ei rolle. Aldersforskjellen på deltakarane i gruppa var frå 28 år til 46 år.

Deltakarane i gruppeintervju i Haram/Søvik

I Haram stilte fem personar opp til gruppeintervju, to kvinner og tre menn. Dei to kvinnene og ein av mennene er nykommarar/innflyttarar. Dei to siste har budd på plassen heile livet. Ein av mennene er ugift, dei resterande er gifte og har barn. Gruppa representerte ei fin blanding i alder, frå 29 til 60 år.

Deltakarane i gruppeintervju i Flora

I Flora møtte fire deltakarar til intervju, tre kvinner og ein mann. Tre av desse er innflyttarar, men har budd i Flora ei årrekkje og kan ikkje lenger seiast å vere nykommarar. Ein har budd i kommunen heile livet. Kva gjeld alder dominerte dei ”godt vaksne” ettersom ein var 25 år og resten var frå 50 år og oppover til 65år.

7.4.1 Samansetjinga av gruppene

Vi ønskte deltakarar som var omtrent jamt fordelte etter kjønn og livsfase. På bakgrunn av utveljingsmåten vart samansetjinga av gruppene noko tilfeldig.

Vi har ei lik fordeling av kvinner og menn. Korleis vi skal definere livsfase er noko meir problematisk. Som vi var inne på i kapittel 2.3 er det stor variasjon i når dei ulike livsfasane kjem. Somme har etablert seg i ung alder og er relativt etablerte i ein alder av 30 år, mens andre har etablert seg med familie og barn i meir vaksen alder. Blant informantane er det småbarnsforeldre på ca. 45 år som vi kan karakterisere som relativt nyetablerte i bygda. Samtidig har vi informantar på ca. 30 år som budd i bygda i ei årrekkje og som har ungar i skulealder. Dei går inn under kategorien ”veletablerte”. Etter ei skjønnsmessig kategorisering av informantane etter livsfase får vi følgjande fordeling av informantar etter kjønn og livsfase:

Tabell 7.2 Informantar etter kjønn og livsfase

Livsfase		Kjønn	
		Kvinne	Mann
	Nyetablerte	4	3
	Veletablerte	10	11

Som det går fram av tabellen har vi ei langt større gruppe veletablerte enn nyetablerte blant informantane. Det kan komme av at kontaktane våre i kommunane ikkje kjende til så mange nyetablerte innbyggjarar og at vi derfor fekk namna til færre personar i denne gruppa.

Kva betyr samansetjinga av gruppene for gyldigheita eller validiteten på datamaterialet? Validitet i kvalitativ forskning kan vurderast bl.a. gjennom støtte i anna forskning og omgrep som metting (Holter og Kalleberg 1996). Vi finn støtte for både fellestrekk og variasjon i materialet vårt når vi samanliknar det med anna forskning. Analysane kan vere fruktbare også om ein ikkje finn støtte i anna forskning, dersom dei gir moglegheiter for nye forklaringar (Jørgensen og Phillips 1999). Vi opplevde metting i dataproduksjonen etter at vi hadde gjennomført 4 til 5 intervju. Det kom fram lite ny innsikt med tanke på tema og synspunkt. Eit større tal informantar generelt og nyetablerte spesielt, kunne gitt meir kunnskap om ”livet i bygda”, men vi meiner at vi gjennom intervju har fått gyldig kunnskap om fordelar og ulemper med ”bygdelivet”, slik det blir opplevd av eit utval informantar av begge kjønn i ulike fasar av livet.

7.5 Gjennomføring av gruppeintervju

Erfaringar frå denne og andre gruppeintervju som er gjennomført, tilseier at samtala hovudsakleg bør dreie seg om tema som er sentrale i kvardagslivet til deltakarane. Brandth (1996) seier også at det er vanskeleg å skape ein fruktbar samtale utan at det er grunnlag for den i den sosiale røynda.

Først i gruppeintervju vart kvar deltakar gitt høve til å presentere seg. Her vart alder, sivilstand, yrke etc. kort fortalt. I tillegg til at dette var nyttig basisinformasjon både for ordstyrar/forskar og dei resterande deltakarane, fungerte presentasjonen også som ein ”isbrytar”: Alle hadde sagt noko i plenum, og var slik ”i gang”.

Ved hjelp av ein intervjuguide følgde kvart av dei 6 intervju nokolunde same gangen. Forskaren brukte denne guiden for å sikre at alle punkt vart drøfta. Det var viktig ikkje å bli for bunde til guiden, men å ha evna til å improvisere. Forskaren kunne i løpet av intervjuet gå meir i djupna der det var nødvendig, hoppe over emne ho allereie hadde vore innom og følgje opp nye, interessante emne som oppstod undervegs.

Ved tolking av gruppeintervju bør det i ettertid også diskuterast kor aktivt og lett deltakarane diskuterte eit gitt tema. Eit anna spørsmål er om diskusjonen vart leidd i ei ”tvungen retning”, og om lydband som (eventuelt) vart brukt under intervju kan ha verka hemmande på deltakarane.

Forskaren si rolle vart lagd opp til å vere heller smålåten i løpet av intervjuet, utan leiande kommentarar eller utsegn. I prosessen der data blir henta inn, er det viktig å retningsbestemme diskusjonen, utan å leggje orda i munnen til deltakarane. Og som Vangsgraven og Jervell (1997) også seier: ”Det er ikke uvanlig at noen grupper trenger mer ”draghjelp” enn andre”, og dette opplevde vi også.

I hovudsak opplevde forskarane at stemninga under intervjuet var god. Deltakarane var absolutt oppegående og samfunnsengasjerte! Enkelte informantar hadde reflektert lite over temaet (distriktsbusetjing), og spesielt hadde enkelte eit lite reflektert forhold til forskjellar mellom kjønn og ulike livsfasar. Desse informantane vart litt nølande i forhold til emnet, men det tok seg opp når dei kom i gang. I nokre grupper gjekk diskusjonane lettare enn i andre grupper. Når det er få deltakarar i gruppa kan diskusjonane gå tregare enn med fleire deltakarar.

Forskarane prøvde å halde ein ”låg” profil i intervjuet, slik at informantane kunne leggje vekt på det dei meinte var viktig. Deltakarpåverknaden kan seiast å sikre djupna i gruppeintervju gjennom at den lokale kunnskapen har forrang. Likevel må forskaren søkje å sikre breidda gjennom å ta opp nødvendige tema og spørsmål til diskusjon (Guldvik 2002b). Bandspelaren verka ikkje inn på aktiviteten i gruppene etter nokre innleiande, ofte humoristiske, kommentarar frå deltakarane.

7.6 Handsaming av data

Alle intervjuet vart tatt opp på band og skrivne ut kort tid etter at dei var gjennomførte. Råmaterialet for analysen er detaljerte notat frå gruppeintervjuet, supplerte med forskaren sine observasjonar undervegs.

Etter at alle intervjuet var fullførte har vi arbeidd med å systematisere materialet etter tema. Her er det søkt etter å få tak i breidda i materialet, samtidig som vi var opptekne av å få med typiske/atypiske utsegner. Vi såg etter forskjellar og fellestrekk mellom personar som er i same livsfase/familieforhold, og trekkjer i samanlikninga også inn blant anna kjønn og bustadkommune. Vi var også interesserte i å finne andre samanhengar i materialet, som for eksempel synspunkta til personane og haldningar til tema, sett i lys av flyttebakgrunn. Prosessen med å tolke og systematisere materialet har skjedd i ei veksling mellom analyse og studiar av materialet, samt gjennom drøfting mellom forskarane.

Analysen av gruppeintervjuet kan gå føre seg på to nivå; gruppenivået og individnivået. På gruppenivå kan ein studere korleis for eksempel bustadsval og ”distriktsliv” blir konstruert i gruppa, kva argument som får gjennomslag, kven som har definisjonsmakta osv. I tillegg kan ein studere likskap og variasjonar på individnivå, eksempelvis på bakgrunn av kjønn og livsfase (Guldvik 2002b).

I kapittel 2.4 karakteriserte vi dei som bur i bygdene som bufaste, tilbakeflyttarar og nykommarar. Etter samtalan med informantane var det mange av dei såkalla nykommarane som fann det unaturleg å bli kalla nykommar når dei har budd i kommunen i lang tid. Har du budd ein stad f.eks. i 10 år, opplever du det ikkje som dekkjande å bli kalla nykommar. I det følgjande kallar vi derfor informantane i denne gruppa enten nykommarar eller innflyttarar.

Tema i fokusgruppeintervjua:

1. Introduksjonsrunde
2. Om flytting og ikkje-flytting. Kvifor/kvifor ikkje ?
3. Bustad. Korleis vil de karakterisere dykkar eigen kommune som bustad?
4. Lokal identitet og tilhørsel.
5. ”Sladder”.
6. Om arbeidslivet i kommunen.
7. Kva blir fritida fylt med?
8. Makt og innverknad.
9. Korleis ser framtida ut?

8 Kva fremmar og hemmar levedyktige lokalsamfunn?

Her presenterer vi resultat frå intervjuar i kommunane. Presentasjonen er sortert etter bygda som bustad, arbeidsliv, landbruk, kvardagsliv, jantelov, makt/påverknad og synet på framtida. I analysen trekkjer vi på teoriar som vi har nytta i del I. Til slutt kjem drøfting av den empiriske delen av studien, samt forslag til vegen vidare.

8.1 Bygda som bustad

Val av bustad påverkast av ei rekke forhold, jf kapittel 2.4. Ofte vil valet bli påverka av kvar ein har vakse opp, kvar ein har budd i lengre periodar av livet, om ektefelle/sambuar har tilknytning til staden, i kva grad ein sjølv er knytt til staden og arbeidsmoglegheiter. Odel på gard er ofte eit tungvegande argument for å bli i eller komme tilbake til heimbygda.

Informantane våre er temmeleg representative med tanke på flyttehistorie, jf kapittel 3. Fleirtalet av dei kvinnelege informantane er nykommarar til kommunen. Dei fleste har flytta dit på grunn av at mannen har fått jobb eller at han har overteke gard. Enkelte kvinner har flytta på grunn av eigen jobb. Berre tre kvinnelege informantar er enten bufaste eller tilbakeflyttarar. Blant dei mannlege informantane er det ei jamn fordeling mellom bufaste, tilbakeflyttarar og nykommarar. Mange av tilbakeflyttarane har flytta på grunn av at dei har overteke gard eller fått jobb, og fordi dei ønskte seg tilbake til oppvekststaden. Dei mannlege nykommarane har ofte flytta på grunn av jobb.

Fleire av informantane våre eller ektefellane deira hadde valt å overta slektsgarden, gjerne etter eit lengre fråvær frå garden og heimbygda. Mange gir uttrykk for at det slett ikkje er sikkert at det var akkurat her dei hadde komme til å slått seg ned, dersom det ikkje var for garden. Ein bufast mann nær 40 år, som hadde teke over gard i Voss, sa det på denne måten:

”Når ein har gard så har ein ikkje så mykje val. Når du har teke over garden så er framtida bestemt. Men det er nå her vi ønskjer å bu. Føler at vi høyrer til her.”

Frå Lærdal kom ei tilsvarande utsegn frå ein godt vaksen mann med gardsbruk, men med jobb utanfor bruket:

”Hadde det ikkje vore for garden, så hadde vi ikkje budd her. Det er mange plassar som er mykje penare, og ikkje minst har mykje meir sol. Det har eg tenkt på når eg har vore andre stader på jobb.”

Ein høgt utdanna ung mann utan eigen familie, busett på eit nedlagt småbruk i Haram har dette å seie:

”Det er langt frå det optimale slik eg har det nå. Men det er stort sett her eg har venner og kjente. Hadde det ikkje vore for at eg tok over det nedlagte småbruket etter far min, så kan det hende eg hadde budd ein heilt annan stad. Det vart nå berre sånn der og da..... Eg har ikkje lyst til å selje det ut heller for det er der opphavet til familien kjem frå. Så har du liksom konflikt da.... Men for meg så er det ikkje nokon annan plass heller eg kunne ha flytta til, sånn umiddelbart.”

Av kvinnene som er komne som nykommarar, er kjærleik til lokale menn ein viktig flyttegrunn. Dette stadfestar også Grimsrud si undersøking (2000). Dei aller fleste som har komme flyttande til nye stader føler dei har blitt teke godt i mot. Mange har nå budd i dei undersøkte kommunane ein del år og føler seg ikkje lenger som ”nykommarar”. Dei har likevel ei oppfatning av at dei som kjem som innflyttarar i dag truleg kan føle det som vanskeleg å ”finne sin plass”: *”Det er ikkje lett å bli kjent med vossingar. Det er mykje klikkar som er vanskelege å komme inn i. Dei er inneslutta og trauste, men vennlege når ein får hol på dei.”* Tilsvarende kommentar kom frå ei ung, bufast kvinne i Fitjar: *”Det er ikkje berre-berre å komme seg inn her. Vi trur det er lett å bli kjent med folk i bygda fordi det er små forhold her, men det er det ikkje.”*

Somme, utan tilknytning til regionen, hadde kjøpt gard, og dermed komme som innflyttarar. Andre bur i kommunane som innflyttar eller er tilbakeflyttar på grunn av jobb (utanom landbruk), mens nokre har tilknytning til nabokommunar og har ønskt å busette seg i regionen, men ikkje heimkommunen. Ein relativt ung familiefar buande i Fitjar kom tilbake til heimbygda etter 10 års fråvær. Han kan fortelje at det var Vestlandet i seg sjølv, med natur og slekt, som var utslagsgivande for at han flytta tilbake. Men alt har ein pris, og ikkje alt vart slik det var før, og slik han tenkte seg at det skulle bli:

”Eg har mange relasjonar frå barndom og ungdom her, og folk trur dei kjenner meg frå slik eg var før. Det set grenser for kva dei meiner om meg nå. Dei har definert meg på førehand. Det er negativt. Det har med folket i landsdelen å gjere. Nordlendingar har ord på seg for å vere meir opne enn oss. Det er utruleg fordi kysten har jo hatt mykje kontakt med omverda, ein skulle tru vi var prega av det, men det er vi ikkje.”

Mange kan kjenne seg igjen i denne situasjonen, som også har blitt undersøkt og skrive om tidlegare. Grimsrud (2000) intervjuar ei større mengd fråflyttarar, tilbakeflyttarar, vidareflyttarar og nykommarar, og som vedkommande ovanfor melde, uttrykkjer også tilbakeflyttarane i Grimsrud sin rapport at heimbygda kan opplevast som ”for trong” etter å ha vore ”ute” ei stund. Kvinner, særleg dei med høg utdanning, som hadde flytta ut frå Oslo ønskte ikkje å flytte tilbake til oppvekstkommunen. Dei ønskte likevel å busette seg i regionen dei kom frå, fordi dei syntest det var vanskeleg å komme tilbake til heimstaden som ”velling”, høg utdanna og i eit høgstatusyrke, jf. kapittel 2.2.3. Grimsrud (2000) spør om

dei med høg utdanning møter større barrierar med omsyn til å flytte tilbake enn dei med lågare utdanning.

Men også kvinnelege tilbakeflyttarar er fornøgde med det valet dei har gjort. Ei småbarnsmor, som flytta tilbake til Voss for kort tid sidan har gjort seg desse refleksjonane:

”Det er ikkje jobben som tel når du bur slik som her. Det er oppvekstvilkår. Eg syntest sjølv at eg hadde ein god oppvekst i Voss. Men det var ikkje noko lett val å flytte tilbake. Kva ville ungane få og kva ville dei miste ved at vi flytte hit? Dessutan ville eg miste gode kollegaer og visste at eg ikkje kunne få ein tilsvarande jobb. Nei, det var ikkje noko lett val. Men det var tryggleiken som vann. Har følt at eg alltid har vore vossing, enda eg har vore mange år borte. Voss står for tryggleik og tilhøyrslø.”

Og nettopp tryggleiken og trygge oppvekstvilkår, familie og nære venner er nokre av hovudårsakene dei aller fleste gir som grunn til at dei bur nett der dei bur. Det positive ved å bu i Voss, blir slik beskrive av ei som kom til bygda for snart 20 år sidan:

”Det er positivt og trygt at alle kjenner alle, og tek omsorg for kvarandre. Oppvekstvilkåra er gode så lenge ungane går i grunnskulen.”

Ein relativt ny tilbakeflyttar seier vidare om Voss:

”Det er mykje som skjer, og ofte dugnadar i samband med barnehagen og fotballen. Det er kontaktskapande. Greitt å bli kjent med folk gjennom dugnadar.”

I Lærdal seier ein yngre tilbakeflyttar med små barn at:

”Det er mange unge som flytter tilbake, men ikkje mange unge som ikkje opphavleg kjem frå Lærdal. Trygge oppvekstvilkår, nettverk og familie trekkjer. Det er fritt og godt å bu her, og det er fin natur og fine fjell her. Det er også positivt for ungar å bu her; dei er trygge. Samtidig er dei lite førebudde på den store verda, så kanskje er det for trygt miljø her?”

I Fitjar vart desse kvalitetane nemnt av ein tilbakeflyttar med fire barn:

”Det mest framifrå med å bu her er naturen, og særleg sjøen. Og så har ein fjellet da. Fitjar er ein liten plass på godt og vondt. Du veit stort sett kven naboane er og du veit kven ungane er saman med. Det er trygt. Ein tek omsorg for kvarandre.”

Ein kvinneleg tilflyttar kunne tenkt seg ein meir einsam bustad, dersom ho ikkje hadde barn:

”Hadde eg ikkje hatt barn så hadde eg budd langer frå folk. Det må vere eit visst tal folk for barna sin del. Var vi berre to vaksne, så kunne ein leve enklare. Da hadde eg ikkje trengt å jobbe så mye. Når du har barn så må du ha pengar.”

Også i Haram, Sunndal og Flora er det naturen og tryggleiken som først og fremst blir trekt fram når dei positive sidene ved kommunen skal forklarast. I Flora, og Sunndal spesielt, blir det trekt fram at dei korte avstandane gjer at ”alt” er tilgjengeleg innan få minuttar. Alle tre kommunane blir rekna som gode bustader for dei fleste gruppene i samfunnet, også for flyktningar. Det gjennomgåande ”problemet” i samband med flyktningane er at: *”...vi veit for lite om dei og dei om oss!”*. Gruppene vedgår at dei har lite kontakt med denne gruppa, men at dei har eit inntrykk av at dei klarer seg bra, trass i ny kultur og nytt språk. Det blir trekt fram fleire eksempel på korleis enkelte av innvandrarane har vist seg fram på ein positiv måte ”i bybildet”.

I Flora fortel ein godt vaksen, bufast mann at byen har vakse seg til, og berre blitt betre og betre å bu i: Meir triveleg enn før og med fleire fasilitetar.

”Eg synest det er mykje betre nå, sjølv om eg syntest det var godt den tida eg vaks opp og var barn her. Det er enda finare i dag. Byen har vakse og det har den tent på. Her er ein god arbeidsmarknad for dei som vil arbeide, ja, eg vil seie at det har vore ei positiv utvikling i denne byen.”

Som på alle andre plassar er det også i våre kommunar enkelte sider som ikkje berre er positive for innbyggjarane. Det kan bli vel tett når alle følgjer med på alt. Vidare blir det sårbare ved bygdene trekt fram: Det skal så lite til før lag og foreiningar ikkje lenger finst. Dette skuldast ikkje sjeldan at dei nødvendige eldsjelene trekkjer seg tilbake og fordi rekrutteringa er for dårleg. På den måten døyir ein del av det sosiale livet ut. Det same gjeld også andre offentlege tilbod, som folk i meir urbane strøk tek for gitt. Eksempel på dette er blant anna skular, barnehagar osv. Det blir opplevd tungt å til einkvar tid skjerme om det ein har. Ei ung trebarnsmor frå Lærdal fortel om erfaringa og opplevinga si av dette:

”Det er negativt at vi må kjempe og slåss heile tida for det vi har: Butikken, posten, skulen, barnehagen. Du veit ikkje noko om framtida; kva som vil bli i bygda og kva som vil forsvinne av tilbod. Vi er spente nå når vegen skal leggjast utanom bygda (Borgund). Kva vil det bety for turismen?”

Også Vangsgraven og Moxnes Jervell (1997) fann i undersøkinga si i fem mindre bygdekommunar at innbyggjarane er redde for at servicefunksjonane i nærmiljøet skal rakne. Også der vart rekrutteringsproblematikken nemnt: *”Det er viktig at folketallet holdes oppe pga drift av skoler, butikker osv. Dersom det blir lite folk, vil disse tilbudene forsvinne. En kommer dermed inn i ein ond sirkel.”*

Noko av den same uroa blir opplevd og uttrykt i Fitjar:

”Dess mindre folk det er på ein plass, dess færre er det til å dra i gang noko. Og dess meir sårbart er det for at det ikkje skal gå fordi det er for få som møter opp”.

På begge dei nemnde plassane blir kommunen diskutert; kva som faktisk blir gjort, kva som er blitt lovt og som ikkje blir gjort, og litt om det generelle inntrykket innbyggjarane har av kommunen sin.

Gruppa i Lærdal er samde om at det har skjedd lite i samband med stamvegen og Lærdal-tunnelen og det nye knutepunktet ved Håbakken. Her har det vore planar om ein bensinstasjon, men folk blir ikkje einige:

”Den sjansen går nok frå oss. Folk i kommunen berre klagar og satsar ikkje på næring. Dette er negativ input frå kommunen, og da har vi tapt i konkurransen med dei andre kommunane.”

Også i Fitjar er det semje om at kommunen bør vere flinkare til å ta vare på og leggje til rette for næringslivet og småbedrifter, men hovudinntrykket er at det har skjedd ei forbetring og at kommunen har blitt langt flinkare til å ta vare på dei som vil etablere seg.

I Sunndal fortel gruppa om veldig stor innverknad av innflyttarar frå veldig mange strøk, i alle fall på sjølve ”Øra”: *”Det er eit innflyttarsamfunn, og det har prega samfunnet på godt og vondt.”* Tilbakeflyttarar er det også relativt mange av, folk som har vore ute av bygda for å ta seg utdanning.

Av dei mindre positive sidene er det for Haram sin del behovet for ulike tenester som dukkar opp, og i første rekke barnehageplassar, bustader og eit legekantor. Semja er stor rundt det faktum at talet på barnehageplassar slett ikkje står i forhold til alle arbeidsplassane som finst her. Elles blir dei gamle kommunekonstellasjonane diskutert, og i den samanhengen tildeling av tenestetilbod, som synest skeiv og ikkje fordelaktig for Haram kommune sin del.

Etter at kommunen har fått ”sin del” av deltakarane sin kritikk, går diskusjonen, med ytterlegare kritikk, i retning av deltakarane sjølv:

”Men når vi sit og kritiserer kommunen så kan vi også kritisere oss sjølv litt; for det er forferdeleg slapt i bygdene, det er ikkje nokon som liksom bryr seg. Det manglar pådrivarar! Det er for få som tek ansvar.”

Resten av gruppa er stort sett einig:

”Når ingen engasjerer seg skjer det ingenting. Det finst jo ressurspersonar her som kunne vere pådrivarar: Få tak i dei og få dei til å gjere det.”

Temaet blir i dette intervjuet avrunda med at det er utbreidd haldning i bygda at ”det er ikkje businessen min”, det får andre ordne opp i, ”og så ”grin vi og ber oss” men det blir ikkje gjort noko meir med det. Nei, ein må vere litt aktiv skal ein få til noko!”

Ovanfor har vi stort sett fått synet til dei vaksne på korleis dei undersøkte kommunane er å bu i. I ein større kartleggingsstudie utført blant ungdommar i sju kommunar i Møre og Romsdal, er ungdommar i alderen 14 til 19 år spurde om bustaden sin (Båtevik og Olsen 2000). På spørsmål om kva som gjer eigen oppvekstkommune til ein god kommune å vekse opp i, trekkjer veldig mange fram fin natur og fine naturopplevingar. Det er også mange som nemner dei positive sidene ved det sosiale livet på staden, blant anna gode venner, vilje til dugnad, samhald og godt miljø. Desse resultatane samsvarar godt med utsegna til dei vaksne, og slik gir dei kvarandre ei ekstra tyngd.

Når det gjeld ”våre” kommunar blir tilsvarende spørsmål spurde i rapporten ”Ung i Haram (Båtevik og Olsen 1999). Generelt sett ser det ut til at ungdommen i Haram trivst rimeleg bra. Berre 12 prosent gir uttrykk for at dei er litt eller heilt usamde i påstanden om at dei trivst godt på heimstaden sin. Når det gjeld korleis jenter og gutar ser på sitt eige oppvekstmiljø i Haram, går det fram at dei færreste er gjennomgåande negative til eigen heimstad og eigen kommune: I underkant av kvar tiande gut og i overkant av kvar tiande jente gir uttrykk for ei slikt syn. Det som synest som eit problem for mange unge i Haram, er at det er mykje plaging og erting på heimstaden. At dette er problem for mange kjem også til uttrykk ved at mange legg vekt på at ungdommane sjølv må gjere meir for å hindre plaging av andre og for å skape gode miljø.

I fleire av gruppeintervjua vart problematikken rundt aukande rusmisbruk blant unge tekne opp. I Sunndal blir temaet diskutert meir inngåande enn i dei andre kommunane, og informantane uttrykkjer uvisse og skepsis til den utviklinga som har vore. Det skapar utryggleik blant dei vaksne informantane.

I ungdomsundersøkinga i Haram (Båtevik og Olsen 1999) viste resultatane at svært få av ungdommane i alderen 13 - 16 år hadde prøvd andre rusmiddel enn alkohol. Det kom ikkje fram kvar personane som hadde prøvd andre rusmiddel hadde fått tak i og prøvd stoffet. Det vart likevel spurt om kor tilgjengeleg narkotiske stoff er i Haram, og 32 prosent av dei spurde svarte at dei trudde det ville vere vanskeleg å få tak i stoff i Haram. 18 prosent var ueinige i denne påstanden.

8.2 Arbeidsliv

Sjølvs om mange meiner at det blir lagt for stor vekt på tydinga av arbeid for å forklara fråflytting og negativ flyttebalanse i distrikta, er det knapt nokon som vil argumentere mot at relevante arbeidsplassar er ein lokaliseringføresetnad for dei fleste, jf kapittel 4.2.

I alle tre kommunane Lærdal, Voss og Fitjar grip forholdet mellom landbruk og andre næringar inn i ei rekke enkelthushald. Vilåret for at landbrukshushald og jordbruksbygder skal kunne oppretthalde velferdsnivået sitt, er at dei er integrerte i eit allsidig, lokalt næringsliv. Gjennom intervjuet vart det også framheva at dette er viktig i eit livsløp- og rekrutteringsperspektiv. Overføring av gardsbruk mellom generasjonar krev ofte tilgang til anna arbeid utanfor i periodar. Næringslivet i ein distriktskommune er derfor svært viktig på fleire måtar.

Ein mannleg tilbakeflyttar til Lærdal ser det slik:

”Alle ser at Lærdal er avhengig av at jordbruket oppretthaldast. Mykje går tapt dersom jordbruket ikkje har levedyktige forhold. Det må vere ei blanding av primærnæring og anna verksemd.”

Elles blant deltakarane i Lærdal er det semje om at kommunen treng fleire mannsarbeidsplassar, da mange menn pendlar til Årdal og Sogndal. Det er bra med kvinnearbeidsplassar på sjukehuset, skulen eller på opplysningstenesta. Til desse etatane er det innpendling av kvinner frå nabokommunane. Ein kvinneleg informant har desse tankane:

”Mannfolk hadde nok også fått jobb i kommunen om dei hadde søkt seg til kvinnearbeidsplassar, men det gjer dei ikkje. Veit ikkje om det er fordi lønna er for dårleg eller om dei ikkje ønskjer seg slike jobbar.”

Også for ungdommen sin del skulle det vore fleire arbeidsplassar i Lærdal. Dei må ut av bygda for å ta vidaregåande utdanning og høgskule, og da blir det ofte til at dei etablerer seg andre stader fordi det er avgrensa med arbeidsplassar i heimkommunen. Innan enkelte yrkesgreinar går det likevel ikkje så verst: *”Rekneskapskontoret går bra, fordi krava til dokumentasjon og byråkrati aukar.”*

Det blir også sagt i Lærdal at folk ikkje er flinke nok til å sjå kva moglegheiter som finst og til å starte opp eiga verksemd. Andre meiner folk i kommunen ikkje snakkar så mykje om karriere og moglegheiter i bygda, fordi dei ikkje er så opptekne av karriere (som austlendingane), og fordi dei har nok å gjere. Det blir konkludert med at det er vanskeleg å rekruttere fagfolk til Lærdal fordi lønnsnivået er lågt i forhold til meir sentrale strøk.

Også i Fitjar er det ein del små gardsbruk, med skogen som eit viktig innslag. Fisket var viktig før, men ikkje nå etter at det kom industri til Stord. Mange dagpendlar til Stord, mens andre er

i Nordsjøen, eller vekependlar til Bergen eller Haugesund. Kvinnene jobbar hovudsakleg i offentleg sektor; sjukehuset, kommunen (omsorg), som lærarar, innan reingjering (privat og offentleg) og i varehandel. Det er noko sesongarbeid for kvinner i krabbeproduksjon. Svært mange kvinner jobbar deltid.

Men mange driv likevel med næringsetablering i Fitjar, og mange unge kjem tilbake, særleg dei som tek yrkesfagleg utdanning. Dei jobbar ofte innan bygg, skipsverft (etablert av folk som jobba på Aker Stord), skipsteiknefirma (som er blant dei beste i Europa, og har spanjolar, italienarar og andre nasjonalitetar på oppdrag i periodar). Dette er først og fremst mannsarbeidsplassar.

I Voss er det mange som pendlar. Det er god kommunikasjon ut av bygda, og pendling til Ulvik og Bergen er vanleg. I bygda er kommunikasjonen dårleg: *"Det er umogeleg å bu her utan bil,"* Dei yrkesaktive som jobbar innanfor kommunen er å finne innan jordbruk, mekaniske verkstader og kommunen, samt Forsvaret.

Da er Haram kommune ganske annleis stilt:

"Det er noko det er mykje av her i kommunen, og det er arbeidsplassar: Det er over 500 industriarbeidsplassar i bygda, og så er det ca. 1.200 innbyggjarar, det er vel nokså unikt?! Det er ikkje vanskeleg å få seg jobb her, kva bakgrunn du enn har. Spesielt innan maritim verksemd er det jobb for den som vil ha."

Ein mannleg informant legg til at : *"Eg vil seie at det er ei myte at det er mannsdominert arbeid."*

Det siste utsegna er det delte meiningar om:

"Jentene stikk vekk og studerer, og gutane blir igjen på verftet, og slik blir det ei mannsdominert ungdomstid. Her i distriktet er det mest tilbod om utdanning innan det maritime og industrien. Skal jentene ha utdanning, så må dei reise vekk - så sant dei ikkje vil arbeide på verftet da."

Gruppa i Haram diskuterte inngåande verfta sin verdi for lokalsamfunnet. Det er klart positivt at dei mange arbeidsplassane dei gir er gull verd for kommunen, men at kjønnsfordelinga i den same bygda blir nokså skeiv, nettopp på grunn av at industrien blir dominert av menn: *"Det ser vi jo på alle ungkarane som er her! Det er eit signal!"* Når det gjeld verfta kan gruppa fortelje at desse har fokusert for lite på kvinner sine moglegheiter for jobb. Men rett skal vere rett, det har begynt å komme fleire jenter, etter knallharde kampanjar for å få jenter ombord.

I likskap med Haram er det også i Sunndal relativt godt med arbeidsplassar. Gruppa fortel at folk kjem fordi staden har kompetansesarbeidsplassar, og dei blir gjerne verande fordi dei blir glad i kommunen. Når det i utgangspunktet er godt med arbeidsplassar der, ser nyetableringar sjeldan dagens lys:

”I det med fleirsysleri trur eg at verket (Hydro) har vore ein ”hemsko” eller ei sovepute for mykje av næringsutviklinga. Det har ofte skjedd at småbrukaren i Sunndal har teke seg deltidsarbeid på verket og drive garden på si.”

Gruppa blir, av ein kvinneleg deltakar, konfrontert med at verksemdar satt i gang av kvinner ofte er meir ”liv laga” enn det karane startar opp med. Resten av gruppa er delvis samde i påstanden:

”Det kan ha samanheng med at kvinnfolka ikkje set i gang noko før dei er aldeles sikre. Meir overveid, kanskje. Ein lengre prosess for å komme i gang.”

Hydros arbeidsplassar gir grunnlag for ytterlegare diskusjon:

”Det sette meg i grunn på sporet av noko anna med negative trekk. Eg ser klare negative trekk i det at Hydro er så straumlinjeforma som bedrift. Dei dyrkar ein veldig aktiv personalpolitikk for dei tilsette, noko som på ein måte skaper eit todelt samfunn; innom og utanom. Det trur eg er ei haldning som er veldig uklok av Hydro, noko som skaper eit unødvendig skilje i samfunnet. Dette skiljet kjem til å bli berre større og større.”

I Flora er det også godt med arbeidsplassar. Tidlegare var det verftet som var hovudarbeidsplassen, men i dag jobbar 75 prosent ”andre plassar”. Det blir opplyst at Flora er i ein vekstfase når det gjeld tilgang på arbeidsplassar, og oppdrett, fiskeri, olje og skipsbygging blir nemnt i den samanheng. Elles reknar gruppa det som positivt at kommunen har behov for både høgt utdanna arbeidskraft og fagfolk. Fiskeindustrien blir nemnt som eksempel på ei verksemd som også kan ta imot ufaglærde, og her kjem informantane inn på dei mange tamilane som jobbar der, og beundrar dei for den innsatsen dei legg ned i jobbane sine.

8.3 Primærnæringar

Dersom ein ser på næringsstrukturen, i Noreg totalt og i dei tre vestlandsfylka, utgjør primærnæringane ein relativt liten del, jf tabell 4.1. Likevel er primærnæringane svært viktige for busetting i distrikta. Primærnæringane påverkar sysselsetting både innan landbruk og fiskeri, samtidig som dei genererer verksemd i ei rekke andre næringar både i privat og offentleg sektor.

I kvar av fokusgruppene i dei tre kommunane Lærdal, Fitjar og Voss finn vi ein eller fleire gardbrukarar. I to av kommunane er det også slik at mannen jobbar heiltid utanfor bruket, mens det er kona som tek seg av dyr og fjøs - ei noko utradisjonell arbeidsdeling. Blant yngre par i dag er det oftast kvinnene som har jobb ute, og da gjerne i helse- og undervisningssektorane.

Det blir brukt to typar konkurrerande forklaringar på førekomsten av inntekts- og næringskombinasjonar i landbruket. Den eine legg vekt på strukturelle forhold og ser kombinasjonar som eit resultat av tvang eller økonomisk behov (push faktorar). Den andre ser yrkes- og næringskombinasjonar som eit resultat av frivillige, og gjerne individuelle val (pull faktorar).

Likevel er det er stadig færre gardsbruk der gardbrukar og/eller ektefelle/sambuar har gardsdrifta som eineyrke (NILF 1996). I 1993 hadde 20% av bruka 90% av nettoinntekta frå drifta. Denne delen var 32% så seint som i 1980. I 1996 passerte gjennomsnittsbuket ein milepæl, da 50 prosent av nettoinntekta kom frå inntekter utanfor landbruket.

Alle dei informantane som har yrket sitt innan landbruket peikar på verdien av eit aktivt landbruk i bygda deira:

”Landbruket er viktig. Det ville stått mange tomme plassar utan landbruket. Kvifor skulle ein bu i den yttarste avkrok i bygda, dersom det ikkje var for alle småbruka. Da kunne ein bu meir sentralt.”

Myndighetene og landbrukspolitikken får i den samanheng (sterk) kritikk frå fleire. Ei ung odelsjente med mann, barn og mjølkeproduksjonsbruk i Fitjar har dette synet på politikken som blir ført i landbruket i dag:

”Så lenge vi driv garden vil vi bu her, men må vi leggje ned den, må vi flytte! Vi har så få kyr at Sponheim vil leggje oss ned. Dersom vi ikkje kan drive med mjølkeproduksjon, da er ikkje garden drivverdig lenger.”

Også blant dei landbrukstilknytta informantane i dei andre kommunane er det pessimisme å spore når det gjeld landbruket si framtid. Ein ung gardbrukar i Lærdal er spesielt oppteken av rekrutteringa til yrket, og meiner at økonomien i landbruket er sentral når ungdom skal velje eit framtidig yrke: Sikkerheita rundt lønnsnivået må bli større i framtida dersom eit yrke i primærnæringa skal vere eit reelt alternativ for dei unge. Vidare gjer han seg desse tankane:

”Trur vi må førebu oss på ein 7 års bølgedal. Eg opplever det som meir pessimistisk nå enn under EU-avstemminga, og da var vi verkeleg urolege! Det verste er at

foreldre nektar/rår ungane sine frå å ta over garden. Det er for mykje arbeid og lita inntekt. Mister vi ein generasjon i jordbruket skal det mykje til at neste generasjon startar opp. Utan jordbruket har vi tapt.”

Også på andre område innan landbruket, blir gitt det signal om for dårlege ordningar. Ei småbarnsmor som driv heiltid med mjølkeproduksjon i Voss, har desse erfaringane:

”Det manglar stabile avløysarordningar i landbruket. Landbruksvikaren er sjukemeld og dei (kommunen) har ikkje tilsett vikar. Må satse på vennskap og kjennskap for å få avlasting i fjøsen. Det er vanskeleg, særleg for nye folk. Det er mykje tungt arbeid, og ikkje alltid lett for kvinner. Det er i tillegg til kyr og dyr frykteleg mykje å lære, for eksempel ein del ting kring reparasjonar og sveising.”

Ho har følgjande meiningar om støtteordningar i landbruket:

”Men det er ein del støtte ein ikkje får når ein er over ein viss alder. Eg som er 45 år får ikkje støtte til å bygge opp garden. Det kan hende det finst noko eg ikkje veit om, men eg har ikkje hatt tid til å setje meg inn i det. Det er heller ingen som har opplyst om støtteordningar når eg har vore i kontakt med det offentlege. Til bi-produksjon, for eksempel tørking av blomster, ville eg kunne få støtte, men ikkje til å bygge opp garden, kjøp av utstyr etc.”

Når det gjeld fiske som yrke, vart det ikkje snakka så mykje om det i gruppene. Berre i Flora vart fiske og fiskeindustrien nemnt da det var snakk om kva for arbeidsplassar som finst der. Det vart mellom anna sagt at det er bra at fiskeindustrien kan ta imot ufaglært arbeidskraft, slik at viss ein er ung og har lyst til å bu heime, men ikkje vil gå på skule, så har ein moglegheiter i heimkommunen.

På spørsmål om det i Flora finst noko i den lokale arbeidsmarknaden som det kan ligge eit potensiale i, og som det i framtida kan bli noko meir av, var svaret olje, fiskeri, oppdrett og skipsbygging: *”Ja, det er faktisk ganske mange ungdommar som nå etablerar seg med eigen båt og driv fiske. Eg har plutselig sett så mange”*, seier ein informant.

Alle deltakarane hevdar det er fleire reelle moglegheiter i samfunnet: *”Her er fleire bein å stå på nå enn før”*. Dei konkluderar med at det trengs folk til arbeidslivet.

I Lærdal blir fiske nemnd berre i samband med hobby og rekreasjon. Spesielt blir Lærdalselva trekt fram som ei god attåttnæring for bønder i si tid. Elva har gitt store ringverknader og rike utlendingar har lagt att mykje pengar i bygda. Somme av utlendingane hadde opp til 20 års avtaler om laksefiske. Men det vart mykje misunning blant bygdefolket fordi det var berre nokre få som tente på det.

I Fitjar blir det hevda at fisket var viktig før, men ikkje nå etter at det kom industri til Stord. Derimot seiast det at skogen er viktig for mange gardsbruk. I det heile er det drifta av gardane og framtida for desse, intervjudeltakarane i gruppene er opptekne av når det gjeld primærnæringane.

8.4 Kvardagsliv

Kvardagslivet utgjer ein viktig, men kanskje undervurdert, ingrediens med tanke på busetting i distrikta. Det handlar om barn, familiesituasjon, jobb, tenestetilbod, korleis det blir opplevd å bu i den enkelte kommunen, og kombinasjonen av alle desse faktorane, det som til saman faktisk utgjer kvardagen.

I alle intervjuar dominerer kvardagslivet mykje av samtaletida. Langt over halvparten av informantane trekkjer, som tidlegare nemnt, fram oppvekstvilkåra for barna, og legg spesielt vekt på tryggleik: *”Trur det er ein god barndom her i Fitjar.”* Det blir også trekt fram at små skuleklassar har vore viktig for mange. Det blir også sett pris på dei mange aktivitetane som blir tilbydd i bygdene. I Fitjar vart det hevda at:

”Det er masse fritidsaktivitetar for alle; gammaldans, idrett, aerobic, musikk, kristenliv, båt/sjøliv og fin natur, i tillegg til masse tilbod både for jenter og gutar: 4H, speidar, skyting og motocross.”

Vidare for Fitjar sin del blir det nemnt korte reiseavstandar til jobben, liten kø i butikk, post og bank som fordelar. Samt at folk kjenner kvarandre og ein slepp å bli heilt anonym. Fitjar-buen skildrast (av ein som kom til bygda for nærmare 20 år sidan) som litt treg av seg til å inkludere nye folk. Ein mannleg tilbakeflyttar har same syn, og hevdar at:

”Så er det dette med folkeslaget, Fitjar-buen, at eg skulle ønskje dei var meir inderlege og nære og tok meir vare på kvarandre. Meir oppteken av kvardagen. Å kjempe for samhaldet mellom Fitjar-buane stikk ikkje lenger enn til lommeboka, enten det gjeld å ta vare på naboar eller næringsliv. Vi ofrar ikkje all verda. Det er ikkje slik som ein hører om andre plassar at dei tek vare på det som finst i kommunen sin. Det er ikkje ei utbreidd haldning å dra i same retning.”

Ein annan av dei intervjuar i Fitjar vil likevel avrunde med at det finst mykje menneskeleg varme og omsorg, og at det er dyktige og intelligente folk og gode tradisjonsberarar.

Også i Lærdal, Haram og Voss blir tryggleiken til barna kommentert, i tillegg til tilbod innan idrett: *”Idretten står sterkt i Voss, og den får mykje ressursar. Aktivitetar for uorganisert ungdom får derimot lite.”*

I Flora er gruppa godt fornøgde med dei fritidstilboda som finst: *"Her er vel ikkje den foreininga, den organisasjonen eller den idrettsgreina som ikkje finst."* Likevel er det eit gjennomgåande problem, i alle dei undersøkte kommunane, at ungdom som fell utanom tilboda som finst blir gåande å "slenge" i gatene: *"Dei gidd ikkje vera med på noko, og mykje skal liggje til rette for at dei skal gidde å delta på noko."*

Innbyggjarane i Sunndal trekkjer spesielt fram to satsingsområde som kjenneteiknar kommunen. Det er fotball, noko som majoriteten i Sunndal har "brent for" lenge, og kulturen. Det blir sagt å vere eit veldig engasjement rundt desse aktivitetane. Ein kvinneleg informant med fire barn i alderen 10 til 21 år er ein av dei som har "alltid" har stilt opp, og seier at det har vore eit privilegium å få vere med å følgje opp. I diskusjonen om kven som nyttar seg av dei kulturelle tilboda, er gruppa samd om at også folk frå dei omkringliggjande bygdene til "Øra" nå i stadig større grad tek del i det som blir tilbydd, i motsetning til tidlegare.

Alle i gruppa i Sunndal uttrykkjer at dei er fornøgde med tilboda som finst på staden; kino, teater, pol, pub, symje- og sportshall m.m.: *"Her er veldig mykje å ta av, dersom du vil, og du kan gjere mykje utan å planleggje så veldig."* Ein annan positiv faktor i samanheng med det rike kulturtilbodet, er at dei mange laga og foreiningane ein kan knyte seg til, gjer det relativt enkelt å komme inn i eit miljø for innflyttarar.

I Haram fortel ein ung, singel mann at utanom idretten er det ikkje så mange tilbod til ungdommen. Han lurar også på kvar alle unge egentleg er:

"Da eg var 16 var det masse folk ute. Vi for rundt, og det var samlingsplassar fleire plassar, og vi hadde eldre til å køyre. Det var eit godt samhald da. Eg tek meg ein biltur av og til og ser ingen folk. Lurer på kvar dei er? Det verkar som om dei er meir inne."

Denne observasjonen stemmer godt overeins med resultata til Båtevik og Olsen (1999), som i ungdomsundersøkinga si i Haram kunne stadfeste at ungdom nå bruker meir tid heime hos kvarandre når dei møtest på fritida enn det som var tilfelle tidlegare. I den uorganiserte fritida går svært mykje av tida for 13-16 åringane med til å høre på musikk eller bruke PC heime hos kvarandre. Blant jentene er det 85 prosent som ofte er saman med jamaldrande heime hos seg sjølv eller hos andre. Blant gutane er den tilsvarende prosentdelen 64.

Av organiserte aktivitetar i Haram, er det idretten og korpset som dominerer (Båtevik og Olsen 1999). Vel 60 prosent av dei unge har delteke i aktivitetar innan idrettslag. Gutane har vore noko meir aktive enn jentene, sjølv om forskjellane ikkje er store. Når det gjeld musikkorps har om lag kvar fjerde gut og nesten annakvar jente vore medlem. Andre relative store aktivitetar er deltaking i kor og kristne lag. Også dette er aktivitetar der jentene dominerer. Ut over dette er det ei stor spreing på ei heil rekke aktivitetar i Haram kommune.

8.5 Jantelova/"Bygdedyret"

Vi har i den seinare tid stadig oftare høyrte om "Bygdedyret". Men kva ligg egentleg i omgrepet, og - kven er det? Etter Grimsrud (2000) si tyding er "Bygdedyret" ein rural variant av Sandemoses Jantelov: Du skal ikkje tru du er noko. Hompland (2000) har ei god beskriving av Bygdedyret, og den er som følgjer:

"Ei vaktbikkje - snill og trufast for dei som er konforme og skikkar seg vel, men dei bjeffar mot innflyttarar og glefsar etter dei innafor som skil seg ut. Bygdedyret er kontrollerande og begrensande, og det har eit langsint minne."

I alle tre kommunane Voss, Fitjar og Lærdal kom det påstandar om at Jantelova eller Bygdedyret (i aller høgaste grad) eksisterer. Spesielt i Fitjar vart dette trekt fram:

"Jantelova finst. Vi unner ikkje kvarandre framgang. Mentaliteten omfattar undertrykkjande mekanismar. Men Fitjar-buen gløymer fort."

Og:

"Jantelova er veldig sterk her (i Fitjar). Er du med i eit utval og seier for mykje så finn du fort ut at du kan berre ikkje komme her og komme her. Du skal verken seie eller meine for mykje om mange ting. Jantelova er ganske sterk etter erfaringane mine! Eg kan seie til meg sjølv at det er tull, men når du heile tida føler at dette har du ikkje noko med, dette skal du ikkje bry deg om, så orkar du til slutt ikkje meir. Det kjem ofte frå administrasjonen i kommunen, både i direkte tale og indirekte. Har vore med litt i politikken, men eg orkar ikkje meir. Det er så synd fordi mange menneske har meiningar og vil gjerne påverke, men dersom du prøver deg litt blir du fort dytta ned. Da gidd ikkje folk meir."

Informantane vart stilt spørsmål om Jantelova gjeld både kvinner og menn. Ein ung, mannleg tilbakeflyttar svarer på denne måten:

"Trur det er mykje opp til oss sjølve, og trur det er lettare å vere innflyttar å seie kva du vil, enn for bygda sine barn. Da fryktar eg ikkje noko; om folk snakkar eller meiner at eg gjer noko dumt. Det er greitt nok for meg."

Utsegna blir raskt kommentert frå ein kvinneleg tilflytter, som har eit meir nyansert syn på problemstillinga:

”Dersom du er både kvinne og innflyttar blir du fort kalla som kjeftesmelle og uokråke. Det er det folk som har opplevd i kommunestyret. Det er veldig forskjell på om det er menn som snakkar eller om det er kvinner. Kvinner blir raskare trykte ned!”

Også i Lærdal hadde enkelte av dei som hadde flytta til bygda erfart at denne gruppa vart ”behandla” betre enn dei andre fastbuande. Ein kvinneleg innflyttar i Lærdal hadde gjort seg denne erfaringa:

”Det er lite tak i lærdølene. Dei unner ikkje naboene noko, men tek betre vare på innflyttarane enn ”sine egne”. Innflyttarane har lov til å gjere meir. Vi har blitt godt motteke, og ideane våre har blitt støtta.”

Informantane vart spurt om Jantelova også verkar i forhold til å setje i gang ny verksemd. Det generelle svaret på dette spørsmålet var at det kjem an på kven som kjem opp med ideane. Det er lettare dersom du har vist at du har fått til noko før. Det dukkar i den samanhengen ofte opp spørsmål av typen *”kan dette vere nødvendig?”* Men det finst gründerar som står på same kva reaksjonar som kjem.

I Sunndal fortel gruppa at ”alle blir utsett for sladder nå og da”. Det blir likevel gitt eit inntrykk av at den ikkje stikk så djupt, og at dette er slikt ein må tole når ein bur på ein liten stad. Ei ung kvinne seier det slik:

”Eg har inntrykk av at det er slik innimellom; du skal på ein måte innrette deg etter malen som er lagd. Skal helst ikkje gjere så mykje viderverdigheiter før du føler at det blir litt snakk og du blir litt uglesett. Spesielt det med ungdom og at det er ein sår alder og alt det der.... Men det er nok ein liten mal som ligg til grunn i Sunndalen, tenkjer eg.”

Emnet blir vidare diskutert i lys av kjønn, og det kjem fram at kvinnene i gruppa, og kvinner generelt, er litt redde for å gjere feil, og livredde for å få kritikk:

”Viss vi skal gjere ein jobb, særleg innan tradisjonelt mannsdominert arbeid, så skal vi gjere jobben 150 prosent!”

I Haram og Flora blir det hevda at jantelova ikkje har særleg sterkt feste, og blir derfor ikkje opplevd som noko problem:

”Har ikkje inntrykk av at det noko problem, nei, ikkje negativt. Vi er nok litt nysgjerrige på naboene - men det er meir som rein informasjonsutveksling”.

Og:

”Det har vel hendt at det har vore mykje misunning ute og gått, men stort sett vil eg seie at dersom einkvan vil starte opp med noko her i byen (Flora), så blir det sett på med velvilje.”

Gruppene er likevel einige i at det skjer for lite på etableringsfronten: *”Sunnmøringane er litt skeptiske!”* Det er semje om at det har blitt vanskelegare og vanskelegare å starte opp og drive for eksempel små forretningar, fordi store sentra ”tek over alt”.

Blant informantane er det delte meiningar om kor sterkt Jantelova står i kommunane og overfor kva grupper den slår sterkast ut. Fleire meiner at innflyttarar (nykommarar) har større "armslag" enn dei bufaste. Dei har inga historie som ”broren til”, ”dottera til” osv. Samtidig trekkjer enkelte fram at kvinner er meir utsette enn menn. Dersom det er slik at kvinner er meir utsette, kan dei ha rett kvinnene som vart intervjuet av Grimsrud (2000). Dei meinte at det ville vere lettare å flytte til heimbygda dersom dei var menn. Dei var redd dei ville finne uskrivne reglar for kva kvinner kunne gjere og for kva posisjonar som passar for kvinner, jf. kapittel 2.2.3.

8.6 Makt og påverknad

Kvardagslivet formast mellom anna gjennom deltaking i politikk og frivillige organisasjonar. Dessutan ligg det makt i å ha høge posisjonar i arbeidsliv og politikk. Kvinner og menn har som kjent ulikt deltakingsmønster og dermed varierende påverknad på lokalsamfunnet, jf kapittel 5 og 6.

På spørsmål om kven som har makt og påverknad i kommunen/bygda deler gruppene seg i to: I Voss, Lærdal og Fitjar er det mange som meiner at kommuneadministrasjonen har makt, mens i Flora, Haram og Sunndal legg dei vekt på at politikarane styrer.

Når administrasjonen har makt er det ofte snakk om rådmannen eller teknisk sjef. Enkelte seier det så sterkt at dersom du ikkje har desse personane på di side, så vinn du ikkje fram med saker. På spørsmål om administrasjonen kan ha så mykje makt fordi politikarane er duglause, får vi litt ulike svar. Ein meiner at *”Nei, men teknisk sjef er dyktig og han har mykje makt. Det er administrasjonen som førebur og tilrettelegg sakene, og så blir det til at politikarane vedtek det administrasjonen foreslår.”* Ein annan informant meiner at svake politikarar tillèt at administrasjonen kan styre.

Ein annan informant seier dette om å delta i politikken:

”Kunne godt tenkje meg å gå inn i politikken, men eg føler meg ganske makteslaus. Det er nyttelaust å prøve og kjempe for det du trur på. Du kjem ingen veg utan sterke alliansar, helst i administrasjonen. Det er dei som styrer i den graden rammevilkåra tillèt styring.”

Når deltakarane blir spurde om ikkje dei som sit i kommunestyret til ein viss grad kan gjere noko for å endre på det som blir opplevd som negativt, er svaret (frå både Fitjar, Voss og Lærdal) at:

”Politisk arbeid slit ein ut. Ein arbeider mykje og får igjen lite. Ofte kjem det opp kompliserte saker som det tek tid å setje seg inn i. Dersom det skortar på tida til å finne ut av saker og ting, er det administrasjonen som overtek og bestemmer det meste. Frustrerende! Eg vil ikkje fortsette i politikken.”

I dei gruppene som meiner at politikarane styrer, ser dei det som positivt:

*”Det er politikarane som styrer, utan tvil, ja.” ”Dei har makta og dei er folkevalde.”
”Det er politikarane som har makta. Eg har ikkje sett det før eg vart med sjølv, kor mykje makt dei har, eigentleg. Men det er jo den beste måten det, dei folkevalde. Sjølsagt!”*

I ein annan kommune seier dei at *”lokalpolitikarane har den fulle og heile makta i kommunen.”*

Opplevinga av at administrasjonen har stor makt og at dei i realiteten styrer, er noko mange lokalpolitikarar seier. Det er derfor meir overraskande at tre av fokusgruppene så sterkt hevdar at lokalpolitikarane har all makt. Dei fleste informantane er likevel inne på at rammene for styring i kommunane er tronge. Jamt over meinte gruppene at det ikkje er spesielle grupper eller ”besteklassar” som har makt i kommunen. Det kunne vere annleis før, slik at f.eks. folk som tilhørde store bondeslekter hadde stor makt. Slik hevdar informantane at det ikkje er lenger. Det er i alle fall ikkje noko eintydig maktbilete som teiknar seg i kommunane, meiner informantane.

Gruppene diskuterte også temaet kjønn og makt. I dei fleste gruppene blir det framheva at det er flest menn i leiande posisjonar i arbeidsliv og politikk. Somme meiner likevel at kvinner har stor makt. I Fitjar får vi høre at *”kvinner har gjort seg sterkt gjeldande f.eks. i sokneråd og misjonsarbeid og nå også i politikken. Menn har sterke kvinner ved si side. Utan kvinner stoppar Fitjar.”* Mange hevdar at det er behov for fleire kvinner. I Sunndal seier dei at *”vi skulle gjerne ønskt oss fleire kvinner i sentrale stillingar, det trur eg at eg vil seie.”* *”Det er inga overflod akkurat.”* *”Om du ser på dei store bedriftene og dei offentlege institusjonane så er det mannlege leiarar i klar overvekt. Damene kjem på nestleiarnivået.”*

Når det blir diskusjonar om kvifor det er slik, er informantane usamde. Nokre hevdar at det er kvinnene sjølv som ikkje vil ha slike stillingar: *”Ja, i mange tilfelle trur eg nok det (at kvinner ikkje vil). Men dei kvinnfolka som vil opp og fram, dei kjem seg opp. Men så har du det med familie og ungar inne i biletet, i tillegg til jobben. Eg vil påstå at mange kjenner si grense, og det synest eg er bra. Viss ikkje så får dei svi for det sjølv seinare.”* Men somme peikar på at kvinner ikkje slepp til i dei høgaste posisjonane.

Det er mange mytar omkring kvinner og leiing. Ein av mytane går nettopp på at kvinner ikkje ønskjer seg høge posisjonar. Undersøkingar viser likevel at kvinner ønskjer seg leiarposisjonar, men dei får ikkje toppjobbar (Kvande og Rasmussen 1991, Aftenposten 18.03.02).

8.7 Framtida

På bakgrunn av rammevilkåra som rår i dei utvalte kommunane, var vi interessert å få kunnskap om kva informantane tenker om framtida. Korleis vil bygda/staden utvikle seg og kva vil utviklinga ha å seie for dei som bur der?

Da emnet ”framtida” vart introdusert, kunne ei samstemd gruppe i Lærdal melde dette:

”Distriktpolitikken tek strupetak på utkantane. Arbeidsplassar og tenestetilbod blir lagde ned; likningskontoret, posten, fødeavdelinga på sjukehuset, bibliotekfilialar. Det er ikkje pengar til å pusse opp skulane. Det er ingen tryggleik i at tilbod/tenester held fram. Det vart bygd nytt postkontor for 4 år sidan, nå er det lagt ned. Nærbutikkar slit, og driv på dugnadsbasis. Er heile tida avhengig av ressurspersonar.”

Vidare hevdar dei i Lærdal:

”Det er vanskeleg når økonomien styrer alt og når vi ikkje kan stole på at funksjonar blir halde oppe. Det skapar uvisse og pessimisme. Før tenkte vi med visse at her ville vi bli, men dersom alt blir lagt ned blir det ikkje noko samfunn igjen. Da kan vi like godt flytte. Men vi håper at vi kan bli her og at vi kan ta det meir med ro etter kvart. Skal jo leve litt og.”

Men midt i all pessimisme, skimtar vi også optimisme:

”Vi tenkjer å snu den negative trenden vi opplever nå, og da er nok vi her framleis om 10-15 år. Det er mykje snakk om satsing på Filefjell, eit slags Beitostølen” light”. Mykje kan skje frå Håbakken og oppover mot fjellet. Vi må satse på å behalde dei

arbeidsplassane vi har. Det er jo sentralt her med stamvegen. Men det vil nok skje store forandringar.”

Også i Fitjar håpar dei på ei forbetring i forhold til det som synest å vere dagens utviklingstrekk:

”Det er eit ønskje at folk skal kunne bu og fungere her, og at bygdeverdiane blir tatt vare på. Dessutan må folk vere merksame på at dei har moglegheiter til å påverke sin eigen situasjon.”

Også her vart kommunen si handtering av ulike saker diskutert:

”Det er eit evig slit med kommuneøkonomi. Det er mogeleg at det blir ei kommunesamanslåing mellom Stord og Fitjar. Men Fitjar har eit veslebrorskompleks. Er redd for å bli utkant i ein storkommune.”

Gruppa kasta fram forslag til kva som eventuelt kan gjerast frå kommunen si side for å gjere Fitjar til ein betre kommune å bu i:

”Kommunen burde drive personalpolitikken på ein betre måte. I det private blir du sett, og sett pris på, sånn er det ikkje i kommunen! Dei hadde tent mykje på å ta vare på medarbeidarane. Det hadde gitt motivasjon!”

I samanheng med arbeidslivet seier ein informant i Fitjar:

”Eg er livredd for dette som skjer nå, det med at grendeskular skal leggjast ned for å spare pengar. Eg kjenner det også frå eldreomsorga; sparing går utover kvaliteten. Det blir kutta overfor dei som ikkje produserer noko for kommunen, altså ungar og eldre.”

Eit anna forslag der kommunen blir trekt inn, går på tilrettelegging for nyetableringar:

”Kommunen må bli enda flinkare til å ta vare på og leggje til rette for næringslivet og småbedrifter. Mitt inntrykk er at dei allereie har blitt atskilleg flinkare til å ta vare på dei som vil etablere seg: Dei har blitt mykje meir aktive.”

I skulesamanheng kjem følgjande forslag i samband med å gjere Fitjar kommune meir attraktiv:

”Den største utfordringa er å trekkje til seg utdanningsinstitusjonar. Fleire linjer på vidaregåande, samt høgskuletilbod. Det ville føre ressurspersonar til kommunen.”

Eit av dei siste spørsmåla gjekk på om informantane i Fitjar trudde dei budde på same stad om 10 år. Da fekk vi desse kommentarane: *"Vi bur nok ikkje her om 10 år - når ungane er store og sannsynlegvis ikkje bur her, dei heller."*

Og:

"Håper eg har vore vekke nokre år i mellomtida. Får nesten klaustrofobi dersom eg tenkjer at eg skal vere her (i Fitjar) heile tida."

Og til slutt:

"Eg har lyst til å bu i Fitjar på grunn av naturen. Kultur kan eg få andre stader. Naturen er det vi må marknadsføre!"

Ein deltidssbonden med småbarn i Voss har desse (blanda) kommentarane til spørsmålet om busetjing i kommunen på sikt:

"Dersom ein skal vere pessimist så er kanskje skilta med Voss teke ned om 10 år. Nei, det er nok omtrent det same. Det var stor optimisme omkring IT-satsinga ei stund, men etter at det kollapsa er Voss Voss igjen. Det er ikkje spesielt mørke skyer for Voss. Det kan vere moglegheiter for utviding på enkelte område, for eksempel hyttebygging. Og så er landbruket viktig. Det ville stått mange tomme plassar utan landbruket. Kvifor skulle ein bu i den yttarste avkrok i bygda, dersom det ikkje var for alle småbruka? Da kunne ein bu meir sentralt. Men politikarane hjelper ikkje akkurat til med busetjing i distrikta."

Da er haldninga ei ganske anna, og mykje meir optimistisk, i Haram kommune. Både innflyttarar og dei fastbuande har det synet at her er det godt å bu, her vil vi vere, og kjem med følgjande utsegn:

"Eg føler at det er her eg kjem til å bu - til det motsette er bevist, for å seie det sånn. Eg har ingen planar om å flytte, og føler meg som ein innbyggjar. Terskelen for å flytte blir høgare og høgare", og "Det er ein liten del som flytter, men dei fleste som kjem, blir her."

Det er stabile arbeidsplassar, flott natur og godt samhald i bygda som gjer kommunen attraktiv som bustad. På spørsmålet om det er kvinnene eller mennene som føler sterkast tilhøyrsløse til bygda, er svaret klinkende klart; karane!:

”Dei har vel alltid hatt litt vanskelegare for å lausrive seg, mens jentene ikkje er så stadbundne og er litt tøffare og reiser.”

Når det gjeld ungdommane i 7.-10. klasse i Haram, vart desse spurt om kva dei trudde var mest sannsynleg at dei ville gjere når dei vart 18 år. Godt over 30 prosent svarte at dei da ganske sikkert var i gang i med studiar av typen allmenne fag, økonomiske eller administrative fag. Det har vore peikt på at val av allmennfaglege studieretningar framfor yrkesfaglege kan vere eit særleg problem for industrikommunar med stort behov for faglært arbeidskraft, og dette er også ei relevant problemstilling for industrikommunen Haram.

I den samanhengen vart det i same undersøkinga spurt om desse utdanningsplanane er eit uttrykk for at dei unge ser for seg ei framtid i Haram kommune. Svaret på dette spørsmålet var at om lag halvparten av dei unge er usikre på kvar dei kjem til å bu som vaksne. Blant dei som svarte på spørsmålet var det likevel klart at heimkommunen ikkje var noko førsteval. I overkant av kvar tiande ungdom gir uttrykk for at dei svært gjerne kunne tenkje seg å bu i kommunen. Dette er Haram-patriotane! I tillegg til desse seier i overkant av kvar femte elev at dei ønskjer å busette seg i kommunen dersom ”det lagar seg slik”. Dette er ungdom som har eit meir pragmatisk syn på kvar dei kjem til å busette seg i framtida. Til sist har vi dei som på dette tidspunktet i livet ikkje ser på Haram som alternativ bustadkommune i framtida; dei var representerte med ei hyppigheit på ca. kvar femte elev.

På spørsmålet om korleis dei vaksne informantane i fokusgruppa ser for seg Haram/Søvika om ti år, er svaret unisont frå heile gruppa: *”Omtrent som i dag.”*

Heller ikkje i Flora og Sunndal ser gruppa for seg store forandringar i kommunen på litt sikt:

”Her er reelle moglegheiter! Og her er fleire bein å stå på nå enn nokon gong før, så det skal alvorleg mykje til for at samfunnet her skal knekkast ned.”

Stort sett har informantane nøkterne refleksjonar rundt framtida. Dei ser for seg at det ikkje har skjedd store forandringar i kommunen i eit 10-års perspektiv. Men dei peikar på negative trendar og store utfordringar i distriktsperspektiv. Dei fleste ser det slik at sentrale styresmakter ikkje legg til rette for busetjing, godt tenestetilbod og godt utkomme i distrikts-Noreg.

8.8 Drøfting

Her drøftar vi funna med tanke på bygda som bustad og kvardagsliv, arbeidsliv og næringsverksemd, makt og påverknad, og til slutt går vi inn på perspektiva livsfase og kjønn.

Bygda som bustad og kvardagsliv

Innleiingsvis i kapittel 2 definerte vi bygda som forskjellig frå byen. Dette er ein definisjon som finn støtte hos informantane våre. Dei kontrasterer bygda mot byen. Svært ofte er det bygda som kjem best ut: Det er lite kø og god tilgang til service i bygda i forhold til byen, det går fort å komme seg frå A til B i motsetning til i byen, tomt og hus er billigare enn i byen, det er lett å komme seg ut i naturen i motsetning til om ein budde i byen. Dei positive sidene ved bygdelivet blir trekte fram og samtidig blir ulike negative sider ved bylivet omtalt. Dette finn også Villa (2000) i studiane sine. På den negative sida kjem dårlege offentlege kommunikasjonar, særleg internt i kommunen eller bygda, og lite varierte kulturtilbod, som står i motsetning til byane.

Ei av hovudmåla for distriktpolitikken er å halde oppe hovudtrekka i busetjingsmønstret. På bakgrunn av kva vurderingar og rammevilkår blir busetjingsmønstret etablert?

I intervjuar kjem det fram at tilfella har spela ei viktig rolle for val av bustad, spesielt for kvinnene. Ikkje sjeldan er det arbeidsplassen eller oppvekstkommunen til ektemannen som har blitt familien sin heimstad. For kvinner som er etablert med familie, er det den totale situasjonen, dvs. forholda for heile familien sett under eitt, som er viktig i slike vurderingar. Fleirtalet av dei mannlege informantane har flytta til staden bl.a. på grunn av arbeid. Mange av dei har vakse opp i den kommunen dei bur i, og dei har flytta tilbake på grunn av jobb eller odelsgard. Dette tilseier at val av bustad og avgjerder om å flytte er ei samansett vurdering, slik andre undersøkingar viser (Grimsrud 2000).

Svært mange av informantane i gruppene våre er småbarnsforeldre, og dei gir tydeleg uttrykk for at omsynet til ungane i stor grad er bestemmande for kvar dei vel å busette seg. Informantane legg vekt på tryggleiken dei føler ved at barna kan vekse opp på bygda. Tryggleiken omfattar nettverk og familie, små skuleklassar, mange fritidsaktivitetar, omsorg for kvarandre og at foreldra veit kven ungane er saman med. Det er "fritt og godt" å vekse opp på landet, meiner informantane. Vi tolkar det slik at det også her ligg ei kontrastering til livet i byen. Om ikkje byen er utrygg, så er han mindre trygg enn bygda.

Berre unntaksvis kjem nokon inn på at ungane kan gå glipp av noko når dei veks opp på landet, og at barna er lite førebudd på den store verda. Det er i all hovudsak eit lyst og positivt bilete som blir teikna av barndommen på landet. Biletet blir meir samansett når det er snakk om ungdom. Negative trekk ved bygda er få fritidstilbod til dei uorganiserte unge og lite utdanningstilbod utover vidaregåande skule. Narkotikaproblem blir også nemnt. Mange tar

opp uvisse omkring framtida til grendeskulen og barnehagen. Men ingen av desse forholda er så sterke at dei påverkar bustadvalet for det store fleirtalet av informantar.

Gode oppvekstvilkår og eit godt skuletilbod for barna blir trekt fram som viktig for kvinnene i alle intervju. I tillegg set dei stor pris på sosialt nettverk i form av familie og vener, tilhøyrslø til staden, tilbod om fritidsaktivitetar, bruk av natur etc. Kvinnene sine moglegheiter for sysselsetjing og karriere ser derimot ikkje ut til å vere utslagsgivande når dei skal bestemme bustad.

Dersom vi relaterer bustadpreferansane vi finn blant bygdekvennene i dette prosjektet til idealmodellane som vi presenterte i kapittel 2.2.2, er det Konserva-modellen som trer fram. Den sterke vektlegginga av tilpassing til familien og jobben til mannen tyder på at Konserva-verdiar står sterkt. Kvinnene si karriere og eit mangfaldig fritidstilbod kjem meir i bakgrunnen ved val av bustad. Fredriksen (2001) meiner at Konserva forvaltar det som gjerne blir omtalt som kvinneverdiar, slik som å vere heime med barna eller jobbe deltid, leggje tilrette kvardagen for mannen og familien, vedlikehalde og utvikle lokale kvinnetradisjonar etc. Innsikta omkring regional identitet står sterkare hos Konserva- kvinnene enn hos Moderna og Alterna.

Vi finn likevel eksempel på kvinner som har flytta til distriktet for å ta ein attraktiv jobb, og som utnyttar fritidstilboda til fulle, såkalla Moderna-kvinner. Desse trivst godt på staden, men ser gjerne ikkje for seg ei framtid i bygda. Karrieremoglegheiter vil kanskje, saman med gode fritidstilbod, styre deira val av bustad framover. Dessutan ser vi at også Alterna-kvinna er representert i materialet vårt. Ho ønskjer ein alternativ livsstil, i dette tilfellet er det knytt til å leve i pakt med naturen, i størst mogeleg grad frikopla frå det materialistiske norske samfunnet. Mangfaldet finst altså, men Moderna- og Alterna-kvinnene er i mindretal.

Fleirtalet av mennene vi intervjuar har flytta på grunn av jobb. Dei legg også sterk vekt på at oppvekstvilkåra for barna, nærleik til naturen og moglegheiter for å ta livet meir med ro, er viktige grunnar for å busette seg i distrikta. Desse mennene gir i nokon grad avkall på karriere og gode lønnsvilkår for å busette seg i bygde-Noreg, enten det er for å ta seg lønna arbeid eller om det er for å overta slektsgarden. Reint intuitivt vil vi ikkje kalle familieorienterte menn for konservative, men heller karakterisere dei som meir moderne menn. Er det i bygdene ein ny type menn som går mot straumen? Kan vi snakke om den moderne bygdemannen som legg vekt på alternative verdiar som familie, tid, natur og fritid? Dei prioriterer annleis enn generasjonane før dei, fordi dei bevisst legg vekt på å vere gode fedrar og dei prioriterer annleis enn menn som set karriere og lønn først. Informantane i denne undersøkinga er få og materialet gir ikkje grunnlag for å seie noko generelt om ”moderne distriktsmenn”, men det er all grunn til å stille spørsmåla og studere fenomenet nærmare. Distriktsmannen er utvilsamt meir mangfaldig enn det stereotype bildet som ofte blir teikna i media; den supermaskuline mannen som driv jakt og fiske.

Dei fleste informantane er, ikkje overraskande, opptekne av å få kvardagslivet til å fungere. For dei (ny)etablerte handlar det mykje om ungane. Når ungane kjem opp i skulealder deltek dei på ei rekke aktivitetar. Ingen er misnøgde med fritidstilbodet til ungar i barneskulen. Men oppfølging krev mykje av foreldra. Dei skal delta på dugnad og ikkje minst skal dei køyre temmeleg langt på øvingar etc. Nykommarar peikar på at dugnadar er kontaktskapande og ein positiv måte å bli kjent med folk på.

Når temaet er distriktspolitikk og -utvikling gir altså informantane *kvardagslivet* svært stor merksemd. Tilrettelegging av kvardagslivet er med andre ord ein del av distriktspolitikken, slik informantane ser det. I eit slikt perspektiv vil avgjerder om mål og virkemiddel innan ei rekke politikkområde, både på lokalt, regionalt og sentralt nivå, ha stor tyding for busetting i distrikta.

Mange informantar, både bufaste, tilbakeflyttarar og nykommarar, har ei positiv identitetskjenning i forhold til staden dei bur. Dei føler tilhøyrse til staden. Naturen og dei fysiske omgjevnadane er viktige for ”det gode liv”. Ikkje mindre viktig er oversiktlege bygdemiljø og godt forhold til andre folk i bygda. Andre undersøkingar syner også at gode naboar og vener er avgjerande for om ein trivst og vil halde fram med å bu i bygda (Stavseng 2001, Nationen 9. april 2002). I det heile tatt er det ei rekke positive verdiar knytt til bygdelivet, slik informantane ser det.

Arbeidsliv og næringsverksemd

Offentleg sektor er svært viktig for sysselsetjinga til kvinnene i distrikta, noko som kjem fram i tabell 7.1, over kvinne delen i ulike næringar. Storparten av dei kvinnelege informantane våre er også sysselsette i offentlig sektor. Dei gir uttrykk for at ei stilling i offentlig sektor kan vere grei å ha når ein har små barn, spesielt på grunn av permisjons- og deltidsordningar. Slik kan kvinner utan store problem kombinere yrkeskarriere og rolla som småbarnsmor.

For Noreg som nasjon er det, som nemnt, sterke interesser knytte til at folk bur i heile landet. Med dei endringane som skjer i samfunnet i dag, er ein avhengig av ei offensiv og aktiv utnytting av dei moglegheitene som finst. I den samanheng er det (minst) to faktorar som verkar saman: Individuelle initiativ og offentlig tilrettelegging. Informantar i alle kommunane etterlyser meir engasjement og ”guts” i samanheng med nytenking, nyskaping og nyetableringar. For å lykkast med etableringar må initiativ til utviklingsarbeid komme frå lokalbefolkninga sjølv, jf. kapittel 4.4. Det blir da avgjerande for etablering av nye verksemdar om det finst ein kultur for nyskaping. Det er ei felles oppfatning blant informantane at kommunane kunne gjort meir for å leggje til rette for å dyrke fram skaparglede og entreprenørskap.

Dei ulike kommunane sin innsats for nyetableringar vart inngåande diskutert i alle gruppene. Ei felles oppfatning på tvers av fylkesgrensene, er at det både frå kommunane og frå

innbyggjarane si side kan leggjast ned vesentleg meir innsats for å få sving på nye etableringar, noko som etter kvart kan gjere kommunen til ein meir attraktiv bustad. Likevel meiner informantane at dei som verkeleg vil setje i gang ny verksemd, gjer det uavhengig av offentleg satsing. Det er altså ”nølarane” som treng støtte og motivasjon for å dra i gang nye verksemdar, men dei synest å utgjere fleirtalet av potensielle etablerarar.

Etablering av eiga næringsverksemd fører med seg uvisse med tanke på inntekt til hushaldet. Uvisse kan opplevast større for kvinner enn for menn. Tiltak for å skape eiga næringsverksemd tar ikkje høgde for at kvinner må vere ute av arbeidslivet i samband med graviditet og småbarn. Mange kvinner føler at dei enten må vere ferdig med småbarnsperioden eller at dei må ha ein rik mann å støtte seg på, dersom dei skal satsa sjølve (Nationen 8. april 2002). Skal ein motivere kvinner til å starte som sjølvstendig næringsdrivande trengs det blant anna tilskott til å oppretthalde kontordrift under svangerskapspermisjon.

Mange av informantane dreia samtalen inn på landbruk, som er ei viktig næring i fleire av dei besøkte kommunane. Slik det er i dag, må deltidsbøndene prioritere inntektsgivande arbeid utanfor bruket for oppnå ei tilstrekkeleg inntekt totalt. Gardsdrifta hamnar lett på hobbyplanet fordi bonden ikkje har krefter til noko anna. Det blir retta kritikk til den noverande landbrukspolitikken og dei føringane den legg for blant anna kommande strukturendringar på dagens gardsbruk, og dei ringverknadene dette gir for landbruket i tida som kjem.

I denne debatten kom også rekrutteringa til landbruksnæringa inn i biletet. Fordi dei unge i dag legg relativt stor vekt på økonomi, kan det bli vanskeleg å få tilstrekkeleg mange unge til å overta gardsbruk, dersom lønnsnivået ikkje blir heva. Eit anna tema som er av spesiell aktualitet for rekrutteringa til landbruket, men som berre så vidt vart nemnt her, er tilrettelegging for fleirsysleri i samband med garden.

Fleirsysleri og deltidsjobbar er tilpassingsstrategiar som mange vel for å kunne bu i distrikta. Det gjeld kvinner og menn både i landbruk og anna verksemd. Det er viktig at det offentlege prioriterer å støtte opp under småetableringar. Kanskje er ein halv jobb som frisør eller aromaterapeut det som skal til for at ein familie blir buande i bygda?

Intervjua viser også at det manglar kunnskap om tilskottsordningar, både innanfor landbruket og for etableringar meir generelt. Enkelte dreg fram at dei ikkje har oversikt over kva ordningar som finst, men at dei heller ikkje får opplysningar om slike ordningar når dei er i kontakt med offentlege kontor.

Til tross for at informantane bor i kystnære strøk er det berre i ein kommune at dei trekkjer fram fiske og fiskeindustri som eit potensiale i framtida, særleg med tanke på ungdom og

ufaglærte. Det er grunn til å tru at det ligg eit større potensiale innafor fiskerinæringane enn det som blir tatt opp av informantane våre.

Kva betyr Jantelova for bygdelivet generelt og for nyskaping spesielt? Mange meiner at ein må vere førebudd på at folk bryr seg, på godt og vondt, når ein bur på ein liten stad. Ein må berre ikkje ta det innover seg. Andre peikar på at dei blir såra og lei seg når dei opplever å ha eit engasjement som blir møtt med at "du skal ikkje komme her og komme her".

Eit positivt trekk er at bygdefolket synest å ha toleranse for at nykommarar ikkje "held seg i folden". Nykommarar kan ofte få større handlingsrom enn bygdas eigne innbyggjarar. Det er likevel negativt dersom Jantelov og fordommar avgrensar folk sine opplevingar av kva dei kan gjere i eit bygdesamfunn. Både datamaterialet vårt og anna forskning (Grimsrud 2000) gir grunn til å tru at det her kan vere forskjellar på kjønn. Kvinner kan enten bli meir utsett for Jantelova og/eller dei tar seg meir nær av kritikk og negativ omtale. Kvinner har tradisjonelt hatt oppgåver avgrensa til hus og heim i bygdesamfunna, deira roller har vore langt meir avgrensa enn menn sine roller. Dermed kan forventningane til kva som er passende oppgåver og roller for kvinner framleis vere sterkast knytt til det private rommet. Rollemodellar for kvinner, for eksempel synlege kvinner i ulike leiande posisjonar, har ikkje vore kvardagskost i bygde-Noreg. Det er først i dei seinare åra at rollemodellane er blitt meir mangfaldige, også på bygda (Forsberg 1996).

Makt og påverknad

Når det gjeld makt og påverknad i samfunnet er det ingen grupper eller klassar som blir trekte fram som meir dominerande enn andre. Snakkar ein derimot om kjønn så peikar informantane på at menn oftast sit i topp-posisjonar innan næringsliv og politikk, slik det også er i dei fleste andre kommunar. Det er derimot usemje om det er tilbodet av kvinner, dvs. om kvinner ønskjer topp-posisjonar, eller om det er etterspørselen etter kvinner, dvs. om kvinner får tilgang til posisjonar, som er problemet. Dei fleste er tilbøyelege til å trekkje fram at dette er eit "kvinneproblem", dvs. at tilbodet sviktar.

Likevel ligg det strukturelle føringar i rekruttering til posisjonar innan arbeidsliv og politikk. Dersom leiarkompetanse er nært knytt til tradisjonelle maskuline roller og eigenskapar, har det som konsekvens at kvinner blir lite attraktive som leiarar på grunn av "manglande" kompetanse (Guldvik 2002a). Eit anna forhold som påverkar rekrutteringsprosessar er homososial reproduksjon. Dei fleste vil rekruttere personar som likner ein sjølv. Kvinner vil dermed ha vanskeleg for å få innpass i mannsdominerte organisasjonar. På same måte kan menn kan ha problem med å få jobb i kvinnedominerte yrke. Likevel jobbar menn innan eit vidare spekter av bransjar og det er brei semje om at det er ønskeleg med menn i for eksempel skular og barnehagar.

Dessutan blir menn oftare enn kvinner oppfordra til å søkje leiarstillingar og menn får gjerne oppgåver som gjer dei både synlege og attraktive i organisasjonen eller det politiske partiet. Organisasjonane fråskriv seg ansvar for å endre den skeive kjønnsfordelinga i leiande posisjonar når problemet blir beskrive som eit ”kvinneproblem”. Den skeive arbeidsdelinga i samfunnet, der kvinner i stor grad har hovudansvar for ulønna arbeid i heimen, problematiserast ikkje av informantane. Arbeidsdelinga kan gjere sitt til at det opplevast vanskelegare for kvinner enn menn å ha leiande stillingar i næringsliv og politikk.

Mange av informantane som driv med politisk arbeid formidlar at dei har ei føler vanmakt i forhold til politikken. Det kjem blant anna av at avgjerdene blir tatt andre stader enn i dei politiske organa, mangel på tid til å setje seg inn i sakene og ei kjensle av ikkje å bli høyrd. Sjølv om desse tendensane ikkje er spesielle for dei kommunane vi har besøkt, så er det eit sterkt signal overfor det politiske systemet når omtrent alle seier at dei ønskjer seg ut av politikken. Det er ei utfordring å finne arbeids- og avgjerdsformer som verkar meningsfulle og inkluderande på dei som ønskjer å drive politisk arbeid.

Livsfase- og kjønnsperspektiv

Kva fellestrekk og forskjellar finn vi blant informantane på grunnlag av livsfase? Alle informantane legg vekt på tryggleiken i å bu på bygda. Dei meiner at bygdemiljøet er trygt både for ungane og dei eldre innbyggjarane i bygda. Dessutan er naturen ein ressurs som dei alle trekkjer fram som positiv. Det er stor semje om ein del viktige bygdekvalitetar og ei relativt sterkt innsikt omkring regional identitet. Forskjellane går først og fremst på at dei veletablerte eldre, særleg mennene, snakkar om arbeidsplassar når temaet busetting tas opp, dvs. ei smal tilnærming til distriktpolitikken. Historisk har det vore slik at menn har hatt lønna arbeid og kvinner har hatt hovudaktiviteten knytt til heimen. Derfor meiner mange av den eldre garde at kan ein tilby arbeidsplassar, så kjem ungdommen.

Yngre kvinner og menn, både nyetablerte og veletablerte, diskuterar i større grad heilskapen i kvardagslivet, dvs. ei brei tilnærming til distriktpolitikken. Arbeid, fritid, familieliv og offentlege tenester heng saman. Det er ingenting mindre enn *kvardagslivet* som skal fungere for at dei skal ha sitt liv og virke i distrikta. Nye generasjonar distriktsbefolkning er sjølvbevisste og dei set krav til livskvalitet, noko som stiller tilnærminga til distriktpolitiske verkemiddel overfor utfordringar på fleire frontar.

Informantane sine utsegner omkring kjønn kan for det første tolkast inn i eit kvinneperspektiv, dvs. at kjønna er grunnleggjande forskjellige, jf kapittel 2.2.1.

Informantane tematiserer kjønn i nokon grad når det er snakk om arbeidsliv, til dømes når dei karakteriserar arbeidsplassar, kven som har leiande stillingar, kven som lykkast i etablering. Dei snakkar for eksempel om kvinnearbeidsplassar og mannsarbeidsplassar, men dei problematiserar i liten grad kvifor ein arbeidsplass er kvinne- eller mannsominert, kva det betyr for arbeidsplassen, om det bør vere slik, kva ein eventuelt skulle gjere for å endre

forholda osv. Når informantane snakkar om kvinne- og mannsarbeidsplassar, utan at dei stiller spørsmål ved omgrepa, kan det tyde på at dei ser kvinner og menn som forskjellige: Nokre jobbar passar for kvinner og nokre for menn.

Informantane beskriv også korleis kjønna ”er”, dvs. at kvart kjønn har ei kjerne eller ein *essens*, og desse er forskjellige: Karane har for eksempel vanskeleg for å lausrive seg, medan jentene ikkje er så stadbundne. Og kvinner ønskjer for eksempel ikkje leiarposisjonar fordi dei prioriterar familieverdier. Kvinner og menn som gruppe framstillast her, ikkje berre som forskjellige, men også som innbyrdes like. Variasjonar innan gruppene på bakgrunn av alder, livsfase, utdanning, klasse, etnisitet, seksuelle preferansar etc. blir ikkje problematisert. Vi står derfor overfor svært stereotype bilete av (distrikts-)kvinner og -menn.

Samtidig kan utsegna tolkast inn i eit likestillingsperspektiv. Informantane samanliknar kvinner sin del i ulike posisjonar med menn sin del. Dei synleggjer forskjellar mellom kvinner og menn som grupper, der kvinner systematisk kjem dårlegare ut enn menn. Scott (1988) seier at det ikkje ligg nokon motsetnad i å krevje likebehandling, dvs. likskap i moglegheiter, og samtidig hevde at kvinner er forskjellige frå menn, jf kapittel 2.2.

Korleis står livsfase- og kjønnsperspektiv i forhold til kvarandre? I kvardagslivet synes det for oss som om livsfaseperspektivet slår sterkt igjennom med tanke på omsynet til ungane.

Trygge og gode oppvekstvilkår står fram som svært viktig for yngre kvinner og menn med barn. Fedrane blant informantane våre verkar, i likskap med andre ”moderne” fedrar, å vere genuint opptekne av ungane sitt vel og vel. Statistikk syner at det ikkje er store forskjellar på kor mykje tid mødrer og fedrar brukar saman med ungane sine. Likevel viser statistikken at småbarnsfedrar er den gruppa som arbeider mest overtid¹¹. Det kunne vore interessant å vite meir om forskjellar i overtidarbeid blant småbarnsfedrar. Er det eit fenomen som opptrer relativt likt over heile landet eller er det regionale forskjellar for eksempel mellom bygd og by?

Ikkje uventa slår kjønn ut med tanke på korleis familiane innrettar seg i praksis. Sjølv om det er variasjonar mellom kvinner, tilpasser mange bustadswal og kvardagsliv til familiesituasjonen. Deltidsarbeid er ei viktig tilpassing medan ungane er små. Menn er derimot sysselsett i lønna arbeid på heiltid. Slik sett blir det i realiteten forskjellar på kvinne- og mannstilpassingar til kvardagslivet.

8.9 Vegen vidare

Kan vi seie noko om kva det er som hemmar og fremmar levedyktige lokalsamfunn på bakgrunn av denne studien? Den ”store” distriktspolitikken og dei tunge trendane i samfunnet trekkjer mot sentralisering. Strukturendringar innan primærnæringane og innan offentlege tenester som tele og post reduserar talet på arbeidsplassar i distrikts-Noreg. Endring i

¹¹ Referert av Knut Oftung på konferansen Likestilling 2002.

skulestruktur og andre viktige tilbod fører med seg uvisse omkring framtida. Til saman skapar desse prosessane frustrasjon og pessimisme i bygdene.

Vedlikehald og vidareutvikling av gode oppvekstvilkår og gode kvardagsliv, i eit breitt perspektiv, fremmar levedyktige samfunn i distrikta. Det er viktig å tenke gjennom alle sider som kan gjere kvardagen lettare, spesielt for småbarnsfamiliar. Dessutan er gode relasjonar bygdefolket imellom med på å skape trivsel i bygdene. Næringsutvikling krev smidige og fleksible ordningar i det kommunale byråkratiet. Ei open og inkluderande haldning blant politikarar og tilsette i kommunen kan betre tilhøvet mellom kommunen og innbyggjarane. Samtidig må ein analysa tilhøva i lokalsamfunnet med både livsfase- og kjønnsbriller på.

Her går vi kort inn på moglege tiltak for å fremme levedyktige lokalsamfunn¹². Forslag til tiltak bygger for det første på den empiriske studien og for det andre på kunnskap frå litteraturdelen. Generelt anbefaler vi ei *kjønnsretting* av distriktspolitikken, dvs. at distriktspolitikken i dei tre vestlandsfylka tek utgangspunkt i kjønnsperspektiv og utviklar ei differensiert satsing med ulike typar av verkemiddel og framgangsmåtar for å treffe ulike kvinner og menn, jf 2.2.1.

Arbeidslivrelaterte tiltak

- Odelsjenter i landbruket

I dag er begge kjønna likestilte i odelslova. Dette betyr at det eldste barnet har odelsprioritet (gjeld for dei som er fødte etter 1. januar 1965). Odelsjentene har likevel ikkje lange tradisjonen i å vere den som tek over garden. Det kan sjå ut til at dette nå er i ferd med å endrast. Arbeidet med å motivere jenter til å overta slektsgardar er godt i gang frå fleire hald, som til dømes i kommunane og innan ulike organisasjonar. Dette arbeidet må haldast varmt, som eit av fleire tiltak for å skape blest kring overtaking og drift av gardsbruk i distrikta.

- Attåtnæringar i landbruket

Landbruksministeren legg vekt på å skaffe supplerande inntekter til det tradisjonelle jordbruket, slik at bygdene skal kunne overleve (Nationen 15. april 2002). Han trekkjer fram bygdeturismen som eit eksempel, og lovar at regjeringa vil hjelpe til med marknadsføring og organisering av næringa, på det vilkåret at dei økonomiske resultatane er gode.

- Auka fokus på kvinner i fiskeri og oppdrettsnæring

Ein må arbeide systematisk for å rekruttere kvinner til fiskeri og oppdrettsnæring. Dersom organisasjonar set kvinnerekuttering på dagsorden, vil det for det første ha ei viktig signaleffekt overfor bedriftene innan næringane, og for det andre kan det bringe fram kunnskap på området som fører til haldningsendringar blant aktørane i næringane, for eksempel hos leiarar på ulike nivå.

¹² Opplistinga er ikkje uttømmende.

- Synleggjering av rollemodellar for kvinner og menn i utradisjonelle næringar/yrke

Det finst ei rekke dyktige kvinner og menn som arbeider i utradisjonelle næringar/yrke. Dei bør bli trekte fram som rollemodellar for andre. Samtidig som det er viktig å trekkje fram kvinnelege rollemodellar blant leiarar, er det også avgjerande å synleggjere menn som jobbar innan typiske kvinneyrke som barnehagar, skular og eldreomsorg på ein positiv måte.

- Mentorordningar for kvinner og menn i utradisjonelle yrke

Mange opplever det som vanskeleg å bryte kjønnsbarrierar ved val av yrke. Kvinner og menn som ønskjer å gå inn i utradisjonelle næringar/yrke bør få tilbod om rettleiing eller mentorordningar.

- Nettverk for kvinner og menn i utradisjonelle næringar/yrke

Kvinner og menn i utradisjonelle næringar/yrke manglar ofte eit nettverk av ”likesinna”. Oppbygging av kvinne- og mannsnettverk kan føre til at dei som vel utradisjonelt trivst betre i jobben.

Tiltak i offentleg regi

- Kjønnsretting av distriktpolitikken

Dersom det er eit mål å gjere distrikta attraktive for begge kjønn, må ein arbeide for kjønnsretting av distriktpolitikken. I kjønnsretting ligg det krav om analysar av situasjonen for kvinner og menn på ulike område i *livsfaseperspektiv*, kunnskap om kva for prosessar som skapar ulikestilling mellom kjønna og korleis ein kan endre forholda.

- Synleggjering av kjønn i offentlig planlegging og rapportering

Ein bør utarbeide plandokument som framstillar fakta om busetjing, flytting, næringsliv, sysselsetting, arbeidsløyse, tenestetilbod etc. i kjønnsdelt statistikk. Resultatrapportering frå ulike område må omfatte utvikling og endring i likestillingssituasjonen.

- Kompetanseheving blant dei som jobbar med kjønnsretting i distriktpolitikken

Dei som skal jobbe med kjønnsretting i distriktpolitikken treng kompetanseheving. Tid, faglege og økonomiske ressursar er avgjerande for å tileigna seg nødvendig kompetanse.

- Kontaktmøte for dei som jobbar med kjønnsretting i distriktpolitikken

Erfaringar frå arbeidet med kjønnsretting i distriktpolitikken må setjast i system. Mange har mykje erfaring på området og kan dele kunnskapen med andre i forum som for eksempel regionale kontaktmøte.

- ”Opa dør” til næringskontoret

Kommunen må formidle informasjon om kva som finst av ulike støtteordningar for etablering. For å motivere ”nølarane” blant potensielle etablerarar kan det løne seg å leggje vekt på at støtte til etablering omfattar både små og store satsingar. Slik kan ein senke terskelen for at

innbyggjarane, og særleg kvinner, tar kontakt med næringskontoret. Det er og behov for å skape klima for idémyldring og kreative innspel til næringskontoret.

- Informasjon om distriktpolitiske virkemiddel på nettsida kommunesiden.no
Kommunesiden AS har utvikla ein prototyp til ein nettportal som skal innehalde informasjon til bruk for saksbehandlarar innan ulike sektorar i kommunar og fylkeskommunar. Informasjon om alle typar distriktpolitiske virkemiddel kan leggas ut på nettsidene når portalen blir sett i drift. Det kan lette arbeidet med informasjon og sakshandsaming.

Bygderelaterte tiltak

- Skulen og lokalsamfunnet som utviklingsaktør
I distrikt der ein står overfor eit fråflyttingsproblem, er blant anna skulen, saman med andre aktørar, viktige for å demme opp for det som blir kalla uttynningssamfunnet. Haldningane og instillingane hos alle dei som barn og unge til dagleg har med å gjere, er med på å prege ungdommen si oppfatning av heimplassen sin. For å styrke busetjinga er det ein føresetnad at både ungdomen sjølv, heimen, skulen og kommunen aktivt samarbeider om haldningsskapande verdiar. Følgjande perspektiv kan gjerne liggje til grunn: Utflyttarane er ikkje fråflyttarar, men potensielle tilbakeflyttarar, som på sikt vil kunne vurdere å etablere seg i heimbygda. Det er med andre ord eit felles ansvar ein står overfor, for å halde bygda levande.
- Deltaking som metode for bygdeutvikling
Deltaking kan vere ein nyttig metode for å setje i gang endringsprosessar. Lokalsamfunnet, med for eksempel kommunen og bygdelag i spissen, kan arbeide for å skape opne prosessar omkring endringar i infrastruktur som skular, post, butikk etc. Ein kan søkje å involvere befolkninga tidleg i prosessar til idédugnad om alternative løysingar. I tillegg bør ein tematisere og skape diskusjon om negative trekk som Jantelov og dårleg klima for nyskaping.
- Kunnskap om kvardagslivsperspektiv
Busetjing og ”bulyst” avheng av langt meir enn det som tradisjonelt blir kalla for (den vesle) distriktpolitikken. Det heng i like stor grad saman med kommunepolitikk i vid forstand. Politikarar og byråkratar må få kunnskap om kor stor vekt folk legg på at kvardagslivet fungerer godt, og at opplevingar av kvardagslivet verkar inn på ”bulyst”. Utvikling av offentleg og privat tenestetilbod og tilrettelegging av kvardagslivet er like viktig ”distriktpolitikk” som å skape arbeidsplassar. Skal ein fremme levedyktige lokalsamfunn kan ein ikkje slå seg til tåls med enten-eller, men satse på både-og. Det krev ei brei og heilskapleg tilnærming til politikken, der ein ser at innbyggjarane i bygdene er ei mangfaldig gruppe med ulike livsprosjekt.

Referansar

Acker, J. (1992): "Gendering Organizational Theory" I Mills, A.J. and P. Tancred (ed): Gendering Organizational Analysis. SAGE Publications

Aftenposten, 18. mars 2002

Albertsen, J. & Christensen, B. (1993): Denmark. I: Davidson, M. & Cooper, C.L. (eds.) *European Woman in Business and Mangament*. Paul Chapman Publishing Ltd. London

Alsos, G. A. og L. T. Pettersen (2001): Ei flott næring for tøffe kvinner – en utredning om kvinners rolle i oppdrettsnæringen. Nordlandsforskning- NF-rapport nr. 1-2001

Barne- og familiedepartementet (1996): *Rapport fra FNs 4. Verdenskonferanse for kvinner (FWCW) Beijing 4. – 15. september 1995, Del I*

Berg, N. G. (2002): "Bygdekultur med hår på brystet". *Forskning nr 1-2002*

Berglund, A-K. (1998): *Lokala utviklingsgrupper på landsbygden : analys av några lokala utvecklingsgrupper i termer av platsrelaterad gemenskap, platsrelaterad social rörelse och systemintegrerad lokal organisation*. Avhandling (doktorgrad) - Uppsala universitet

Berglund, A-K., Wollan, G., Hedlund, M., Nilssen, I., Johansen, M. & Holst, B. (2001): *Stedets betydning - kvinnelige og mannlige bedriftsledere i distriktene*. Rapport 2001:2 NORUT Finnmark AS. Alta

Berthinussen, R. (2001): *Kunnskap, kultur og kjønn i fiskerinæringen*. Senter for kvinne- og kjønnsforskning. Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet

Bjerrum Nielsen, H. (2000): "Rommet mellom sitering og dekonstruksjon". *Kvinneforskning 1/00*

Bjørklund, T. (1999): *Et lokalvalg i perspektiv*. Tano Aschehoug, Oslo

Blekesaune, A. og M. S. Haugen (1999): Landbrukskvinner bidrag til husholdets levekår – arbeid og inntekt i et komparativt perspektiv. *Landbruksøkonomisk forum (LØF)- tidsskrift for landbruk, miljø og samfunn, skog og utmark*. Konkurransen i matvaremarkedet. 2/99. Universitetsforlaget. Sett i: Bye, L. M. 2000. Landbrukskvinner hverdagsliv – en studie av kjønnet arbeidsdeling og tette boforhold. Senter for bygdeforskning. Rapport 1/00. ISSN 0802-8788

Boge, J. (2001): "Menn og sjukepleie". *Kvinneforskning 4/2001*

Brandth, Berit (1996): "Gruppeintervju: perspektiv, relasjoner og kontekst" i Holter, Harriet og Ragnvald Kalleberg (red) (1996): *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Universitetsforlagets Metodebibliotek (2. utgave, 1. utgave 1982)

Bye, L. M. (2000): Landbrukskvinner hverdagsliv – en studie av kjønnet arbeidsdeling og tette boforhold. Senter for bygdeforskning. Rapport 1/00. ISSN 0802-8788

Båtevik F. O. og G. Mattland Olsen (1999): *Ung i Haram. Ungdom og fritidsaktiviteter i Haram kommune*. Arbeidsrapport nr. 75. Høgskulen i Volda og Møreforskning, Volda

Båtevik F. O. og G. Mattland Olsen (1999): *Ung i ukant. Fritidsaktivitetar og tankar om framtida blant ungdomar frå sju kommunar i Møre og Romsdal*. Arbeidsrapport nr. 100. Høgskulen i Volda og Møreforskning, Volda

Dahlerup, D. (1988): "From a Small to a Large Minority: Women in Scandinavian Politics". *Scandinavian Political Studies*, Vol. 11 – No. 4

Dahlström, M. 1996. *Young Women in a Male Periphery – Experiences from the Scandinavian North*, Journal of Rural Studies, Vol 12, nr 3, s. 259-271

Edvardsen, E. (1997): *La bygda leve. Etablering av en kontrakt mellom unge og hjemlassen*. Foredrag ved Tiltakskonferansen 1997. 22.-23. april 1997

Ellingsæter, A. L. and J. Rubery (1997): "Gender Relations in the Norwegian Labour Market Model". I Dølvik, J.E. og Steen, A.H. (1997): *Making Solidarity Work. The Norwegian Labour Market Model in Transition*. Scandinavian University Press

Ellingsæter, A. L. og J. Wiers-Jenssen (1997): *Kvinner i et arbeidsmarked i endring. Integrering, marginalisering og ekskludering*. Rapport 97:13, Institutt for samfunnsforskning, Oslo

Fauske, H. (1993): *Lokal forankring og global orientering ? Holdninger til heimstaden blant unge i Oppland*. I Heggen, K., J. O. Myklebust og T. Øia (red.): *Ungdom i lokalmiljø. Perspektiv fra pedagogikk, sosiologi, antropologi og demografi*. Det norske Samlaget.

Forsberg, G. (1991): *Samhällsgeografi och könstrukturella analyser*. I Berger, S. (red.) *Samhällets Geografi*. Nordisk Samhällsgeografisk Tidsskrift, Uppsala

Forsberg, G. (1996): *Är landsbygden en kvinnofälla ?* I Dokumentation från forskarsymposiet "Kvinnor och män i dialog om regionernas framtid", Östersund 2-4 oktober 1996. Working paper 5b. Institutet för regionalforskning, Östersund

Forskning nr 1/02

Fosso, E. og Alvheim, S. (2001): *Unge voksnes flyttevalg: en gjennomgang av koblete flyttedata for seks norske kommuner*. Arbeidsnotat nr 28/01. Stiftelsen for samfunns- og næringslivsforskning. Bergen

Fredriksen, S. (2001): *Distriktskvinnescenarier 2010*. Samarbeidsrapport NIBR/Høgskolen i Finnmark (HIF)

Frønes, I. og R. Brusdal (2000): *På sporet av den nye tid: Kulturelle varsler for en nær framtid*. Fagbokforlaget. Bergen

Giddens, A. (1984): *The Constitution of Society. Outline of the Theory of Structuration*. Polity Press. Cambridge

Grimsrud, G.M (1999): *Utdanning og flytting. En kartlegging av utdanningsnivå blant flyttere og bofaste i Nord-Gudbrandsdalen, Nord-Østerdalen og Gauldal-/Rørosområdet*. ØF-rapport 21/1999. Lillehammer

Grimsrud, G. M. (2000): Kvinner på flyttefot. ØF-rapport nr 13/2000

Guldvik, I. (1996): Forandring er ikke forvandling! En studie av likestillingspolitikken integrering i fire kommuner. Rapport nr. 8/1996, Høgskolen i Lillehammer

Guldvik, I. (2002a): Mellom formalisme og feminisme. En studie av kommunelovens bestemmelser om kjønnskvoteirng. ØF-rapport nr 2/2002

Guldvik, I. (2002b): "Troverdighet på prøve. Om gruppeintervju som metode for å produsere valide data om politiske diskurser". *Tidsskrift for samfunnsforskning* 1:2002

Hagen, S. E. (2000): *Distriktsarbeidsmarkedet – segmentert og fleksibelt*. ØF-rapport nr. 12/2000. Østlandsforskning

Hagen, T. (1991): *Prosjektorganisert bygdeutvikling. Muligheter og begrensninger i næringsrettede og trivselsrettede bygdeutviklingstiltak*. Rapport nr. 9119, Møreforskning, Volda

Halsaa, B. (1995): *Forsøk til nytte? Erfaringer med likestillingsarbeid lokalt*. Rapport nr. 1/1995, Høgskolen i Lillehammer

Hansen, M. N. (1995): *Sex Segregation and the Welfare State*. Institute for Social research. Oslo

Heggen, K. og G. M. Olsen (1995): *Ungdom – utdanningseksplasjon – nye karrierar?* Forskningsrapport nr. 3, Høgskulen i Volda/Møreforskning Volda

Hernes, H. M. (1987): *Welfare State and Woman Power. Essays in State Feminism*. Universitetsforlaget

Hertz, L. (1986): *The business Amazons*. The Trinity Press, Worchester and London

Holmquist, C. (1997): „Den ömma bödeln“. I: Sundin, E. (red.) *Om makt och kön i spåren av offentliga organisasjoners omvanning*. Rapport til Utredningen om fördelning av ekonomisk makt och ekonomiska resurser mellan kvinnor och män. SOU 1997:3. Arbetsmarknadsdepartementet, Gotab, Stockholm

Holter, H. og R. Kalleberg (1996): *Kvalitative metoder i samfunnsforskningen*. Universitetsforlaget 1996

Hompland, A. (2000): *Bygdedyret er dødt ! Leve Bygdedyret !* Kronikk. Dagbladet 25 februar 2000

<http://www.kampanjen.org>

Hughes, A. (1997): *Rurality and cultures of womanhood. Domestic identities and moral order in village life*. In Cloke, P & J. Little (eds.). *Contested Countryside Cultures. Otherness, marginalisation and rurality*. Routledge. London and New York

Husmo, M. (1994): *Kvinnelige fiskeindustriedere*. I Ottersted, O. og S. Jentoft (red.) *Leve kysten ? Strandhogg i fiskeri-Norge*. Ad Notam Gyldendal 1994

Husmo, M. og E. Munk-Madsen (1994): *Kjønn som kvalifikasjon i fiskeindustrien*. I Ottersted, O. og S. Jentoft (red.) *Leve kysten ? Strandhogg i fiskeri-Norge*. Ad Notam Gyldendal 1994

Jensen, R. S. (2000): *Kvinner og jobb etter småbarnsfasen*. ISF-rapport 10:2000

Johannisson, B. og O. R. Spilling (1986): *Lokal næringsutvikling. Entreprenørskap og nettverksstrategier i noen norske og svenske kommuner*. Universitetsforlaget, Oslo

Jørgensen, M. Winther og L. Phillips (1999): *Diskursanalyse som teori og metode*. Samfundslitteratur, Roskilde Universitetsforlag

Kaltenborn, O. (1998): *Seniorturisme som forskningsfelt – med spesiell vekt på mulighetene i distriktsutviklingen*. Upublisert notat. Østlandsforskning

Kvande, E. og B. Rasmussen (1991): *Nye kvinneliv. Kvinner i menns organisasjoner*. ad Notam, Arbeidslivsbiblioteket

Labugt, I. L. (1989): *Landbrukskvinnenes yrkesvalg*. NLH, Institutt for landbruksøkonomi. Memorandu, mnr 122

Lee, E.C. (1969): "A theory of migration". I: Jackson, J.A. (ed.) *Migration*. University Press, Cambridge

Little, J. & P. Austin (1996): "Women and the rural idyll". *Journal of Rural Studies* Vol 12 nr. 2 s. 101-111

Lotrington, A. T. (1997): "Kvinneunderskuddet. Kontinuitet og endring i forståelsen av kjønn i regionalpolitikken". *Plan nr 6 1997*

Lotherington, A.T. (2001): *Ikke for kvinnenenes skyld... En analyse av kvinnerettet distriktspolitikk I Norge 1980 – 2000*. Avhandling til forsvar for graden dr polit Institutt for statsvitenskap, Det samfunnsvitenskapelige fakultet, Universitetet i Tromsø

Lotherington, A. T. og B. Thomassen (1994): *Organisering av kystkvinnene*. I Ottersted, O. og S. Jentoft (red.) *Leve kysten ? Strandhogg i fiskeri-Norge*. Ad Notam Gyldendal 1994.

Løwe, T. (1998): *Levekår i landbruket. En studie av landbruksbefolkningens levekår*. Statistisk sentralbyrå, 98/25

McDowell, L. (1993): "Space, place and gender relations: Part II. Identity, deifference, feminist geometries and geographies". *Progress in Human Geography* 17, 3. pp 305-318

Myhre, J. E. (1990): "Hovedstaden Christiania : fra 1814 til 1900". I *Oslo bys historie. Bind 3*. Fagredaksjon: Sivert Langholm, Edgeir Benum og Knut Helle

Morgan, David L. (1988): *Focus Groups as Qualitative Research*. Sage University Paper Series on Qualitative Research Methods, 16) Sage Newbury Park, Ca

Nationen 24. januar 2002

Nationen 9. april 2002

Nationen 15. april 2002

Näsman, B. (2000): *Pappas flickor... Entreprenöriella prosesser i kvinnoföretagandets tillkomst*. Doktorgradsavhandling. Företagsekonomiska institusjonen, Stockholms Universitet

NILF (1996): *Utsyn over norsk landbruk. Tilstand og utviklingstrekk 1995*. NILF-rapport 1996:1

Norris, P. and J. Lovenduski (1995): *Political Recruitment. Gender, Race and Class in the British Parliament*. Cambridge University Press

Nyhus, L. og H. Fauske (1998): *Bevisste utdanningsvalg? Resultater fra en undersøkelse i Oppland*. ØF-rapport nr. 23/1998

Oldervold, J. (1980): "Det store oppbruddet". I: Langholm, S. & Seierstad, F. (red.): *Vandringer*. Festskrift til Ingrid Semmingsen. Aschehoug

Orderud, G.1. og K.Onsager (1998): *Flytting - mønstre og årsaker. En kunnskapsoversikt*. NIBR-prosjektrapport 1998:6

Pedersen, W. (1998): "I randsonen". *Nytt Norsk Tidsskrift* 4/1998

Pettersen, L.T. og G.A. Alsos (1998): *Hva er et kvinnerettet prosjekt? En begrepsdrøfting og et innspill til SNDs resultatrapporteringsystem*. NF-arbeidsnotat nr 1033/98

Phillips, Anne (1995): *The Politics of Presence*. Clarendon Press, Oxford

Pincus, I. (1997): "Män som hindrar och män som främjar jämställdhetsarbete". I: Jónasdóttir, Anna. G (red): *Styrssystem och jämställdhet. Institutioner i förändring och könsmaktens framtid*. Statens offentliga utredningar 1997:14

Ravenstein, E.G. (1885): "The laws of migration". *Journal of the Statistical Society*, June 1985, 167-227

Ringkjøb, H. E. (1998): "Tar partiene representativitet på alvor"? I: Offerdal, Audun og Jacob Aars (red.): *Lokaldemokratiet: Status og utfordringer. Aktuelle forskningsbidrag*. Kommunenes Sentralforbund

- Raaum, N. C. (1999): „Kvinner i offisiell politikk: historiske utviklingslinjer“. I: Bergquist, Christina m.fl. (red.): *Likestilte demokratier. Kjønn og politikk i Norden*. Oslo: Universitetsforlaget, Nordisk Ministerråd
- Scott, J. W. (1988): “Deconstructing equality-versus-difference: Or, the uses of poststructuralist theory for feminism”. *Feminist Studies* 14, no.1
- Selle, P. og B. Øymyr (1995): ”Det frivillige organisasjonssamfunnet i omforming: Vert kjønnsgapet borte?” I: Raaum, Nina C. (red.): *Kjønn og politikk*. Tano
- Skålnes, S. (2001): *Distriktskvinnescenarier 2010. Å tyde distriktsveier mot kvinneframtid*. Samarbeidsrapport NIBR/Høgskolen i Finnmark
- Spilling, O.R. (1997): ”SMB 97” – fakta om små og mellomstore bedrifter i Norge. Fagbokforlaget, Bergen
- Spilling, O.R. (red.) (1998): *Entreprenørskap på norsk*. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS, Bergen-Sandviken
- Spilling, O.R. & Berg, N.G. (1999): *Gender and small business management: the case of Norway in the 1990s*. Article submitted to International Small Business Journal
- SSB. Statistisk Sentralbyrå 1999. Likestillingsindeksen:
<http://www.ssb.no/emner/00/01/20/valgaktuelt/art-1999-08-24-01.html>
- St.meld. nr. 34 (2000-2001) *Om distrikts- og regionalpolitikken*
- Stavseng, A. E. (2001): *Livsprosjektet til ti unge menn i ein konjunkturutsett skipsindustri på Sunnmøre*. Hovedoppgåve, Institutt for Geografi, NTNU, Trondheim
- Storstad, O. og M. S. Haugen (1997): *Nøkkelinformasjon om kvinner i landbruket*. Folder utgitt i samarbeid mellom Senter for bygdeforskning og Landbruksdepartementet. Tapir. Sett i: Bye, L. M. 2000. Landbrukskvinnens hverdagsliv – en studie av kjønnet arbeidsdeling og tette boforhold. Senter for bygdeforskning. Rapport 1/00. ISSN 0802-8788
- Storvik, G.E. (1996): *Ungdom og sentralisering i bygde-Norge*. UNGforsk rapport 5/96. Oslo
- Sundin, E. og Holmquist, C. (1989): *Kvinnor som företagare : osynlighet, mångfald, anpassning*. Malmö : Liber
- Sørensen, B.A. (1982): ”Ansvarsrasjonalitet. Om mål-middel tenkning blant kvinner”. I: Holter, H. (red.): *Kvinner i fellesskap*. Oslo: Universitetsforlaget
- Sørli, K. (2001): *Kommunedemografi. Klassifisering og karakteristikk av befolkningsutviklingen i kommunene. Utsikter for det første tiåret på 2000-tallet*. NIBR prosjektrapport 2001:5
- Svanes, A. M. (1996): *Kvinner og representativitet. En analyse av sosial og substansiell representasjon mellom velgere, listekandidater og representanter i det norske lokaldemokratiet*. Hovedfagsoppgave, Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap, Universitetet i Bergen

Sørli, K. (1991): *Bosetting og levekår. En drøfting av rammer, muligheter og perspektiver*. NIBR-notat 1991:137

Sørli, K. (1995): *Flytting i ungdomsfasen. Hvilken betydning har utdanning? En undersøkelse fra ti kommuner i Møre og Romsdal*. NIBR-notat 1995:106. Oslo

Teather, E. (1994): "Contesting Rurality: Country Womens Social and Political Networks". I: Whatmore, Marsden & Lowe (eds.). *Gender and Rurality*. David Fulton Publishers. London

Vabo, S. I. og Stigen I. M. (2000): *Kommunal organisering 2000. Redegjørelse for Kommunal- og regionaldepartementets organisasjonsdatabase*. NIBR notat 2000:128

Van der Ros, J. (1997): *Et femokratisk prosjekt: Organisering av likestilling*. Forskningsrapport nr. 28, Høgskolen i Lillehammer

Vangsgraven, K. og A. Moxnes Jervell (1997): *Fra landbruk til næringsutvikling?* Rapport fra gruppeintervjuer i fem kommuner. NILF-notat 1997:7

Vangsgraven, K., A.M. Jervell og Håkon Romarheim (1997): *Utprøving og evaluering av forhold som fremmer bygdeutvikling*. NILF-rapport 1997:6

Vangsgraven, K. og A. Moxnes Jervell (1997): *Fra landbruk til næringsutvikling*. NILF-notat 1997:7

Verstad, B. og Brandth, B. (1996): *Kvinner i landbruket. Hvor langt kom vi ? I Kvinne- og kjønnsforskning innen kyst- og bygdeutvikling*. Rapport fra temaseminar i Oslo 20. november 1996. Noregs forskningsråd

Vestel, V. (1998): *Rena leir – oppvekstmiljøet i Åmot*. UNGforsk rapport 2/96. Oslo

Villa, M. (2000): "Livsfasebygda". I: Husmo, M. & Johnson, J. P. (red): *Fra bygd og fjord til kafébord ?* Tapir Akademisk Forlag, Trondheim.

Waraa, P. (1996): *Ungdom i Gränsland*. Borèa. Umeå

Wiborg, A. (1999): *Identitetshåndtering, moderniseringsprosesser og kulturelle distinksjoner: Distriktsungdom i høyere utdanning, en teoretisk gjennomgang*. NF-arbeidsnotat; nr. 1002/99. Nordlandsforskning, Bodø

Williams, C.L. (1993): *Doing "Women's work". Men in Nontraditional Occupations*. SAGE Publications

Wollebæk, D., P. Selle og H. Lorentzen (2000): *Frivillig innsats. Sosial integrasjon, demokrati og økonomi*. Fagbokforlaget

Wollebæk, D. og P. Selle (2001): "Svekket kvinnemakt? Frivillige organisasjoner i endring 1980-2000". I: Berven, Nina og Per Selle (red.): *Svekket kvinnemakt? De frivillige organisasjonene og velferdsstaten*. Oslo: Gyldendal Akademisk. Makt- og demokratiutredninga: 1998-2003

Wærness, K. (1987): "On the rationality of caring". I: Sasson, A. S. (ed.): *Woman and the State*. Hutchinson, London

Ørbeck, M. og K. Lein (2000): *Statlige overføringer og lokale økonomier. Et forprosjekt til KRDs "Effektutredning"*. ØF-rapport 2000/11

Øvrelid, B. (1996): "Mannsforskningas ulike forgreiningar". I: Holter, H. og Halsaa, B. (red.) *Hun og han : kjønn i forskning og politikk*. Pax

Ådnanes, M. (1994): *Fiskeindustrien – omstilling i sør og krise i nord ?* I Ottersted, O. og S. Jentoft (red.) *Leve kysten ? Strandhogg i fiskeri-Norge*. Ad Notam Gyldendal 1994

Aasbrenn, K. (1994): *Undersøkelse på ungdomskolen i Rendalen*. Upublisert notat, gjengitt i Storvik (1996)

Aasbrenn, K. (1995): "Regionaløkonomiske effekter av befolkningsnedgang: Undergang eller overgang for uttynningskommunene?" *Samfunnsspeilet* 4/95:38-45. Statistisk sentralbyrå

VEDLEGG 1

Prosent av vaksenbefolkninga/sluttbefolkninga

		vaksne	bof	tbf	nyl	
Bergen	Menn	5032	54	16	30	100
	Kvinner	4793	46	19	35	100
Etne	Menn	70	66	8	26	100
	Kvinner	64	23	17	60	100
Ølen	Menn	71	60	15	25	100
	Kvinner	61	25	18	58	100
Sveio	Menn	90	39	16	46	100
	Kvinner	91	18	29	53	100
Bømlo	Menn	200	64	22	15	100
	Kvinner	159	42	34	24	100
Stord	Menn	327	55	13	32	100
	Kvinner	299	38	20	42	100
Fitjar	Menn	67	48	22	30	100
	Kvinner	53	28	17	55	100
Tysnes	Menn	51	44	28	28	100
	Kvinner	42	12	42	46	100
Kvinnherad	Menn	257	63	12	26	100
	Kvinner	217	38	25	38	100
Jondal	Menn	18	53	23	23	100
	Kvinner	20	30	10	60	100
Odda	Menn	155	56	21	23	100

Ullensvang	Kvinner	156	44	19	36	100
	Menn	77	61	12	27	100
Eidfjord	Kvinner	68	19	15	65	100
	Menn	24	50	21	29	100
Ulvik	Kvinner	20	14	10	75	100
	Menn	17	36	36	29	100
Granvin	Kvinner	25	4	29	67	100
	Menn	19	47	15	37	100
Voss	Kvinner	23	18	18	63	100
	Menn	256	63	19	19	100
Kvam	Kvinner	272	45	22	33	100
	Menn	149	59	18	23	100
Fusa	Kvinner	140	37	27	37	100
	Menn	81	52	24	24	100
Samnanger	Kvinner	65	25	21	54	100
	Menn	55	46	25	29	100
Os	Kvinner	48	18	25	57	100
	Menn	289	50	14	37	100
Austevoll	Kvinner	253	25	25	50	100
	Menn	70	55	20	26	100
Sund	Kvinner	55	16	47	38	100
	Menn	97	43	20	37	100
Fjell	Kvinner	99	10	18	72	100
	Menn	391	25	14	61	100
	Kvinner	379	14	14	72	100

Askøy	Menn	378	52	20	27	100
	Kvinner	380	40	23	37	100
Vaksdal	Menn	88	66	18	16	100
	Kvinner	73	35	21	44	100
Modalen	Menn	12	45	9	45	100
	Kvinner	10	0	10	90	100
Osterøy	Menn	113	58	10	33	100
	Kvinner	113	32	32	35	100
Meland	Menn	87	28	20	52	100
	Kvinner	115	16	21	63	100
Øygarden	Menn	72	30	30	41	100
	Kvinner	57	14	29	57	100
Radøy	Menn	80	51	28	21	100
	Kvinner	70	23	24	53	100
Lindås	Menn	248	40	20	40	100
	Kvinner	203	24	21	56	100
Austrheim	Menn	54	22	26	52	100
	Kvinner	44	4	34	62	100
Fedje	Menn	7	14	59	28	100
	Kvinner	11	27	27	46	100
Masfjorden	Menn	40	29	48	23	100
	Kvinner	31	16	33	52	100